Kartlegginga vil avgjera omfanget av arbeidet som skal gjerast. Dette prosjektet omfattar rehabilitering, ombygging og nybygg. Deler av arbeidet med nybygget vil starta i 2009.

Byggearbeida er førebels kostnadsrekna til 250 mill. kr. Dei første løyvingane på til saman 22 million kroner er budsjetterte i 2017 og 2008, og det er vidare teke med 20 mill. kr kvart av åra 2009 og 2010, 30 mill. kroner i 2011 og 50 mill. kr i 2012. Sluttløyvingane er planlagt å koma etter 2012.

#### **Årsbudsjett 2010      30 000 000**

##### **FT 27/10**

Fylkestinget godkjende i juni 2010 eit tilbygg til skulen med ei kostnadsramme på 90 mill kr. Tilbygget er ein lekk i eit større rehabiliterings- og ombyggingsarbeid som skal betra arbeids- og læringsmiljøet ved skulen.

Etter at tilbygget er fullført, etter planen i 2012, vil ein halde fram med arbeid i eksisterande bygningsmasse. Løyvingar på til saman 120 mill. kr er budsjetterte i perioden 2007–2011. Forslaget for 2012 og dei etterfølgjande åra er på 50 mill. kr pr. år.

#### **FUV 189/10/ ÷ 2 000 000**

##### **FT 52/10**

Fylkestinget godkjenner at det vert bygd eit simulatorrom på taket av Bergen maritime vg skole. Til prosjektet – som får ei kostnadsramme på 9 mill kr – vert det løyvd 2 mill kr i 2010. Løyvinga til Årstad vgs vert redusert tilsvarende.

#### **Årsbudsjett 2011      50 000 000**

Fylkestinget godkjente i juni 2010 eit tilbygg til skulen med ei kostnadsramme på 90 million kr. Tilbygget er ein lekk i eit større rehabiliterings- og ombyggingsarbeid som skal betra det fysiske og psykososiale arbeidsmiljøet ved skulen. Etter at tilbygget er fullført, etter planen i 2012, vil ein halde fram med arbeid i eksisterande bygningsmasse. Det må reknast med vidare løyvingar etter 2014.

Løyvingar på til saman 42 million kr er budsjetterte i 2007, 2008, 2009. I opprinneleg budsjett 2010 er det ført opp 30 mill. kr. Forslaget for 2011 og dei etterfølgjande åra er på 50 mill. kr.

#### **Årsbudsjett 2012      50 000 000**

Fylkestinget godkjende i juni 2010 eit tilbygg til skulen med ei kostnadsramme på 90 mill. kr. Tilbygget er ein lekk i eit større rehabiliterings- og ombyggingsarbeid som skal betra arbeids- og læringsmiljøet ved skulen. Etter at tilbygget er fullført, etter planen i 2012, vil ein halde fram med arbeid i eksisterande bygningsmasse.

Løyvingar på til saman 120 mill. kr er budsjetterte i perioden 2007-2011. Forslaget for 2012 og dei etterfølgjande åra er på 50 mill. kr. pr. år.

#### **Årsbudsjett 2013      50 000 000**

Fylkestinget godkjende i juni 2010 eit tilbygg til skulen med ei kostnadsramme på 90 mill. kr. Tilbygget til Bygg C er ein lekk i eit større rehabiliterings- og ombyggingsarbeid som skal betra arbeids- og læringsmiljøet ved skulen. Etter at tilbygget er fullført i 2012, vil en halde fram med arbeid i eksisterande bygningsmasse i bygg B for deretter ta til med rehabilitering av Bygg A.

Prosjektet har også som mål å betra dei interne kommunikasjonane ved skulen, Med det nye tilbygget til Bygg C er det etablert ei innandørs samankopling til Bygg B. Det er også planlagt eit nytt tilbygg mellom Bygg A og Bygg B med ny hovudinngang til skulen. Frå den nye hovudinngangen vert då alle skuleareala samanknytt med eit innvendig kommunikasjonsareal som vert universelt utforma.

Løyvingar på til saman 170 mill. kr er budsjetterte i perioden 2007-2012. Forslaget for 2013 er på 50 mill. kr, og vidare utover i perioden er det ført opp 75 mill. kr. i 2014 og 2015 og 50 mill. kr. i 2016.

**FT 33/13****45 000 000****Utdrag:**

Ved handsaming av første del av skulebruksplanen i desember 2012 vart det vedteke å overføra elevar som ikkje har studieførebuande programfag frå Bjørgvin videregående skole og Bergens Handelsgymnas til Årstad videregående skole.

Ut frå dette må arbeidet ved Årstad videregående skole forserast slik at kapasitet og tilbod er klar til skulestart i 2014. Dette inkluderer mellom anna bygging av mellombygg, der forprosjektet vart godkjent av fylkestinget i sak 13/2013, og fullføring av rehabilitering av B-bygget.

Samla behov for budsjettauke i 2013 er på 45 mill. kr.

**Årsbudsjett 2014**

Målet med prosjektet er å betre den interne kommunikasjonen, rehabiliter bygningsmassen for å stette krava i forskrift om miljøretta helsevern og gjere skulen universelt utforma. Arbeidet byggjer på ein arealdisponeringsplan som med utgangspunkt i vedteken skulebruksplan viser korleis areala skal nyttast og trongen for tilleggsareal. Desse tiltaka vil leggje til rette for å betre arbeids- og læringsmiljøet ved skulen.

I 2012 vart tilbygget til bygg C fullført med innandørs samankopling til bygg B. Tilbygget inneheld nye kropps-øvingslokale med tilhørande garderober og generelle klasserom med grupperom. I samankoplinga mot bygg B har biblioteket fått nytt tilleggsareal.

Rehabiliteringa av bygg B er no i full gang. Til skulestart i 2013 er eit nytt auditorium med 300 plassar, nye lærararbeidsplassar og ei rehabilitert bilavdeling teke i bruk. Ved utgangen av 2014 vil det meste av areala i bygg B vera ferdig ombyggt.

Arbeidet på mellombygget mellom bygg A og B med ny hovudinngang er no starta opp, og skal vere ferdig hausten 2014. Frå den nye hovudinngangen vert då alle skuleareala knytt saman med eit innvendig kommunikasjonsareal som vert universelt utforma.

Når arbeida i bygg B og mellombygget er ferdig, vil full innvendig og utvendig rehabilitering av Bygg A starte opp. Ein planlegg at dette arbeidet skal vere avslutta i 2016.

**Nytt arkivlokale**

I underetasjen i bygg B ved Årstad videregående skole er det lokale som er ueigna for undervisning, men kan nyttast til arkiv. Fylkesarkivet som er depotinstans for fylkeskommunale arkiv har dei siste åra mangla magasinplass til oppbevaring av papirarkiv.

Fylkesrådmannen har vurdert fleire alternativ for å skaffa meir arkivplass, og vil tilrå at lokale i underetasjen på Årstad vert ombyggt til arkivlokale. Dette er eit lokale med stor takhøgde, men utan dagslys. Lokalet vil løyse fylkeskommunen sitt behov for magasinplass i åra framover (8-10 år). Riksarkivet har vurdert og godkjent lokalet som arkiv.

Kostnaden for etablering av fylkesarkiv i på Årstad er rekna til 8 mill. kr. Leige hjå IKA-Hordaland kostar årleg kr. 450,- pr. hyllemeter. Med 5 200 meter blir dette ein årleg kostnad på 2,34 mill. kr som er monaleg dyrare enn ei etablering på Årstad. Ein planlegg å ferdigstille arkivet i 2014. Kostnaden er inkludert i investeringsbudsjettet for opprustinga av Årstad videregående skole.

Samla er det budsjettert med 110 mill. kr i 2014, 50 mill. i 2015 og 125 mill. kr i 2016 – totalt 285 mill. kr.

**PS 58/14 140 000 000**

Som opplyst i rapporteringa for 1. tertial er det no utarbeida revidert plan for framdrift og økonomi. Eit nytt tiltak er flytting av tilrettelagt opplæring frå Margaretastredet på Nordnes til 4. etasje i bygg B. Den tilrettelagte opplæringa som er på Årstad vgs i dag, vert samla i 3. etg. i bygg B. Desse tiltaka har auka kostnadene for inneverande år. Fylkesrådmannen tilrår derfor å auke budsjettet med 30 mill. kr i år for å halde framdriftsplanen. Til saman er då budsjettet 140 mill. kr i 2014.

**Brev eigedom 2014 4 800 000 – Klubbhus – refusjon frå Bergen kommune**

Bakgrunnen for brevet var at fylkeskommunen, som ein del av utbyggingsprosjektet, hadde påtatt seg å byggje eit klubbhus, som Bergen kommune skulle refundere kostnaden med.

**Årsbudsjett 2015 105 000 000**

Målet med prosjektet er å betre den interne kommunikasjonen, rehabilitering bygningsmassen for å stetta krav i forskrift om miljøretta helsevern og gjere skulen universelt utforma. Arbeida bygger på ein arealdisponeringsplan som med utgangspunkt i vedteken skulebruksplan viser korleis areala skal nyttast og kva trong det er for tilleggsareal. Tiltaka legg til rette for betre arbeids- og læringsmiljø ved skulen.

Arbeidet med rehabilitering av Bygg B nærmar seg slutten. Teknisk Industriell Produksjon(TIP) har no flytta dei tunge verkstadene til 1. etasje. 5., 6. og 7. etasje i høgblokka er tekne i bruk med klasse- og spesialrom for TIP og elektro. I 2. etasje er det etablert lærararbeidsplassar og møterom. I 3. etasje som er kommunikasjonsplanet i skulen, er det no bibliotek og auditorium med 300 sitjeplassar. Det nye mellombygget mot Bygg A som også er ferdigstilt, vert ny hovudinngang for skulen godt synleg frå Fjøsangervegen. Fram til skulestart i 2015 skal ein vere ferdig med dei resterande arbeida i Bygg B. Dette gjeld base for tilrettelagt opplæring(TO), elektroavdeling (EL), lærararbeidsplassar og magasin for fylkesbiblioteket.

Arbeida med Bygg A startar våren 2015 og er planlagt ferdig til skulestart i 2016. Under byggearbeida vert skulebygget tømt og undervisinga flytta til mellom anna leigde lokale i Solheimsgaten. Bygg A skal nyttast til kantine, lærarrom, administrasjon og teknisk drift. Vidare vil utdanningsprogramma Design og handverk(DH) og Helse og oppvekst(HO) også få plass i det rehabilitererte bygget.

Ved utgangen av 2014 er det brukt til saman 405 mill. kr på prosjektet. I 2015 tilrår fylkesrådmannen å sette av 105 mill. kr og i 2016 er det sett av 90 mill. kr. Totalt er det då brukt 600 mill. kr til opprusting av Årstad videregående skole.

**PS 51/15 31 000 000****Utdrag:**

Samla forbruk til rehabilitering, ombygging og utviding av Årstad vgs vil etter det som er kostnadsført til no og ført opp i økonomiplan kome på til saman 604,8 mill. kr inkludert løyving i økonomiplan i 2016. Alle delprosjekt er i rute og arbeida er samla sett kalkulert til å ligge innanfor den vedtekne økonomiske ramma.

Hovudmåla for 2015 er å:

- Ferdigstille fløybygget bygg B, 3 og 4 etg. (Ferdigstilt)
- Ferdigstille høyblokken 4 etg. bygg B (Ferdigstilt)
- Nytt fylkesarkiv bygg B (Pågåar)
- Nytt garderobeanlegg og sykkelparkering bygg B (Pågåar)
- Ny reinholdssentral bygg B (Pågåar)

Rehabilitering av bygg A starta i april i år og vil bli ferdigstilt til sommaren 2016.

Ut frå gjeldande framdriftsplan vil ein større del av arbeida verte utført i 2015 enn det som var føresett då budsjettet vart vedteke og ein tilsvarande reduksjon vil då kome i 2016. Fylkesrådmannen vil difor tilrå at budsjettet vert auka med 31 mill. kr i 2015, frå 105 til 136 mill. kr.

Det er laga planar for vidare rehabilitering som det ikkje er vedteke finansiering for. Fylkesrådmannen vil vurdere dette nærare ved utarbeiding av budsjett- og økonomiplan for dei komande åra.

**PS 69/15                      14 000 000**

Utdrag:

Prosjektet er delt opp i fleire delprosjekt og status for arbeida er:

- Ferdigstille fløybygget bygg B, 3 og 4 etg. (Ferdigstilt)
- Ferdigstille høyblokken 4 et. Bygg B (Ferdigstilt)
- Renovering av heis bygg B (Ferdigstilt)
- Nytt garderobeanlegg og sykkelparkering bygg B (Ferdigstilling i september)
- Ny reinhaldsentral bygg B (Ferdigstilling i september)
- Nytt fylkesarkiv bygg B (Ferdigstilling i oktober)
- Rehabilitering av bygg A er i full gang og dette delprosjektet vert ferdigstilt sommaren 2016.

Framdrifta i prosjektet er svært god, og ut frå gjeldande framdriftsplan vil ein større del av arbeida verte utført i 2015 enn det som var føresett både då budsjettet vart vedteke, og budsjettet vart auka ved behandlinga av 1. tertial. Fylkesrådmannen rår difor til at budsjettet vert auka med ytterlegare 14 mill. kr i 2015, frå 136 mill. kr til 150 mill. kr. I arbeidet med budsjett for 2016 er det lagt til grunn ein tilsvarande reduksjon i løyvinga.

**Brev eig 2015                660 000**

Auke i budsjettet skuldast budsjettering av tilskot frå Enova,

**Årsbudsjett 2016            46 000 000**

Arbeidet med ombygging og rehabilitering av Bygg B er no slutført.

Arbeida med Bygg A starta våren 2015 og skal vera ferdig til skulestart i 2016. I bygg A vert det ny kantine, lærarrom og rom for administrasjon og teknisk drift. Vidare vil utdanningsprogramma Design og handverk og Helse og oppvekst også få plass i det rehabiliterte bygget. Når Bygg A står ferdig kan ein flytte ut av leigde lokale i Solheimsgaten.

For 2016 rår ein til at det vert løyvd 46 mill. kr til fullfinansiering av prosjektet.

Eventuell vidare rehabilitering av bygg C eller andre nye prosjekt ved skulen må finansierast over rammeløyvinga knytt til rehabilitering/ombygging/mindre tilbygg i skulesektoren.

**PS 42/16                      45 000 000**

Ein er i slutfasen med rehabilitering av Årstad videregående skole. Det viser seg at oppgradering av lokala som skal nyttast til tilrettelagt opplæring, garderobeanlegget i bygg B vert noko høgare enn rekna med. I tillegg er sluttarbeidet i bygg A noko meir omfattande. Samla er det forslag om å auka budsjettet med 45 mill. kr til 91 mill. kr som sluttløyving. Det har då vore gjennomført ei omfattande rehabilitering av Årstad videregående skole over fleire år. Samla har opprustinga kosta om lag 650 mill. kr

**Kommentar:**

Dette er eit prosjekt som har pågått over svært mange år, og kor ein stadig har lagt til nye tiltak undervegs.

I rekneskapen er tiltaka delt opp på følgjande måte.

<b>Tiltak / delprosjekt</b>	
Årstad vgs – generelt	14 294 223
Ombygging bygg A	176 412 702
Rehab.Høyblokken plan 4 og 5	96 404 620
TC-bygg	84 645 686
TIP plan 1	60 212 041
Omb. B-blokk via rammeavtaler	36 214 226
Mellombygg A-B	35 336 501
Bilavd, auditorium, teknisk rom	32 203 625
2.etg. - blokk B	26 200 838
Blokk B - 6.etg.	20 056 176
Avfall/renholdssentral	17 826 506
Forprosjekt/detaljprosjekt B bygget	17 375 161
Årstad vgs - tilbygg 5.etg.syd	7 982 024
Fylkesarkiv	7 968 464
Forprosjekt A bygget	6 410 653
Årstad vgs - tilbygg forprosjekt	4 647 931
Delprosjekt Bygg C	4 184 526
Årstad vgs. - 4. etg.	3 354 895
Fjernvarmeledning	3 159 524
Skallsikring/låssystemer	2 017 191
ÅRV, Toaletter B.blokken	1 450 296
Omb.sikringsskap og div.avvik,3etg.B-blokken	803 382
Anna	293 846
<b>Sum totalt</b>	<b>659 455 037</b>

Årsaka til avvik mellom brutto og netto kostnad er i all hovudsak knytt til refusjon frå Bergen kommune på 4,8 million kroner knytt til bygging av eit klubbhus som vart overdradd til kommunen som ein del av utbyggingsavtalen, samt to ulike Enova tilskot på totalt 2 184 161,- kr. Av desse er berre 660 000,- regulert inn til styrking av prosjektbudsjettet.

Dei ulike delane av prosjektet er gjort greie for gjennom dei sakene som er utarbeida i løpet av åra.

På generell basis gjeld at sjølv om det ikkje vart definert ei samla kostnadsramme ved oppstart kan ein slå fast at totalkostnaden vart høgare enn opphavleg stipulert. Dette kjem og fram av dei politiske sakene som er laga undervegs, Kostnaden pr. m<sup>2</sup> er likevel ikkje vesentleg høgare enn kva ein normalt kan forvente ved tilnærma totalrehabiliteringsprosjekt, og ut frå premissene som var lagt til grunn i prosjektet,. Ein syner her for eksempel til at der var full skuledrift og at planane har endra seg undervegs.

Om lag 50% av arbeidet er gjennomført via rammeavtaler der byggherre har hatt koordineringa av dei einskilde entreprisane og prosjekteringa. Bakgrunnen for relativ høg del på rammeavtaler var mellom anna at det var svært vanskeleg å gje gode nok beskrivingar / utarbeide gode nok konkurransegrunnlag.

Den andre halvparten har vore gjennomført via totalentreprisemodellen og todelt totalentreprise der byggherre koordinerar ei teknisk entreprise og ei bygningsmessig entreprise.

Bruk av rammeavtaler har vore gunstig i forhold til mellom anna fleksibilitet, men konklusjonen i forhold til anbudsformer er at det på så store prosjekt ikkje er gunstig med så høg bruk av rammeavtaler. Ein har på seinare prosjekt difor nytta andre avtaleformer.

I forhold til revidert budsjett / netto kostnad går prosjektet om lag i balanse. Om ein korrigerer for ikkje budsjettert Enova tilskot går prosjektet med eit lite mindreforbruk i forhold til revidert ramme.

Kostnadsføringa knytt til prosjektet vart avslutta i praksis avslutta i 2018, og ein rår til at prosjektet vert avslutta.

Jostein Fjærestad  
Eigedomsdirektør

Bjarte Molvik  
Seniorrådgjevar

Vedlegg: Rapportar



---

Saksnr: 2020/48379-8  
Saksbehandlar: Nils Egil Vetlesand

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet	134/20	18.06.2020

**Godkjenning av prosjektrekneskap - universell utforming**

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet godkjenner prosjektrekneskap for universell utforming i samsvar med tilråding frå kontrollutvalet.

Samandrag

Prosjektrekneskap for prosjekt innanfor universell utforming er lagt fram. Rekneskapen viser avvik på 3,4 mill. kr eller 2,7%. Fylkesrådmannen tilrår at prosjektrekneskapen vert godkjent.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
Fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Prosjektrekneskap for tiltak innanfor universell utforming er handsama i Kontrollutvalet.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet har vedtakskompetanse ettersom løyvinga til prosjektet er gjeve av fylkesutvalet.

Vurderingar og verknader

Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune handsama i møte 11. mai 2020 prosjektrekneskap for tiltak innanfor universell utforming.

Kontrollutvalet gav slik uttale:

1. Kontrollutvalet viser til konklusjon frå Deloitte, der det går fram at prosjektrekneskapen i det alt vesentlege er utarbeidd i samsvar med grunnlaget for rekneskapsavlegginga.
2. Utvalet har merka seg at det har teke 4 år sidan siste løyving vart gjeve og fram til prosjektrekneskapen ligg føre til politisk handsaming.
3. Kontrollutvalet oppmoder fylkesrådmannen å vurdere om rutineane på dette området er gode og dekkande nok.
4. Utvalet ber Deloitte heretter levere revisjonsmeldingar på nynorsk som er Vestland fylkeskommune sitt administrasjonsspråk.

Det går fram av vedlegga at det har kome årlege løyvingar til dette prosjektet i budsjetta i perioden 2013 - 2018. I og med at løyvingane har gått over så mange år er det vanskeleg å måle prosjektkostnaden mot ei samla kostnadsramme. Det har vidare vore endringar i perioden for korleis prosjekt innan området universell utforming har vore handtert. I prosjektperioden er det også kome strengare offentlege krav.

Fylkesrådmannen tilrår at prosjektrekneskapen vert godkjent med kostnad på 126,7 mill. kr. Meirforbruket er eit avvik på 2,8%.

**Økonomi:** Ikkje relevant

**Klima:** Ikkje relevant

**Folkehelse:** Ikkje relevant

**Regional planstrategi:** Ikkje relevant

Konklusjon

Fylkesrådmannen tilrår at prosjektrekneskapen vert godkjent.

---

Saknr: 2020/48379-3  
Saksbehandlar: Roald Breistein

---

## Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

## Godkjenning av prosjektrekneskap universell utforming - Uttale frå kontrollutvalet

### Forslag til uttale

1. Kontrollutvalet viser til konklusjon frå Deloitte, der det går fram at prosjektrekneskapen i det alt vesentlege er utarbeidd i samsvar med grunnlaget for rekneskapsavlegginga.
2. Utvalet har merka seg at det har teke 4 år sidan siste løyving vart gjeve og fram til prosjektrekneskapen ligg føre til politisk handsaming.
3. Kontrollutvalet oppmoder fylkesrådmannen å vurdere om rutinane på dette området er gode og dekkande nok.
4. Utvalet ber Deloitte heretter levere revisjonsmeldingar på nynorsk som er Vestland fylkeskommune sitt administrasjonsspråk.

### Samandrag

**Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal komme med uttale til prosjektrekneskap innan universell utforming som er lagt fram av fylkesrådmannen og som skal vidare til handsaming i fylkesutvalet.**

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

Roald Breistein  
seniorrådjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

### Vedlegg

- 1 Rekneskapsavslutning prosjekt nr. 00208 - Universell utforming
- 2 Rekneskapsavslutning prosjekt 00208 - Universell utforming
- 3 Uavhengig revisors beretning - Prosjektrekneskap prosjekt 00208 - Universell utforming

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Fylkestinget i Hordaland fylkeskommune vedtok slike nye retningslinjer i møte 12.06.2018 når det gjeld handsaming av prosjektrekneskapar:

1. *Fylkestinget godkjenner at prosjekt med budsjett ved byggestart på over 50 mill. kr skal leggast fram for godkjenning i det politiske organet som har godkjent budsjettet.*
2. *Fylkestinget godkjenner at prosjektrekneskap med budsjett ved byggestart på over 25 mill. kr og der rekneskapen har avvik på meir enn 10% samanlikna med budsjett ved byggestart, skal leggast fram for godkjenning i det politiske organet som har godkjent budsjettet.*

I saksutgreiinga til denne saka går det m.a. fram dette:

*«Den gjeldande prosedyren frå rekneskapsavslutting til godkjent prosjektrekneskap foreslår fylkesrådmannen å halde fram med. Det medfører at avslutta rekneskap vert revidert før det vert handsama i kontrollutvalet. Fylkesrådmannen utarbeider deretter sak til det organet som har fastsett budsjettet for endeleg godkjenning av prosjektrekneskapet.»*

Sekretariatet er gjort kjend med at det førebels ikkje er utarbeid tilsvarande retningslinjer for Vestland fylkeskommune og at det vil ta noko tid før dette vert gjort. Vi legg difor til grunn at retningslinjene for Hordaland fylkeskommune omtalt over vil gjelde i denne saka.

Uttalen frå kontrollutvalet skal for denne prosjektrekneskapen leggast ved sak frå fylkesrådmannen til fylkesutvalet, som gjer vedtak i saka. Sekretariatet har motteke revisoruttale til prosjektrekneskapen. I revisjonsmeldinga dagsett 29.04.2020, har Deloitte stadfesta at prosjektrekneskapen i det alt vesentlege er utarbeidd i samsvar med grunnlaget for rekneskapsavlegginga. Sekretariatet har merka seg at revisjonsmeldinga er skriva på bokmål, og ikkje på nynorsk, som er Vestland fylkeskommune sitt administrasjonsspråk.

Notat om avslutning av prosjektet, prosjektrekneskapen og revisjonsmeldinga ligg ved.

### Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å handsame slike saker, jf. kommunelova § 23-1 og Forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 3.

### Vurderingar og verknader

**Prosjekt 00208 - Universell utforming** viser eit meirforbruk i høve revidert budsjett på kr. 3 419 868 (2,70 %). Det er krevjande å finne ut kor stort avviket ville vore i høve opphavleg kostnadsramme. Fylkesrådmannen meiner at ei slik samanlikning heller ikkje vil vera relevant då det har skjedd store endringar undervegs, jf. sitat frå fylkesrådmannen sine kommentarar nedanfor. Sekretariatet har merka seg at det i dette prosjektet har gått 7 år frå første løyving vart gjeve og 4 år sidan siste løyving vart gjeve og no prosjektrekneskapen ligg føre.

Av notat om rekneskapsavslutninga (vedlegg 2) går det m.a. fram dette i fylkesrådmannen sine kommentarar:

*«Prosjektet vart starta opp som ei rammeløyving kor ein førte dei fleste tiltaka knytt til betra universell utforming. I løpet av perioden prosjektet har vore aktivt har ein imidlertid i større grad gått over til å enten integrere tiltak knytt til universell utforming i større prosjekt eller opprette dei som eigne prosjekt nr. Siste kostnadsføring på dette prosjektet var i 2018.»*

*«Med bakgrunn i at ein har gjennomført / gjennomfører tiltak som del av andre prosjekt eller som eigne løyvingar er det ikkje relevant å samanlikne kostnadsanslaget på 200 million kroner med det som er kostnadsført på dette prosjektet. Det er og slik at offentlege krav er blitt endra (skjerpa) undervegs og at der fortsatt er gjenstående behov.»*

På bakgrunn av det som går fram over kan det vera grunn til å spørja om det det er tilfredsstillande at det har teke 4 år sidan siste løyving vart gjeve og fram til prosjektrekneskapen ligg føre til politisk handsaming.

### **Konklusjon**

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet i sin uttale merkar seg at det har teke 4 år sidan siste løyving vart gjeve og fram til prosjektrekneskapen ligg føre til politisk handsaming.

Kontrollutvalet bør vidare oppmode om at fylkesrådmannen vurderer om rutinane på dette området er gode og dekkande nok for den nye fylkeskommunen. Sekretariatet tilrår elles at kontrollutvalet merkar seg konklusjonane frå Deloitte.

Det vert også tilrådd at kontrollutvalet ber Deloitte heretter levere revisjonsmeldingar på nynorsk som er Vestland fylkeskommune sitt administrasjonsspråk.

---

Vår referanse 2020/45475-1  
Dato 24.03.2020

---

Deloitte AS  
Postboks 6013 Postterminalen  
5892 BERGEN

## Rekneskapsavslutning prosjekt nr. 00208 - Universell utforming

KOSTNADSRAMME	123 287 000
Fuv 74/13	15 000 000
Fuv 282/13	8 000 000
Fuv 71/14	25 000 000
Fuv 216/14	7 000 000
Fuv 278/14	3 000 000
Fuv 60/15	15 000 000
Fuv 210/15	4 000 000
Fuv 78/16	20 000 000
Fuv 245/16	26 000 000
Forsikringsoppgjer 2015	287 000

## FINANSIERING

Finansiert bruk	126 706 868
Meirforbruk	3 419 868

Overskriding vert dekkja av totalramma.

Helge Johan Flatebø  
Rekneskapsjef

Vidar Kloster  
Spesialrådgjevar

Vedlegg: Notat frå Eigedomsavdelinga

Kopi: Sekretariat for kontrollutvalet

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift*



---

Saknr: 2020/39055-1  
Saksbehandlar Bjarte Molvik  
Dato: 21.02.2020

---

---

**Til:** ORO - Rekneskap v/Vidar Kloster

---

**Frå:** Bjarte Molvik

---

### Rekneskapsavslutning prosjekt 00208 - Universell utforming

Rekneskap:	126 706 868,-	Opphavleg kostnadsramme:	Ikkje oppgitt
		Revidert budsjett:	123 287 000,-
		Meirforbruk i prosent	2,77 %

#### Fuv 74/13 - Rehabilitering/ombygging/ mindre tilbygg i skulesektoren - Budsjettendring Nr. 2 - Løyving kr 15 000 000 Utdrag frå saka:

Fylkestinget vedtok i møte 08.12.2009 / sak 84/09 handlingsplan for universell utforming av fylkeskommunale bygg. Saka var basert på ei kartlegging som viste ca. 3000 tiltak som måtte utbetras med ein kostnadsramme på 200 mill. kr. Fram til og med 2012 er det løyvd til saman 30 mill. kr. I tillegg inngår det midlar til universell utforming i løyvingar til ombygging- og rehabiliteringsprosjekt.

I sak 36/06 Fylkesdelplanen «Deltaking for alle- universell utforming» var 2019 satt som frist for utbetring av tiltaka. Regjeringa si handlingsplan har 2025 som mål for Norge som universelt utforma. Når vedtak til ny skulebruksplan ligg føre vil ein utarbeide ein tidsplan som visar når tiltaka på bygningane til Hordaland fylkeskommune kan verte fullført.

I 2013 vil ein fortsette arbeid knytt til inngangsparti, rampar, heisar, innvendige dørar og korridorar. Arbeid med nye HC-toalett vil og halde fram. Midlane vil gå til ferdigstilling av UU-tiltak på Manger folkehøgskule, Os gymnas og Stend vgs. I 2013 vil ein starte opp med tiltak på Os vgs, Slåtthaug vgs, Knarvik vgs og Langhaugen vgs. Midlane vert også nytta til generell planlegging.

I vedtaket i sak 84/09 er fylkesrådmannen gjeve fullmakt til å prioritere/omprioritere tiltak. I denne saka ber ein difor om ei løyving på 15 mill. kr. for tiltak i 2013.

#### Fuv 282/13 - løyving kr 8 000 000,- Rehabilitering/ombygging/ mindre tilbygg i skulesektoren - Budsjettendring Nr. 6 - Løyving kr 8 000 000 Utdrag frå saka:

Fylkestinget har i sak nr. 74/2013 gjeve ei rammeløyving på 15 million kroner knytt til Universell utforming og vidareføring av arbeid knytt til inngangsparti, rampar, heisar, innvendige dørar og korridorar og HC-toalett. Tiltaka vert gjennomført både samstundes med andre bygningsmessige prosjekt og som einskildtiltak.

Som påpeikt i tidlegare planar og i Fu-sak 74/2013 er samla udekt behov svært stort. Med tanke på at det og har vore udisponerte midlar knytt til denne budsjettposten har ein funne det naturleg å prioritere tiltak innan universell utforming, og pr. 20. november er det utgiftsført om lag 20 million kroner knytt til universell utforming i år. Deler av dette forbruket har rekneskap/budsjettekniske årsaker som følgje av justert praksis knytt til regnskapsføring. Endringa gjer at kostnadar som



hadde løyvingar i fjor, men kor kostnaden har kome i år, i stor utstrekning er ført på dette prosjektet. I sum gjer dette at det er behov for ei tilleggsløyving på om lag 8 million kroner i 2013.

**Fuv 71/14 - Rehabilitering/ombygging/ mindre tilbygg i skulesektoren - Budsjettendring 2 - Løyving kr 25 000 000**

**Utdrag frå saka:**

Fylkestinget vedtok i møte 08.09.2009 i sak 84/09 handlingsplan for universell utforming, ein plan som viste ca. 3000 tiltak som måtte utbetras og som har vore førande for fylkeskommunen si satsing innanfor området. I 2013 vart det nytta om lag 25 million kroner til utbetring innanfor området, og i denne omgang rår ein til at det vert løyvd eit tilsvarande beløp for 2014.

Midla for 2014 er planlagt nytta mellom anna til tiltak på Bergen Handelsgymnas med etablering av heis, omlegging av inngang, utbetring av kantine og kommunikasjonsveggar. Det er og planlagt investeringar på Slåtthaug vgs., Stend vgs. og Langhaugen vgs. med mellom anna fokus på heis/adkomst. Nokre av tiltaka er planlagt fullført/vidareført i 2015. Som ein del av løyvinga vil ein og vidareføre / slutføre tiltak starta opp i 2013, og gjennomføre mange mindre prosjekt på ulike skular i fylket.

**Fuv 216/14 - Rehabilitering/ombygging/ mindre tilbygg i skulesektoren - Budsjettendring nr. 5 - Løyving kr 7 000 000,-**

**Utdrag frå saka:**

Fylkesutvalet løyvde i mars 2014 25 millionar kroner til ulike tiltak knytt til universell utforming. Det er i saksutgreiinga opplyst at det kan være aktuelt å kome attende med ynskje om ytterlegare løyvingar. Det har vore god framdrift knytt til slike tiltak så langt i år og så langt i år har ein kostnadsført tiltak på om lag 20 millionar kroner. Vidare er fleire tiltak i bestilling. Ein ser at det er mogleg å få gjennomført utbetringar ut over det som det pt. er løyvd til. Ein rår difor til at det blir løyvd ytterlegare 7 millionar kroner til slike formål i året. Den ekstra løyvinga vil gå til blant anna å finansiera tiltak som er naturleg å gjennomføre samstundes som ein etablerer heis i hovudbygning på Stend, Slåtthaug og Langhaugen.

**Fuv 278/14 - Rehabilitering/ombygging/ mindre tilbygg i skulesektoren - Budsjettendring nr. 7 - Løyving kr 3 000 000,-**

**Utdrag frå saka:**

Det er så langt i år løyvd 32 million kroner og nytta om lag 24 million kroner innanfor universell utforming, og mange prosjekt pågår for fullt. Vidare skal ein og starte opp arbeida ved Stord vgs. i samband med at der vert etablert karrieresenter. Gjeldande regnskapspraksis gjer at prosjektet må ta høgde for lønskostnadar til eigne tilsette. Ein rår difor til at prosjektet/formålet får auka ramme for inneverande år, og at ein løyver ytterlegare 3 million kroner til prosjektet.

**Fuv 60/15 - Rehabilitering/ombygging/ mindre tilbygg i skulesektoren - Budsjettendring nr. 1 - Løyving kr 15 000 000,-**

**Utdrag frå saka:**

Fylkestinget vedtok i møte 08.09.2009 i sak 84/09 handlingsplan for universell utforming. Planen viste ca. 3000 tiltak som måtte utbetrast og har vore førande for fylkeskommunen si satsing innanfor området. I 2013 vart det nytta om lag 25 million kroner og i 2014 vel 30 million kroner til utbetring innanfor området. I denne omgang rår ein til at det vert løyvd 15 million kroner til formålet i 2015. Midlane for 2015 er planlagt nytta mellom anna til vidareføring av tiltak knytt til heis med tilhøyrande ombyggingar på Stord vgs., Stend vgs, Norheimsund vgs. og Øystese Gymnas. Vidare vil ein gjennomføre mindre prosjekt på andre skular i fylket.

**Fuv 210/15 - Rehabilitering/ombygging/ mindre tilbygg i skulesektoren - Budsjettendring nr. 4 - Løyving kr 4 000 000,-**

**Utdrag frå saka:**

Det er så langt i år løyvd 15 million kroner til universell utforming, dei største delprosjekta her er knytt til Stord vgs., Stend vgs., Norheimsund vgs og Øystese Gymnas. Desse prosjekta har god framdrift, og ein ser at ein kan få gjennomført noko meir enn opphavleg planlagt i 2015 dersom det vert løyvd ytterlegare midlar til prosjekta. Dei udekkja behova innan området er framleis store, og ein rår til at ein og får løyving til å starte opp utbetringar ved Odda Gymnas. Samla rår ein til at det vert løyvd ytterlegare 4 million kroner til Universell utforming i 2015.

**Fuv 78/16 - Rehabilitering/ombygging/ mindre tilbygg i skulesektoren - Budsjettendring nr. 1 Løyving kr 20 000 000,-**

**Utdrag frå saka:**

Gjeldande samleprosjekt knytt til utbetring av universell utforming har pågått sidan 2013. Samla er det løyvd 77 million kroner til prosjektet ved årsskifte 2015/2016. Av pågåande prosjekt var det i hovudsak prosjekt ved Stord vgs og ved Norheimsund vgs. som ikkje var fullførte. Ein rår til at det for i denne omgang vert løyvd midlar til å halde fram med dei to prosjekta samt til å dekkje eit meirforbruk som prosjektet hadde ved årsskifte. Meirforbruket ved årsskifte skuldast mellom anna større framdrift enn forutsett og at ein for fleire av prosjekt har utvida arbeidet med utbetring av universell utforming til også å omfatte andre mindre bygningsrelaterte utbetringar / oppgraderingar. Samla kostnad med å fullføre pågåande prosjekt er pt. ikkje klar men ein rår til at det no vert løyvd 20 million kroner til prosjektet frå rammeløyvinga i 2016.

**Fuv 245/16 - Rehabilitering/ombygging/ mindre tilbygg i skulesektoren - Budsjettendring nr. 2 Løyving kr 26 000 000,-****Utdrag frå saka:**

Gjeldande samleprosjekt knytt til utbetring av universell utforming har pågått sidan 2013. Det er tidlegare i år løyvd 20 million kroner til vidareføring av pågåande prosjekt. I tertialrapporteringa er det rapportert om meirforbruk knytt til dette prosjektet. I hovudsak skuldast meirforbruk at prosjekt har blitt meir omfattande enn det var lagt til grunn i opphavlege planar, i forhold til løyvinga for 2016 var det og slik at ein tok med seg eit akkumulert meirforbruk frå tidlegare år.

For inneverande år har det i hovudsak vore utført arbeid knytt til prosjekt i Norheimsund vgs. og på Stord. vgs.. Begge desse prosjekta er no i ein slutfase. Samla for å dekke opp for tidlegare års meirforbruk og forbruk i 2016 viser kalkyler at det er behov for 46 million kroner. Av desse er 20 million kroner løyvd tidlegare, og det vert rådd til at dei siste 26 million kronene vert løyvd no.

**Forsikringsoppgjær vatnskade: Refusjon 287 000,-.**

Ved Norheimsund vgs. Fekk ein vatnskadar i august 2015. Dette var samstundes med at ein gjennomførte tiltak knytt til universell utforming på bygget, og utbetringa av skaden vart difor koordinert med det pågåande prosjektet. Etter noko diskusjon med forsikringsselskapet var ein enig om eit oppgjær og prosjektet vart kompensert med 0,287 mill. kroner.

**Kommentar:**

Prosjektet vart starta opp som ei rammeløyving kor ein førte dei fleste tiltaka knytt til betra universell utforming. I løpet av perioden prosjektet har vore aktivt har ein imidlertid i større grad gått over til å enten integrere tiltak knytt til universell utforming i større prosjekt eller opprette dei som eigne prosjekt nr. Siste kostnadsføring på dette prosjektet var i 2018.

Einingane kor ein har kostnadsført mest midlar på er:

Norheimsund vgs.	28 981 252
Stord vgs.	25 393 547
Stend vgs.	22 984 006
Os vgs.	12 187 399
Langhaugen vgs.	10 101 901
Slåtthaug vgs.	7 134 491
Manger folkehøgskole	6 616 783

Med bakgrunn i at ein har gjennomført / gjennomfører tiltak som del av andre prosjekt eller som eigne løyvingar er det ikkje relevant å samanlikne kostnadsanslaget på 200 million kroner med det som er kostnadsført på dette prosjektet. Det er og slik at offentlege krav er blitt endra (skjerpa) undervegs og at der fortsatt er gjenståande behov.

Sjølv om det er behov for utbetringar knytt til universell utforming er det ikkje naturleg at dette prosjektet vert vidareført i Vestland fylkeskommune.

Arbeidet med å oppdatere status / videre behov for tiltak blir vidareført i eige prosjekt. Når det prosjektet er fullført vil ein ha ein grunnlag for å legge fram ein revidert handlingsplan.

Ein rår difor til at prosjektet vert avslutta slik det no ligg føre.

Jostein Fjærestad  
Eigedomsdirektør

Bjarte Molvik  
Seniorrådgjevar

Vedlegg: Rapportar

Til Fylkesutvalget

## UAVHENGIG REVISORS BERETNING TIL PROSJEKTREGNSKAP

### *Konklusjon*

Vi har revidert prosjektregnskapet til Vestland fylkeskommune for prosjekt 00208 «Universell utforming». Prosjektregnskapet består av oppstilling over inntekter og utgifter per 24. mars 2020. Prosjektet har hatt en kostnadsramme på totalt kr 123.287.000. Totale utgifter i prosjektregnskapet utgjør kr 126.706.868. Prosjektregnskapet er avsluttet med et merforbruk på kr 3.419.868 i forhold til vedtatt kostnadsramme.

Etter vår mening er prosjektregnskapet til Vestland fylkeskommune for prosjektet «Universell utforming» i det alt vesentlige utarbeidet i samsvar med grunnlaget for regnskapsavleggelse.

### *Grunnlag for konklusjonen*

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder de internasjonale revisjonsstandardene International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet i *Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av prosjektregnskapet*. Vi er uavhengige av fylkeskommunen slik det kreves i lov og forskrift, og har overholdt våre etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

### *Presisering - Grunnlag for regnskapsavleggelse og begrenset distribusjon*

Prosjektregnskapet er utarbeidet for å gi informasjon til Vestland fylkeskommune. Prosjektregnskapet er derfor ikke nødvendigvis egnet for andre formål. Vår uttalelse er kun beregnet på Vestland fylkeskommune og skal ikke distribueres til andre parter.

### *Ledelsens ansvar for prosjektregnskapet*

Ledelsen er ansvarlig for utarbeidelsen av prosjektregnskapet, og for slik intern kontroll som ledelsen finner nødvendig for å muliggjøre utarbeidelsen av et prosjektregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

### *Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av prosjektregnskapet*

Vårt mål med revisjonen er å oppnå betryggende sikkerhet for at prosjektregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke økonomiske beslutninger som brukerne foretar basert på prosjektregnskapet.

Som del av en revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, utøver vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentlig feilinformasjon i regnskapet, enten det skyldes misligheter eller utilsiktede feil. Vi utformer og gjennomfører revisjonshandlinger for å håndtere slike risikoer, og innhenter revisjonsbevis som er tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon som følge av misligheter ikke blir avdekket, er høyere enn for feilinformasjon som skyldes utilsiktede feil, siden misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatelser, uriktige fremstillinger eller overstyring av intern kontroll.
- opparbeider vi oss en forståelse av den interne kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av fylkeskommunens interne kontroll.
- evaluerer vi om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskaps-estimatene og tilhørende noteopplysninger utarbeidet av ledelsen er rimelige.

Vi kommuniserer med fylkeskommunen blant annet om det planlagte omfanget av revisjonen og til hvilken tid revisjonsarbeidet skal utføres. Vi utveksler også informasjon om forhold av betydning som vi har avdekket i løpet av revisjonen, herunder om eventuelle svakheter av betydning i den interne kontrollen.

Bergen, 29. april 2020  
Deloitte AS

**Bjarne Ryland**  
statsautorisert revisor

# PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur".  
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

**Bjarne Ryland**

Statsautorisert revisor

Serienummer: 9578-5993-4-2318195

IP: 217.173.xxx.xxx

2020-04-29 06:22:00Z



Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

#### Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <penneo@penneo.com>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validate>

---

Saksnr: 2020/46327-6  
Saksbehandlar: Nils Egil Vetlesand

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet	135/20	18.06.2020

**Disponering av rekneskapsoverskot - koronatiltak - ekstern støtte**

Forslag til vedtak:

1. Fylkesutvalet viser til fullmakt frå fylkestinget om disponering av 35,8 mill. kr av rekneskapsoverskotet for 2019 til støtte til eksterne tiltak i samband med koronapandemien.
2. Fylkesutvalet godkjenner at summen vert delt mellom hovudutvala for Næring og Kultur, idrett og inkludering med ein halvpart på kvart utval.
3. Hovudutvala får fullmakt til å fordele midlane etter eigne tildelingskriteria.

Samandrag

I samband med godkjenning av rekneskapane for 2019 for Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar (PS 35/20) vedtok fylkestinget å setje av 35,8 mill. kr av rekneskapsoverskotet til eksterne tiltak for verknadene av koronapandemien.

Fylkestinget gav fylkesutvalet fullmakt til å fordele summen til Hovudutval for næring og Hovudutval for Kultur, idrett og inkludering.

Fylkesrådmannen foreslår at summen vert delt mellom hovudutvala med ein halvpart på kvart utval.

Rune Haugsdal  
Fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
Fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I samband med godkjenning av rekneskapane for 2019 for Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar (PS 35/20) vedtok fylkestinget å setje av 35,8 mill. kr av rekneskapsoverskotet til eksterne tiltak for verknadene av koronapandemien.

Fylkestinget gav fylkesutvalet fullmakt til å fordele summen til Hovudutval for næring og Hovudutval for Kultur, idrett og inkludering og gjorde slikt vedtak:

«Fylkestinget gir fylkesutvalet fullmakt til å fordele avsetning frå disposisjonsfond (korona-situasjonen; ekstern støtte MNOK 35,8) til hovudutvala for Næring og innovasjon jf. PS 80/20 og Kultur, idrett og integrering jf. PS 49/20.

Hovudutvala får fullmakt til å fordele midlane vidare etter eigne kriteria for tildeling.»

Bakgrunnen for at desse to hovudutvala er peika spesielt på, er fylkestingssakene 49/20 Koronautbrotet - omfang, konsekvensar og tiltak i høve kultur, idrett og inkludering i Vestland pr. juni 2020 og sak 80/20 Ekstraordinære tiltak korona, disponering av overskot 2019.

Fylkestingssakene 49/20 og 80/20 peikar på verknadene pandemien har hatt innanfor desse hovudutvala sine ansvarsområde.

Fylkesrådmannen foreslår ut frå dette at den disponible summen på 35,8 mill. kr vert fordelt med ein halvpart på kvart av hovudutvala.

Fylkesrådmannen viser til fylkestinget sitt vedtak og legg til grunn at det vert utarbeidd eigne kriterium for tildeling av midlane.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet etter fullmakt frå fylkestinget.

Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Tilskota vil hjelpe nærings- og kulturorganisasjonar og tiltak med verknadene av koronapandemien.

**Klima:** Ikkje relevant

**Folkehelse:** Ikkje relevant

**Regional planstrategi:** Ikkje relevant

Konklusjon

Fylkesrådmannen foreslår å fordele summen på 35,8 mill. kr til tiltak mot koronapandemien til Hovudutval for næring og Hovudutval for kultur, idrett og integrering med ein halvpart på kvart utval.



---

Saknr: 2020/41557-8  
Saksbehandlar: Kenth Rune Teigen Måren

---

## Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for opplæring og kompetanse	30/20	02.06.2020
Fylkesutvalet	136/20	18.06.2020

## Fråværsreglement for dei vidaregåande skulane i Vestland

Forslag til vedtak

Hovudutval for opplæring og kompetanse tek saka til vetande på grunnlag av at det ikkje er eit lovkrav om felles fråværsreglement.

### Saksprotokoll 02.06.2020 - hovudutval for opplæring og kompetanse

**Rasmus Laupsa Rasmussen, A**, sette på vegner av A, Sp, Sv, MDG og KrF fram slikt forslag (a):

«Tillegg:

Nytt punkt 6.6

Politisk arbeid definerast som deltaking på aktivitet i regi av eit politisk parti, ungdomsparti, politisk organisasjon eller interesseorganisasjon, anten som deltakar eller som arrangør.»

**Pauline Tomren, MDG**, sette på vegner av MDG, A, Sp, Sv og KrF fram slikt forslag:

«Tillegg:

Teksttillegg til fråværsdokumentet:

- Dette skrevet er berre ei kortfatta oppsummering av fråværsreglane til fylkeskommunen. I nokre tilfelle gjeld andre krav til dokumentasjon, og det finst meir utfyllande informasjon om kva som er gyldig/ugyldig fråvær enn det som kjem fram i dette skrevet. Det kan også vere fleire tilfelle som gir grunnlag for å slette fråvær frå vitnemålet enn det som står her. Dei fullstendige retningslinjene finn du på utdanningsdirektoratet si

heimeside: <https://www.udir.no/regelverkstolkninger/opplaring/Vitnemal/fravarsgrense---udir-3-2016/> «

**Rasmus Laupsa Rasmussen, A**, sette fram slikt forslag (b):

«Alternativ:

Utvalet visar til reglement lagt fram i RS 11/20 og vedtek reglementet.»

**John Andre Kongsvik, H**, sette på vegner av H og Frp fram slikt forslag:

«Saka vert utsett.»

### Avrøysting utsetjingsforslag:

Kongsvik sitt forslag fekk fem røyster (H, Frp og FNB) og falt.

**Rasmus Laupsa Rasmussen, A**, sette fram slikt forslag (c) :

«Tillegg:

Saka går vidare til handsaming i fylkesutvalet og fylkestinget.»

### Avrøysting

Rasmussen sitt forslag (a) og (b), med Tomren sitt forslag fekk 10 røyster ( A, Sp, Sv, KrF, MDG og R) og vart vedteke mot 5 røyster (H, Frp, FNB) for fylkesrådmannen sitt forslag.

Rasmussen sitt forslag ( c ) vart samrøystes vedteke.

**Vedtak**

1. Utvalet visar til reglement lagt fram i RS 11/20 og vedtek reglementet med slike tillegg.

Nytt punkt 6.6

Politisk arbeid definerast som deltaking på aktivitet i regi av eit politisk parti, ungdomsparti, politisk organisasjon eller interesseorganisasjon, anten som deltakar eller som arrangør.

Til fråværsdokumentet:

Dette skrivet er berre ei kortfatta oppsummering av fråværsreglane til fylkeskommunen. I nokre tilfelle gjeld andre krav til dokumentasjon, og det finst meir utfyllande informasjon om kva som er gyldig/ugyldig fråvær enn det som kjem fram i dette skrivet. Det kan også vere fleire tilfelle som gir grunnlag for å slette fråvær frå vitnemålet enn det som står her. Dei fullstendige retningslinjene finn du på utdanningsdirektoratet si

heimeside: <https://www.udir.no/regelverkstolkninger/opplaring/Vitnemal/fravarsgrense---udir-3-2016/> «

2. Saka går vidare til handsaming i fylkesutvalet og fylkestinget.

**Samandrag**

Saka gjeld unntaksgrunnar i §3-47 *Føring av fråvær i vidaregåande opplæring* i forskrifta til opplæringslova.

Det er ikkje eit lovkrav at det må utarbeidast felles fråværsreglement for dei vidaregåande skulane.

Bakgrunnen for at fylkesdirektøren har utarbeida felles eit fråværsreglement er å sikre likehandsaming og å hjelpe elevar og skular i å orientere seg i eit til dels krunglete regelverk.

Bjørn Lyngedal  
Fylkesdirektør

Kenth Rune Teigen Måren  
Seksjonsleiar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Hovudutval for opplæring og kompetanse fekk i RS-sak 11/2020 framlagt felles fråværsreglement for dei vidaregåande skulane i Vestland. I handsaminga av saka vart det reist spørsmål til korleis en skal tolke unntaksgrunnar i §3-47 i forskrifta til opplæringslova. Eit samrøystes utval gjorde vedtak om at fylkesdirektøren utarbeide ei politisk sak om felles fråværsreglement for dei vidaregåande skulane i Vestland.

### Vurdering og konklusjon

Det er ikkje eit lovkrav å ha eit felles fråværsreglement for dei vidaregåande skulane. Fylkesdirektøren har valt å utarbeide eit fråværsreglement for å samle gjeldande reglar på ein stad for å gjere regelverket meir oversiktleg for elevar og lærar. Fylkesdirektøren skal i tillegg utarbeide retningslinjer som skal ligge ved fråværsreglementet. Retningslinjene skal gi rektorane bistand i korleis unntaksgrunnane i forskrift til opplæringslova § 3-47 skal verte tolka . Fråværsreglementet skal gjelde for alle skulane i Vestland fylkeskommune frå 1. august 2020, retningslinjene skal vere klare til same dato. Hovudutval for opplæring og kompetanse vil få lagt fram desse retningslinjene som ei referatsak.

Utvalet føreslår at elevane berre kan deles inn i grupper etter kjønn dersom det er særleg tungtvegande grunner til å gjere det, sjå forslag til § 13-2 fjerde avsnitt. Fylkesrådmannen er einig i utvalet sitt forslag, men ber om at «særleg tungtveiende grunner» vert presisert. Her vil skulane ha behov for rettleiing.

Utover dei presiseringane som er nemnd over støttar fylkesrådmannen utvalet sine vurderingar og forslag når det gjeld organisering av opplæringa.

**Kapittel 28 - Opplæring der lærar ikkje er til stades saman med elevane (fjernundervisning)**

I dette kapitlet vurderer utvalet om opplæringa skal kunne verte gjennomført som fjernundervisning, og under kva føresetnader.

Dagens opplæringslov opnar for fjernundervisning i enkelte tilfelle og det er uklart om det elles er tillate. Fjernundervisning er ein måte å organisere undervisning på der eleven og læraren ikkje er fysisk til stades same stad, men har kontakt gjennom tekniske hjelpemiddel. I dag skjer fjernundervisning som oftast som nettundervisning. Utvalet sitt forslag er ei klargjering og ønske om ein presisering av gjeldande regelverk. Utover dei høva der fjernundervisning eksplisitt er tillate, er ikkje fjernundervisning regulert i opplæringslova.

Utvalet meiner difor det er behov for å klargjere i kva tilfelle opplæringa kan bli gjennomført utan at lærar og elevane er fysisk til stades på same sted.

Utvalet sitt forslag er at det skal vere tillate å gjennomføre opplæringa utan at læraren er fysisk til stades samen med eleven som får opplæring, dersom læraren og eleven kan kommunisere effektivt med tekniske hjelpemiddel, og kommunen dessutan kan godtgjere at det er gode grunnar for å organisere opplæringa slik, og at opplæringa er trygg og pedagogisk forsvarleg, sjå forslag til § 13-3.

#### Fylkesrådmannen sine vurderingar

Fylkesrådmannen støttar i all hovudsak utvalet sine vurderingar og forslag når det gjeld opplæring der lærar ikkje er til stades saman med elevane (fjernundervisning).

### **Kapittel 29 Vidaregåande opplæring i bedrift.**

I dette kapittelet har utvalet vurdert forhold som er særøigne for fagopplæringa.

Dette gjeld særleg godkjenning av lærebedrifter og rettar og plikt for lærlingar, lærebedrifter og fylkeskommunen. Utvalet har også vurdert spørsmålet om ein lovfesta rett til læreplass.

Stort sett er det ein vidareføring av gjeldande rett, men med nokre endringar. Mellom anna føreslår utvalet å forenkle lovtekst og heller ha ordningar som gjeld mindre grupper kandidatar i forskrift til opplæringslova. Utvalet har føreslått å ikkje lovfeste opplæringskontora sin rolle og å ikkje vidareføre lærekandidatar sin rett til spesialundervisning.

#### Fylkesrådmannen sine vurderingar

Fylkesrådmannen er stort sett einig i utvalet sine forslag. Fleire opplæringskontor i Vestland fylkeskommune har sendt inn innspel til høyringa. Fylkesrådmannen støtter fleire av momenta og har tatt desse med i høyringssvaret. Alle innspela frå opplæringskontora er også lagt som vedlegg til høyringssvaret.

Eit av forslaga til utvalet er at retten til spesialundervisning for lærekandidatar ikkje vert vidareført.

Fylkesrådmannen er ikkje einig i dette forslaget. Fylkesrådmannen ønsker at retten til spesialundervisning for lærekandidatar vert vidareført og at lærlingar også bør kunne få spesialundervisning. Opplæring i skule og opplæring i bedrift er likeverdige opplæringsarenaer. Det bør vere ein lovfesta rett for lærlingar og bedrifter til å få hjelp både i individ- og systemsaker.

I framlegg til ny opplæringslov fell omgrepet lærekandidat vekk. Det at dei som i dag blir kalla lærekandidatar heller ikkje vil ha lovfesta rett til spesialundervisning lenger, vil medføre at desse personane blir meir utfordrande å formidle til opplæring i bedrift. Utan øyremerka midlar til lærekandidatane vil dei få ein endå vanskelegare overgang til arbeidslivet. Fylkesrådmannen les av framlegget at meir skule kan vere ei alternativ løysing for desse personane, men erfaring tilseier at dette er eit dårleg alternativ. Sjansen for å lukkast er større om dei kjem tidleg ut i arbeidslivet, med ein god plan for opplæringa. Erfaringa med lærekandidatordninga er svært god i dei fylka som har teke den i bruk fullt ut. Yrkesfagleg fordjuping er særst viktig for denne gruppa med elevar, slik at dei kan finne sine styrker og knyte kontakt med arbeidslivet.

Eit anna forslag frå utvalet er at det ikkje skal vere ein terskel for heving av kontrakten om opplæring etter ønske frå lærlingen, sjå forslag til § 8-3 andre avsnitt . Fylkesrådmannen støtter dette forslaget og er einig i at det er tilstrekkeleg at fylkeskommunen skal sjå til at partane er samde om sluttdato.

Utvalet føreslår at opplæringslova ikkje skal gi saksbehandlingsregler for hevingssaker, irekna at det ikkje er ein lovfesta rett til å uttale seg munnleg før det vert fatta vedtak om heving . Fylkesrådmannen meiner det er viktig at lærlingen får rett til å uttale seg slik at fylkeskommunen har plikt til å undersøke om hevinga er reell. Opplæring i skule og opplæring i bedrift er likeverdige

arenaer. I skule får eleven sluttsamtale, sjå forskrift til opplæringslova kapittel 22. Ved heving bør det vurderast om rådgjevingsplikta er oppfylt og forskrift til opplæringslova 22-1 bør òg omfattast til å gjelde lærlingar.

Utvalet føreslår å endre ordlyden slik at yrkesopplæringsnemndene sitt råd ikkje lenger skal ha avgjerande vekt. Fylkesrådmannen meiner at yrkesopplæringsnemndene ikkje må miste mynde til å ta avgjerder. Det er behov for eit partssamansatt organ i kvart fylke. Vidare meiner fylkesrådmannen at fylkeskommunen gjennom yrkesopplæringsnemnda framleis må godkjenne lærebedrifter.

Vidare har utvalet føreslått å endre nemninga fagprøve til prøve. Fylkesrådmannen føreslår fagprøve som fellesnemning for alle som får fagopplæring i bedrift. Ordet prøve er for generelt, og fagopplæringa bør ha ei eiga nemning for sluttdokumentasjon, på lik line med skulen sin eksamen.

#### Om opplæringskontor

Utvalet føreslår at opplæringskontor ikkje vert regulert i opplæringslova, og dermed heller ikkje kan verte godkjent som lærebedrift. Fylkesrådmannen støttar ikkje dette forslaget. Fylkesrådmannen føreslår at opplæringskontor vert omtala i ein eigen paragraf i opplæringslova og at dei skal søkje om å bli godkjent av fylkeskommunen. Det er uheldig at dei i dagens lov er regulert som lærebedrift. Det skapar uklare ansvarsforhold mellom opplæringskontor og medlemsbedrift. Der det skal regulerast, må rollene til opplæringskontor, medlemsbedrift og lærebedrift tydeleggjerast.

Det må stå kven som har ansvar for kva. Alle må ha ei sjølvstendig godkjenning frå fylkeskommunen. Som ein konsekvens av forslaget til utvalet vil opplæringskontora ikkje lenger ha høve til å teikne lærekontraktar på vegne av sine medlemsbedrifter, og bedrifta vil miste den formelle, faglege og administrative støtta som eit medlemskap gir. Opplæringskontora må difor framleis kunne teikne kontraktar og ta vare på det juridiske ansvaret. Medlemsbedriftene er hovudsakleg små og mellomstore verksemder med under 100 tilsette som ønsker assistanse til å vidareutvikle og kvalitetssikre si lærlingordning. Fylkesrådmannen meiner at forslaget difor må avvisast slik det no er formulert.

Utvalet føreslår vidare at kravet om at internkontrollen skal bli gjennomført av den faglege leiaren i samarbeid med representantar for arbeidstakarane, vert erstatta av eit krav om at representantar for arbeidstakarane skal få ta del i arbeidet med internkontroll, sjå forslag til § 8-11.

Der bedriftene er medlem av opplæringskontor, tilrår fylkesrådmannen at opplæringskontoret får ta del i arbeidet med internkontroll rundt tilrettelegging av opplæring og vurdering av lærling. Med opplæringskontoret som ansvarleg part for lærekontrakt, vil kontoret ha ansvaret for at gjeldande lover og forskrifter for fagopplæring vert følgde av medlemsbedriftene

### **Kapittel 31 Universell opplæring og individuell tilrettelegging**

Dette kapittelet handlar om dagens føresegn om tilpassa opplæring og spesialundervisning og forslag til ny regulering av disse tema, inkludert ny terminologi.

Retten til spesialundervisning er ein sentral rett i opplæringslova, og rettane er meint å vere eit sikkerheitsnett for elevar som ikkje får tilfredsstillande utbytte av den tilpassa opplæringa og difor har behov for ytterlegare tilrettelegging. Undersøkingar viser at det er fleire utfordringar med dagens tilbod til barn og unge med behov for slik tilrettelegging i skulen. Utfordringane er beskrive og drøfta i ein rekke rapportar, meldingar til Stortinget og NOU-ar. Det er brei einigheit om at

- mye av spesialundervisninga blir gitt av personar som ikkje oppfyller opplæringslova sitt krav til fagleg og pedagogisk kompetanse
- spesialundervisning verkar sosialt stigmatiserande for mange barn
- mange barn får hjelp for seint
- PP-tenesta utfører oppgåver som er knytt til kompetanse- og organisasjonsutvikling, berre i avgrensa omfang

Det er grunn til å tru at desse problema ikkje nødvendigvis eller berre skuldast regelverket, men korleis regelverket vert implementert og praktisert.

Spesialundervisning er etter utvalet si meining ein upresis og utdatert nemning. Uttrykket gir inntrykk av at det berre omfattar undervisning, og at den undervisninga som vert gitt, er spesiell. Dette harmonerer dårleg med den faktiske situasjonen. Utvalet føreslår at universell opplæring vert innført som ny nemning for tilpassa opplæring og at individuelt tilrettelagt opplæring vert innført som ny nemning for spesialundervisning.

Ved å endre nemningane som nemnt ovanfor, får man same ordpar som i likestillings- og diskrimineringsloven: universell og individuell. Utvalet føreslår også at forsterka innsats vert innført som ny nemning, og at slik opplæring delvis skal erstatte innhaldet i dagens føresegn i opplæringslova § 1-4 om intensiv opplæring.

Utvalet føreslår at (1) universell opplæring, (2) forsterka innsats og (3) individuelt tilrettelagt opplæring vert innført som nye nemningar, sjå forslag til §§ 10-1, 10-2 tredje avsnitt og 10-3, at forsterka innsats skal gjelde all opplæring og ikkje berre lesing, skiving og rekning.

#### Fylkesrådmannen sine vurderingar

Fylkesrådmannen støttar tredelinga. Det er vår vurdering at PPT berre skal skrive sakkunnig uttale knytt til (3) individuelt tilrettelagt opplæring.

Forslaget frå utvalet er at forsterka innsats skal gjelde for elevar på alle trinn, og at den kan vare i ein kort periode og i lengre periodar. Fylkesrådmannen støttar at forsterka innsats kan vere pedagogiske vurderingar gjort i skule for kortare periode. Fylkesrådmannen støttar ikkje at elevar skal få forsterka innsats over lengre periodar, med til dømes eineundervisning, opplæring med eigne planar og opplegg. Ved lengre tilbod som inneber avvik med avvikande organisering og innhald må det vere samtykke frå elev og føresette. Fylkesrådmannen sin vurdering er at det må vere klare anbefalingar om kor lenge ein elev kan ha forsterka tilbod. Skulen må ha tett dialog med heim og elev ved forsterka innsats. Det må vere informasjonsplikt til føresette om forsterka innsats i grunnskulen. I vidaregåande opplæring held det at elev samtykker.

Eit anna av utvalets forslag er at dagens føresegn om opplæring av elevar med behov for alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK) ikkje vert vidareført. Fylkesrådmannen si vurdering er at retten til alternativ og supplerande kommunikasjon må komme fram gjennom sakkunnig vurdering om individuelt tilrettelagt opplæring.

Vidare føreslår utvalet at kravet om at kvar kommune og fylkeskommune skal ha ein PP-teneste vert vidareført sjå forslag til § 10-12. Fylkesrådmannen støttar lovforslaget om å vidareføre lova. Det er eit behov for å formalisere kompetansekrav til dei tilsette i PP- tenesta, samt lovfeste ein bemanningsnorm.

Fylkesrådmannen er samd i at PP-tenesta sitt mandat vert utvida, slik at arbeid ikkje berre skal rettast mot elevar med «særlege behov». Hovudvekt av PP-tenesta sitt mandat må likevel rettast mot elevar som har behov for forsterka innsats og individuelt tilrettelagt opplæring.

Fylkesrådmannen støttar elles dei andre vurderingane og forslaga til utvalet når det gjeld universell opplæring og individuell tilrettelegging.

### **Kapittel 32 Opplæringspråk, skriftsspråk, læremidlar og digital læringsanalyse**

Fylkesrådmannen har her valt å berre kommentere momentet om læremidlar og digital læringsanalyse då resten av kapittelet stort sett omhandlar grunnskule.

Utvalet har drøfta det rettslege grunnlaget for at skulen skal kunne behandle personopplysningar i forbindelse med digital læringsanalyse. Utvalet har ikkje som mål å ta stilling til kva for digitale læremidlar som er lovleg å bruke, korleis konkrete behandlingsaktiviteter som er lov eller korleis konkrete personopplysningar som kan behandlast.

Dagens regulering består i hovudsak av ulike krav til forsvarleg bruk i opplæringslova og reglane i personopplysningsloven. Truleg er dette tilstrekkelege rammar på lovnivået. Det er likevel behov for å sjå samla på bruken av digital læringsanalyse og i samband med det også behovet for å gi åtferdsnormer for bruken av slike innan grunnopplæringa. Det er klart at ein slik vurdering krev omfattande arbeid.



### Fylkesrådmannen sine vurderingar

Forslaget til utvalet er at regjeringa setter ned eit offentleg utval som skal vurdere bruk av digital læringsanalyse i skulen. Fylkesrådmannen er einig i forslaget.

### **Kapittel 33 - Opplæring i og på dei samiske språka**

I kapittel 6 i dagens opplæringslov vert retten til samiskopplæring i både grunnskulen og vidaregåande opplæring regulert. Når det gjeld samiskopplæring i vidaregåande skule etter dagens regelverk, har ingen elevar i vidaregåande ein individuell rett til opplæring på samisk.

Utvalet viser innleiingsvis til at vi har eit særleg ansvar for å vareta omsynet til samane, som ein konsekvens av internasjonale konvensjonar og nasjonale reglar. Utvalet meiner at skulen har ei avgjerande rolle for å sikre viktige rettar for samane og føreslår difor hovudsakleg ei vidareføring av gjeldande regelverk. I tillegg har utvalet vurdert enkelte styrkingar av rettane mellom anna med ei utviding av rett til samisk opplæring i vidaregåande for ikkje-samiske elevar. Samtidig føreslår utvalet ei avgrensing av tal elevar utanfor samiske forvaltningsområde som kan få opplæring i samisk.

### Fylkesrådmannen sine vurderingar

Fylkesrådmannen er ikkje einig i at det skal vere ei avgrensing av tal elevar utanfor samiske forvaltningsområde som kan få opplæring i samisk. Fylkesrådmannen vurderer at retten til opplæring i samisk utanfor samiske forvaltningsområde bør gjelde uavhengig av kor mange elevar i kommunen som ønsker slik opplæring. Dette er mellom anna i tråd med innspelet frå Sametinget. Avgjerda bør ligge lokalt hos kommunen. Til samanlikning kan ein til dømes sjå til Sverige der skulen har plikt til å tilby slik opplæring dersom det er minst éin elev som ønsker opplæring i eit minoritetsspråk. Plikta gjeld så fram det finns eigna lærarressursar. Dette har vore gjeldande praksis i tidlegare Hordaland fylke. Praksisen er kostnadskrevjande, men som oftast gjeld det berre ein til to elevar per skuleår.

Utvalet føreslår også å ikkje vidareføre at departementet kan gi forskrifter om at visse vidaregåande skular skal tilby opplæring i eller på samisk eller i særskilte samiske fag. Dette er fylkesrådmannen ueinig i. Fylkesrådmannen ser det som ein føremøn at opplæring i samisk skjer i eit samisk språkforvaltningsområde. Mangel på samiskspråklege tilsette kan vere ei utfordring og rekruttering vil truleg vere enklare i eit samiskspråkleg område. Dersom opplæringa vert lagt til andre språkområde, fryktar ein for kvaliteten på opplæringa.

Fylkesrådmannen støttar elles i hovudsak utvalet sine vurderingar og forslag når det gjeld opplæring i og på dei samiske språka.

### **Kapittel 35 - Språkopplæring for elevar med eit anna morsmål enn norsk eller samisk**

I dagens regelverk har elevar i grunnskulen og i den vidaregåande opplæringa som har anna morsmål enn norsk eller samisk, og som ikkje kan godt nok norsk til å følge den ordinære undervisninga i skulen, rett til særskilt språkopplæring.

Utvalet føreslår stort sett ei vidareføring av gjeldande rett, men med nokre endringar. Mellom anna føreslår utvalet at regelen om plikt til kartlegging ikkje vert vidareført.

### Fylkesrådmannen sine vurderingar

Fylkesrådmannen er einig i utvalet sine vurderingar knytt til at retten til særskilt språkopplæring vert vidareført. Fylkesrådmannen presiserer vidare at det er viktig med ei tydeliggjering av kva som skal til for å få rett til morsmålsopplæring og tospråkleg opplæring. Erfaring og forskning viser at det er det som i mange tilfelle er det beste tiltaket for å oppnå målet med særskilt språkopplæring. Fylkesrådmannen oppmodar departementet om å vurdere å få dette inn i ein rettleiar eller eventuelt i forskrift.

Når det gjeld regelen om plikt til kartlegging meiner utvalet at det ikkje bør regulerast særskilt i opplæringslova, då innhaldet i regelen allereie følgjer av forvaltningslova § 17 om utredningsplikta. Utvalet skriv at ein eigen regel i opplæringslova om kartlegging vil innebere ei dobbeltregulering, og slik dobbeltregulering skal normalt verte unngått. Difor føreslår utvalet atplikten til kartlegging ikkje vert vidareført.

Fylkesrådmannen er einig i at det er unødvendig med ei dobbeltregulering, og at det generelt er behov for ei opprydding på dette i opplæringslova. Samtidig er det viktig å då få inn ein tilvising til

forvaltningslova. Dette for å sikre at ein ikkje mister forståinga for at elevane skal kartleggast i desse sakene. Det er ikkje alle i skulevesenet som er like kjende med forvaltningslova.

### **Kapittel 36 - Skulemiljøet til elevane**

Reglane om skulemiljøet til elevane er i dag samla i kapittel 9 A i dagens opplæringslov. Kapittel 9 A gjeld både det psykososiale og de fysiske skulemiljøet. Reglane om det psykososiale skulemiljøet vart revidert i 2017 og i tillegg har dei nyleg blitt evaluert.

På grunn av at reglane bygger på eit betydeleg kunnskapsgrunnlag har utvalet vurdert at det bør vere ein høg terskel for å gjere omfattande endringar av reglane om det psykososiale skulemiljøet. Difor er forslaga til utvalet i all hovudsak ei vidareføring av gjeldande regelverk. Samtidig føreslår utvalet nokre presiseringar i regelverket samt ei opprydding opp mot anna regelverk.

Utvalet har mellom anna vurdert om det skal fastsetjast særreglar i opplæringslova om at kommunen skal få førehandsvarsel i handhevingssakene, og på den måte få moglegheit til å uttale seg om tiltak som skal vedtakast. Utvalet viser til at kommunen ikkje vert rekna som part i saka og kommunen har difor ikkje krav på førehandsvarsel etter forvaltningslova. Vidare meiner utvalet at det skal vere ein høg terskel for å fråvike forvaltningslova og andre sektorovergripande lover. Utvalet peiker likevel på at kravet i forvaltningslova § 17 om at saka skal vere så godt opplyst som mogleg, betyr at den aktuelle fylkeskommunen og skulen må involverast i saka.

#### Fylkesrådmannen sine vurderingar

Fylkesrådmannen er einig i at det ikkje er nødvendig med særreglar i opplæringslova om førehandsvarsel til kommunar. Vidare er fylkesrådmannen einig i at skulen/skuleeigar likevel må involverast i saka, ut frå saksebehandlingsreglane i forvaltningslova. Sidan utvalet vel å ikkje lovfeste ein rett til førehandsvarsel for skulen/skuleeigar, meiner fylkesrådmannen at det vil vere særleg viktig at det vert utarbeidd sentrale retningslinjer for saksbehandlinga hos fylkesmannen. Dette for å sikre at det ikkje vert ulik praksis mellom fylkesmannsembeta og for å sikre at skulen/skuleeigar vert høyrde i handhevingssakene.

Utover den presiseringa som kjem fram over støttar fylkesrådmannen i all hovudsak utvalet sine vurderingar og forslag når det gjeld skulemiljøet til elevane.

### **Kapittel 38 - Leing og personale i skulen**

Krav til leing og personalet i skulen er i dag mellom anna fastsett i opplæringslova § 9-1 om leing av skulen, kapittel 10 om personalet i skulen og § 8-2 andre avsnitt om kontaktlærarar. Vidare er det fastsett nærmare krav til kompetanse ved tilsetting og for å kunne undervise i enkelte fag, i kapittel 14 i forskrift til opplæringslova.:

Utvalet føreslår med nokre unntak ei vidareføring av gjeldande regelverk. I tillegg har utvalet gjort nokre presiseringar der regulering kjem fram i andre lover. Unntaka der utvalet ikkje føreslår ei vidareføring gjeld mellom anna å ikkje vidareføre høve til unntak frå rektorkravet, tilsetting av rektorar på åremål, lovfestinga av tariffavtalar om lønns- og arbeidsvilkår for lærarar og kravet om at lærarstillingar og rektorstillingar skal lysast ut offentleg. Utvalet har også vurdert om det er behov for å lovfeste kvalifikasjonsprinsippet i opplæringslova, men fann at det ikkje er behov for det. Kvalifikasjonsprinsippet er godt utvikla og stadfesta gjennom mellom anna rettspraksis og forvaltningspraksis, og vidare er det inntatt i hovudtariffavtalen i kommunal sektor i § 2.

#### Fylkesrådmannen sine vurderingar

Fylkesrådmannen støttar i all hovudsak utvalet sine vurderingar og forslag når det gjeld leing og personale i skulen.

### **Kapittel 39 - Fagleg ansvar for opplæringa og bruk av assistentar og vikarar**

I dagens reglar følger det av opplæringslova § 10-11 at personar som ikkje er tilsett i undervisningsstilling, kan hjelpe til i opplæringa dersom dei får nødvendig rådgiving. Vidare følger det av regelen at personalet som ikkje er tilsett i undervisningsstilling, ikkje skal ha ansvaret for opplæringa.

Utvalet føreslår å innføre krav i lova om at opplæringa må forberedast og følgjast opp av ein lærar, og krav om at ein lærar som hovudregel må vere til stades med elevane i opplæringsssituasjonen. I tillegg kjem utvalet med forslag om å innføre krav om forsvarleg vikarordning. Vidare er det gjort ei presisering om at det berre er lærarar som kan ha det faglege ansvaret for opplæringa. Det er også forslag om å vidareføre at assistentar skal kunne hjelpe til i opplæringa, men at kravet om rettleiing av assistentane med vidare ikkje vert vidareført.

#### Fylkesrådmannen sine vurderingar

Fylkesrådmannen meiner at i opplæringa må det stillast krav til at læraren har naudsynt kompetanse i dei faga han eller ho skal undervise i. Vidare må ein kunne ha assistentar som kan betene til dømes maskiner og ivareta HMS-krav, særleg innan arbeid i verkstad i vidaregåande opplæring. Lærar må likevel ha overordna ansvar. Når det gjeld krav om forsvarleg vikarordning, meiner fylkesrådmannen at vikarar som vert tatt inn må ha naudsynt fagkompetanse til å gi opplæring på kortare og lengre sikt.

Utover dei presiseringane som kjem fram over støttar fylkesrådmannen i all hovudsak utvalet sine vurderingar og forslag når det gjeld fagleg ansvar for opplæringa og bruk av assistentar og vikarar.

### **Kapittel 40 - Fleirfagleg kompetanse og helsesjukepleiar**

#### Fleirfagleg kompetanse

I noverande opplæringslov følger det av § 10-8 at skuleeigar har ansvaret for at det er riktig og nødvendig kompetanse i verksemdene. Det er ingen krav i opplæringslova eller forskrift til opplæringslova om at det er personar med anna spesifikk kompetanse i skulen enn lærarkompetanse.

Utvalet føreslår å ikkje innføre krav om anna spesifikk kompetanse enn lærarkompetanse. Utvalet viser til at det er viktig å ha andre yrkesgrupper enn lærarar i skulen, men meiner at eit lovkrav om anna spesifikk kompetanse enn lærarkompetanse vil vere ein sterk inngripen i det kommunale handlingsrommet. Utvalet viser også til at dei i kapittel 38 føreslår å vidareføre kravet til at skuleeigar om å ha riktig og nødvendig kompetanse i skuleverksemda, og at dette kravet omfattar alle oppgåvene skuleeigar har på opplæringsområdet, ikkje berre sjølve opplæringa.

#### Fylkesrådmannen sine vurderingar

Fylkesrådmannen er ikkje einig i utvalet sitt forslag på dette punktet. Fleire yrkesgrupper med ulik kompetanse er til stor hjelp i arbeidet med eleven sitt skule- og læringsmiljø. For å få fleire yrkesgrupper inn i skulen meiner fylkesrådmannen at det er nødvendig å stille krav om det.

#### Helsesjukepleiar og skulehelseteneste

Dagens opplæringslov inneheld ingen reglar om helsesjukepleiar eller skulehelseteneste. Utvalet har vurdert om det i ny opplæringslova bør stillast krav om helsesjukepleiar og skulehelseteneste. I dag er det krav i helse- og omsorgstenestelova om at kommunane må ha knytt til seg helsesjukepleiar og det er krav om at kommunane har skulehelseteneste. Utvalet meiner at reglane om skulehelseteneste ikkje bør flyttast til opplæringslova fordi utforminga av reglane om skulehelsetenesta bør sjåast i samheng med reguleringa av kommunen sine andre helsetenester. Vidare når det gjeld om det bør stillast krav om tilgang til helsesjukepleiar i ny opplæringslov, føreslår utvalet heller ein styrking av rådgiving om sosiale og personlege forhold ved at elevane skal ha god tilgang på slik rådgiving og at dei skal kunne få rådgiving om slike forhold frå andre enn sine lærarar.

#### Fylkesrådmannen sine vurderingar

I høyringsnotatet viser utvalet til at elevane melder om at det er behov for samtale med personar med psykologisk kompetanse på skulen. Fylkesrådmannen meiner at å styrke rådgivinga om sosiale og personlege forhold vil ikkje nødvendigvis gi denne etterspurde kompetansen. Fylkesrådmannen er difor ikkje einig i utvalet sitt forslag og vurderingar om å ikkje innføre krav om helsesjukepleiar eller skulehelseteneste.

Vidare føreslår utvalet å ikkje vidareføre forskriftsheimelen om helsetilsyn og medisinsk hjelp for elevar som får spesialundervisning. Grunngevinga er at dagens forskriftsheimel ikkje er tatt i bruk, og alle elevar, inkludert elevar som får individuelt tilrettelagt opplæring, er omfatta av dei alminnelege reglane om skulehelsetenesta i anna lov og forskrift.

Fylkesrådmannen støttar utvalet sitt forslag om å ikkje vidareføre forskriftsheimelen om helsetilsyn og medisinsk hjelp for elevar som får spesialundervisning. Fylkesrådmannen meiner at det likevel er viktig at elevar med behov for helsefagleg hjelp og tilsyn i skuletida, blir følgt opp av personar med helsefagleg kompetanse.

#### **Kapittel 41 - Vandelskrav og politiattestar**

Dagens regel om politiattest i opplæringslova § 10-9 gjeld for grunnskule og vidaregåande skule. I dei seinare åra har det blitt auka merksemd om behovet for å beskytte barn og unge ved at det vert stilt vandelskrav til personar som skal ha ansvaret for dei.

Utvalet føreslår at dagens reglar om politiattest og tilsettingsforbod langt på veg vert vidareført. I tillegg er det forslag om å fastsetje ein regel om at det skal krevjast politiattest av personar som skal ha praksis i skulen og i andre tilbod som er omfatta av kravet om politiattest, på same måte som av dei som skal tilsettast. Vidare er det forslag om å utvide området for kva straffebed som skal anmerkast på ein politiattest samt at området for tilsettingsforbodet vert klargjort.

#### Fylkesrådmannen sine vurderingar

Fylkesrådmannen støttar i all hovudsak utvalet sine vurderingar og forslag når det gjeld vandelskrav og politiattestar.

#### Kapittel 45 – Grunnskuleopplæring og vidaregåande opplæring for vaksne

I dagens regelverk er rett til grunnskuleopplæring og vidaregåande opplæring for vaksne regulert i opplæringslova kapittel 4A. Etter dagens § 4A-3 vil ein som har fullført grunnskulen, men som ikkje har fullført vidaregåande opplæring, ha rett til vidaregåande opplæring for vaksne frå det året dei fyller 25 år. Vidare er inntaket av vaksne med og utan rett til vidaregåande opplæring regulert i forskrift til opplæringslova kapittel 6. Vaksne som har rett til vidaregåande opplæring, har rett til vurdering av realkompetansen sin og til kompetansebevis.

Utvalet føreslår å stort sett vidareføre dagens regelverk. Utvalet føreslår enkelte utvidingar av dei vaksne sine rettar og andre innhaldsmessige endringar i reglane om grunnopplæring for vaksne. Fylkesrådmannen vil berre kommenterer på det som går på vidaregåande opplæring for vaksne.

#### Fylkesrådmannen sine vurderingar

##### Generelt

Fylkesrådmannen er ikkje einig i omgrepet «voksne elever» som vert nytta i lovforslaget. I dag er omgrepet «deltakar» nytta for vaksne under opplæring etter § 4A-3, og «elev» for dei som får opplæring etter § 3-1. Det er viktig å vite om den vidaregåande opplæringa vert gjeve etter opplæringslova §§ 3-1 (ny § 6-1) eller 4A-3 (ny § 17-2). For vaksne som får opplæring etter opplæringslova § 17-2 meiner fylkesrådmannen at ein bør halde fram med å nytte eit eige omgrep som t.d. «deltakar» for å skilje frå dei som får opplæring etter opplæringslova §6-1 som blir kalla elevar. Omgrepet «voksne elever» kan lett misoppfattast til å vere vaksne som får opplæring saman med ungdom etter ny § 6-1 i ordinær vidaregåande skule.

Vidare er det i dag store variasjonar mellom fylka i samband med kor mykje vidaregåande opplæring den vaksne skal ha rett til i tid, til dømes kor mange gonger kan ein vaksen med rett få tilbod om opplæringa utan å fullføre. Avbrot kan ha ulike årsaker, og skjønn må alltid nyttast, Fylkesrådmannen ber departementet vurdere om det likevel kan presiserast i forskrift eller retningslinjer at retten ikkje er uavgrensa - jf. siste avsnitt NOU 45.4.4.7.

På bakgrunn av at målgruppa for vidaregåande opplæring for vaksne har endra seg, meiner fylkesrådmannen at fylkeskommunen si plikt til å sørge for ulykkesforsikring også bør omfatte vaksne deltakarar etter opplæringslova § 4A-3 (ny § 17-2). Det er no ein mykje større del av dei vaksne deltakarane som ikkje har økonomi til eller tradisjon for kjøp av individuell ulykkesforsikring.

Fylkesrådmannen finn det elles særskild uheldig at det ikkje blir vurdert rett til rådgiving for vaksne i vidaregåande opplæring. Hovuddelen av deltakargruppa er minoritetsspråklege som treng god rettleiing om vidare utdannings- og yrkesval, sjølv etter at dei er inntekne til eit opplæringstilbod. Erfaringane våre er at denne gruppa etterspør denne tenesta i stor grad, og er ressurskrevjande for skulane. Dei fylkesvise karrieresentera har langt i frå kapasitet til å dekke dette behovet.

### Fylkesrådmannen sine vurderingar elles på forslaga til utvalet

Nedanfor vert nokre av punkta i forslaga til utvalet gjennomgått. Dei punkta fylkesrådmannen er i all hovudsak einig i vert ikkje nemnt.

Fylkesrådmannen støttar utvalet sitt forslag om å innføre rett til vidaregåande opplæring for dei som har «brukt opp» ungdomsretten til vidaregåande opplæring, men som ikkje har oppnådd studiekompetanse, yrkeskompetanse eller annan planlagt sluttkompetanse, og at denne retten ikkje er avgrensa til dei over 25 år. Fylkesrådmannen meiner at forslaget er godt, under føresetnad av at det må bli utarbeidd sentrale retningslinjer for kva denne retten skal omfatte. Gjeld den til dømes ein rett til å fullføre den opplæringa den vaksne har begynt på, eller gjeld den ein full vaksenrett. Vidare har utviding av rett økonomiske konsekvensar for fylkeskommunen som fylkesrådmannen meiner må kompenseras.

Fylkesrådmannen støttar utvalet sitt forslag om at det i forskrift vert innført krav om karakter 2 eller betre for å få rett til vidaregåande opplæring på grunnlag av privatisteksamen. I tillegg meiner fylkesrådmannen at det må bli innført krav om karakteren 2 i alle grunnskulefaga for vaksne for å få vitnemål på norsk grunnskule.

Utvalet føreslår å lovfeste at vaksne som ønsker det, normalt skal takast inn på eit opplæringstilbod som gir dei moglegheit til å formalisere sin yrkeskompetanse eller oppnå studiekompetanse. Den vaksne har elles rett til inntak på eit opplæringstilbod som fører fram til ein av tre sluttkompetansar som den vaksne har søkt på. Fylkesrådmannen finn utvalet sitt forslag å upresist i bruk av omgrepa opplæringstilbod og sluttkompetanse. Lovforslaget (ny § 17-2 andre avsnitt) seier «eit av tre opplæringstilbod». Fylkesrådmannen meiner det må presiserast i lova at det gjeld opplæringstilbod som fører til ein av tre sluttkompetansar. Fylkesrådmannen meiner at det også må presiserast i lova at inntak til ein av tre sluttkompetansar «bare bør gjelde innanfor det fylkeskommunen tilbyr», slik utvalet også skriv i kapittel 45.4.4.5 i NOU-en.

Fylkesrådmannen støttar at det blir presisert i lova at fylkeskommunen skal tilby alternativ opplæring Vg3 til både unge og vaksne som ikkje får læreplass. Tilbodet kan vere kombinert ungdoms- og vaksentilbod, og formuleringa «i den ordinære voksenopplæringa» meiner fylkesrådmannen då må takast vekk, då det normalt ikkje finst tilbod om opplæring i Vg3-lærefag der. Fylkesrådmannen meiner også at i dei fleste lærefaga bør hovudtyngda av opplæringa på Vg3 gå før seg i bedrift, sjølv om ein vidaregåande skule er ansvarleg for opplæringa.

Vidare støttar fylkesrådmannen forslaget om å innføre krav om at vaksne elevar må møte opp og delta aktivt i opplæringa. Fylkesrådmannen støttar også forslaget om ei bestemming om at kommunen og fylkeskommunen kan fastsetje lokale reglar om kva rettar og plikter som gjeld for dei vaksne elevane. Til begge desse forslaga meiner fylkesrådmannen at det er viktig at det blir utarbeidd sentrale retningslinjer. Det er for å unngå ulik praktisering mellom fylkeskommunane.

Utvalet føreslår også å presisere og utvide retten til skyss, reisefølge og losji for vaksne elevar med enkelte endringar. På bakgrunn av at målgruppa for vidaregåande opplæring for vaksne har endra seg, meiner fylkesrådmannen at vaksne som følgjer opplæring etter opplæringslova § 4A-3 (ny § 17-2) bør ha rett til gratis skyss, som andre elevar i vidaregåande skole. Korleis skysstilbodet skal organiserast, må avgjerast lokalt. Vaksne deltakarar i vidaregåande opplæring kan ha lang pendlarveg til skulen, som ikkje blir tilstrekkeleg dekkja av ordningar i Statens Lånekasse. Dette gjeld spesielt i distrikta, der vi har mange døme på at vaksne må avbryte skulegangen grunna for høge utgifter til skyss.

### **Kapittel 49 – Internkontroll og kvalitetsutvikling**

I dag stiller opplæringslova § 13-10 andre avsnitt krav om at kommunen skal ha eit forsvarleg system. Dette systemet skal innehalde tre element: 1) vurdering om krava i opplæringslova og forskrift til lova er oppfylt, og oppfølging av desse vurderingane, 2) oppfølging av resultat frå nasjonale kvalitetsvurderingar og 3) krav om at det vert utarbeidd ein årleg tilstandsrapport som ein del av oppfølgingsansvaret. Det er også krav om skulebasert vurdering i forskrift til opplæringslova og krav om internkontroll i kommunelova.

Utvalet føreslår mellom anna å ikkje vidareføre særregelen om internkontroll på opplæringsområdet fordi dei vurderer at det er tilstrekkeleg med den generelle regelen om internkontroll i kommunelova. Utvalet føreslår også å erstatte dagens krav om oppfølging av

resultat frå nasjonale kvalitetsvurderingar med eit krav om kvalitetsutvikling, og flytte kravet om skulebasert vurdering til lova og regulere dette saman med krav om kvalitetsutvikling. Utvalet meiner at eit krav om at kommunen skal drive kvalitetsutvikling, utan å fastsette kva kunnskapsgrunnlag den skal baserast på, vil både kunne gjere tydelegare kommunane sitt ansvar som kvalitetsutviklar og gi eit større handlingsrom for lokal tilpassing. Vidare meiner utvalet at ei samla regulering av krava om kvalitetsvurderingar på skulenivå og kommunenivå kan bidra til å gi ein betre samanheng i regelverket.

#### Fylkesrådmannen sine vurderingar

Fylkesrådmannen støttar i all hovudsak utvalet sine vurderingar og forslag når det gjeld internkontroll og kvalitetsutvikling.

**Økonomi:** Endringane som utvalet føreslår, vil få økonomiske konsekvensar for fylkeskommunen. For å drive vidaregåande opplæring i tråd med framlegga i NOU 2019:23, må statlege overføringar til fylkeskommunane aukast.

**Klima/Folkehelse/Regional planstrategi:** Endringane som utvalet føreslår, vil ha ei betydning for både klima, folkehelse og regional planstrategi. Forslaga inneber ei endring som kan sikre høgre yrkesdeltaking. Oppdraget og målsettinga til vidaregåande opplæring har ei avgjerande rolle for å imøtekomme utfordringane som ligg i behovet for arbeidskraft, og å utrydde fattigdom, kjempe mot ulikskap og stoppe klimaendringane.

#### **Konklusjon**

Samla sett framstår lovforslaget og dei vurderingane som kjem fram i NOU 2019:23 som å vareta mandatet til utvalet. Fylkesrådmannen ser på dette arbeidet som ein viktig start på omlegginga av tilbodet i og organiseringa av grunnopplæringa.

## Framlegg til innspelsnotat

NHO og landsforeningene har tidligere ment at:

- Opplæringskontorenes rolle må reguleres i opplæringsloven og i forskrift som noe annet enn lærebedrift. En slik regulering forutsetter at rolle og ansvar til opplæringskontorene, fylkeskommunene og til lærebedriftene blir klargjort. Opplæringskontorene er ikke en del av partstrukturen, men er eid av lærebedriftene.
- Opplæringskontorene bør få en rolle i arbeidet med statistikkgrunnlaget som ligger til grunn for dimensjoneringsarbeidet i yrkesopplæringsnemndene.
- Godkjenning av opplæringskontorer må være i henhold til nasjonale forskrifter og standarder. Disse må partene i arbeidslivet sammen med utdanningsmyndighetene utarbeide.
- Det skal fortsatt være fri etableringsrett for opplæringskontorer, men fylkeskommunene skal følge yrkesopplæringsnemndenes råd om behovet for nyetableringer.
- Den enkelte medlemsbedrift og opplæringskontoret må fortsatt bli godkjent som lærebedrift etter lovverket.
- Treparts samarbeidet i næringslivet er viktig og bør utvikles videre

Spørsmål	Svar
Hvilke oppgaver skal opplæringskontorer ha?	<p>Overordna ansvar for lærlingen:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- sørge for kompensering av manglende restteori og kompetansemål.</li> <li>- Vere bindeledd mellom lærebedriftene mtp utveksling.</li> <li>- vere støtte for bedrifta når der oppstår utfordringar.</li> <li>- drive opplæring av instruktør og fagleg leiar</li> <li>- sjå til at rammene for opplæring er til stades og at lover og forskrifter blir følgde.</li> <li>- holde seg oppdatert i spørsmål som gjeld vidaregåande opplæring.</li> <li>- drive godt økonomisk slik at mest mogeleg av lærlingtilskotet kjem til bedrifta.</li> <li>- tilrettelegge for at bedriftene har tilgjengeleg godt verktøy for å drive og følge opp sin del av opplæringa og sine oppgåver.</li> <li>- vere rekrutteringskanal for bransjen</li> </ul>
Samarbeid/delegering av ansvar mellom fylkeskommunen og opplæringskontorene	<ul style="list-style-type: none"> <li>- burde få ansvar for vg3 opplæring( i skule)?</li> <li>- aktiv rolle i spørsmål om dimensjonering av vgo</li> <li>- samhandling om å rekruttere nye lærebedrifter</li> <li>- dersom opplæringskontoret ivartek fylkeskommunen sine oppgaver bør resursar som OK bruker kompenserast økonomisk av fylket utanom lærlingtilsot.</li> <li>- opplæringskontora si rolle i dag, reduserer fylkets resursbruk på oppfølging av kvar enkelt lærebedrift og lærling.</li> <li>- Delta og vere partner for utdanningsrettleiing og rekruttering av elevar til vgs.</li> </ul>
Kvalitet i opplæring	<ul style="list-style-type: none"> <li>- sørge for å ha kvalifisert personell og gode system for oppfølging både hos bedrift og opplæringskontor. Opplæringskontoret har pedagogisk kompetanse. Dette har som regel ikkje lærebedrifta. Kvalitet og kompetanse i undervisning av restteori.</li> <li>- Opplæring / kursing av instruktør og fagleg leiar.</li> </ul>
Kvalitet på oppfølging	<p>Kvalitet på oppfølging skjer gjennom rutinemessig dialog:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- mellom OK og fylkeskommunen. ( åreleg kvalitetsdialogmøter)</li> <li>- mellom OK og lærebedrift.</li> <li>- oppfølgingsamtaler mellom lærlingen og OK.</li> <li>- Faglege tilbakemeldinger, (underveis og sluttvurdering), frå lærlingen, skriftleg og munnleg.</li> <li>- Ta ansvar for lærling, dersom det oppstår situasjon i bedrift (konkurs, konflikter osv)</li> </ul>
Koordinering lærling – bedrift	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Halvårsamtaler</li> <li>- Sjekkliste fagleg, trivsel og HMS osv.</li> <li>- Daglege tilbakemeldinger og dialog (skriftleg og munnleg)</li> <li>- OK har kontroll med dette via bl.a webasert verktøy som safir og el-skolen</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Rettleiing og støtte til bedrift og lærling ved problem/utfordringar i læreforholdet</li> <li>- Sørge for at lærlingen får kompensert kompetansemål ved hospitering i anna bedrift eller kurs.</li> </ul>
Dimensjonering av det videregående tilbudet	<ul style="list-style-type: none"> <li>- OK har årleg møter med arb.utvalet i fagopplæringsnemnda og adm. i fylket for å vurdere behov for dimensjonering av vgs.</li> <li>- OK gjev sine signal på vegner av sine lærebedrifter. På bakgrunn av historiske tal, tilbakemelding frå bransjen og ikkje minst marknadsutsikter framover.</li> </ul>
Rekruttering av elever (Vg1/Vg2)	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Marknadsføring av faga på utdanningsmesser og open dag vgs (målgruppe er elevar og foreldre ungdomskulen)</li> <li>- Heilskap i rekruttering. Dei vidaregåande skulane markedsfører gjerne berre sine linjer/fag. Det er difor viktig at bransjen/OK markedsfører sine fag i nedslagsfeltet til vg-skular som ikkje har desse faga. Fordi næringslivet i same området har rekrutteringsbehov i elektrofag.</li> </ul>
Rekruttering av lærebedrifter	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Vårt OK, brukar lite eller ingen resurs på rekruttering av lærebedrifter.</li> <li>- I dei tilfelle nye lærebedrifter ønsker å ta inn lærling, har OK stor betydning med sin kompetanse som kan avlaste bedrifta og gjere det enklare for dei å ta valet om å ta inn lærling.</li> <li>- Vi bevisstgjær bedriftene om fordelane ved til å ta inn lærlingar gjennom OK.</li> <li>- Klargjere rolle og arbeid og ansvarfordeling mellom lærebedrift og OK.</li> </ul>
Rekruttering av lærlinger	<ul style="list-style-type: none"> <li>- I liten grad, dette tek bedriftene seg av. Ved tilfeller der det er lærlingar tilgjengeleg etter hovudinntak, har OK, oversikt over bedrifter som har ledige læreplassar og kan formidle.</li> <li>- Bedriftene vurderer sine kandidatar i YFF faget. Dette er ein viktig rekrutteringskanal.</li> </ul>
Kostnadseffektivitet	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Vårt kontor har som mål at mest mogeleg av lærlingtilskotet skal utbetalast til bedrifta. «der læringa føregår» OK skal ha minst mogeleg overskot etter tilskotsutbetaling.</li> <li>- For å drive kostnadseffektivt vurderer vi det slik at minst mulig av OK si drift skal gå til adm. av OK. Det er eigarane av OK som har kontroll på økomien gjennom styreoppfølging. Og kan i kraft av dette bestemme om OK skal ta meir av adm. oppgaver som elles ville blitt brukt til adm. i lærebedrift.</li> <li>- Kontor med få lærlingar har gjerne større prosentvis del som går til sin administrasjon.</li> </ul>
Transparens ift oppgaver og økonomi (regnskap)	<p>Eigarane (bedriftene) har full innsynsrett (og plikt) til OK sin økonomi.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Styremøter 6-7 stk med aktivitetsorientering og økonomirapporter, kvartalsvis. Styret er samansett av representantar frå medlemsbedrifter</li> <li>- Medlemsmøter ( lærebedrifter)</li> <li>- Årsmøte med årsmelding og rekneskap.</li> <li>- Pålagd revisjon, er aktivitet i tråd med lov og forskrifter ( bl.a opplæringslova)</li> <li>- Revisjonsplikt dersom vi ikkje blir regulert i opplæringslova?</li> </ul>
Ny fylkesstruktur – fusjoneringer	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Det er uvisst om fusjonering av OK tener oppfølging av lærlingane og lærebedriftene i særleg grad.</li> <li>- Vi ser det som viktig at OK har felles samarbeidsforum for å koordinere sin aktivitet opp mot fylke. Dette gjeld og innafor bransjen sine OK i samme fylke.</li> </ul>
Samarbeid mellom bransjekontor (f.eks matindustri/industri)	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Samlokalisering</li> <li>- Samarbeid på felles interessepunkt, eksempelvis instruktør opplæring og andre kurs.</li> <li>- Læringsamlingar</li> <li>- Tverrfagleg samarbeid</li> </ul>



I tillegg må det peikast på at ved ei ordning der lærlingstilskuddet går direkte til bedrift vil dette få konsekvensar for korleis lærling og utdanningssystemet vil fungere i framtida.

- Korleis vil lærebedriftene forholde seg til at lærlingstilskudd blir betalt direkte til dei?  
Og i kva grad har ein garanti for at lærlingstilskott blir nytta til opplæring ved ei slik ordning.
- Korleis må opplæringskontoret forholde seg til usikkerheit knytta til økonomi i si drift.  
Vil vi oppleve «shopping» på opplæring?
- Kven vil ta det overordna ansvaret?
- Bør det vere fritt fram å opprette opplæringskontor? ( fri etableringsrett NHO )
- Kva blir konsekvens for fylkeskommunens resursbruk på lærlingane når OK ikkje lenger har ansvaret for kontrakt.
- Det blir peika på opplæringskontora si sentrale og verdfulle rolle i utdanningkjeden. Har vi garanti for at denne rolla vil halde fram ved ny lov der fokus blir flytta meir mot økonomiske insentiv for å halde drifta i gang.

På bakgrunn av dette, meiner vi at ei endring som er så omfattande som skissert i lovforslaget, vil få dramatisk konsekvensar for heile utdanningkjeden. Det er difor uforvarleg å ta ut opplæringskontor frå opplæringslova utan ei meir omfattande studie av konsekvensane.

**Framlegg: Konsekvensen av kva lovforslaget vil få for lærlinger, opplæringskontora, fylkeskommunen og lærebedrifter ved å ta opplæringskontoret ut av lova må konsekvensutredast.**

# Opplæringskontoras samarbeidsutval OKSU

Høyringsinnspel til Vestland fylkeskommune

Dato 21.04.2020


Frå: OKSU – Opplæringskontora sitt samarbeidsutval i Vestland

**Sendinga inneheld desse høyringsvara:**

1. Høyringsnotat OKSU NOU 2019: 23 "Ny opplæringslov"
2. Høyringsnotat OKSU NOU 2019: 25 " Med rett til å meistre "

OKSU

Bjarte Heggheim

  
styreleiar

### Instruktøropplæring

Utvalet seier i NOU 2019: 23, kap. 29, side 319 følgende:

*«Lærlingene må ha rett til å få opplæring av kvalifiserte instruktører, og regelverket bør stille tydeligere krav til at faglige ledere, instruktører og prøvenemndsmedlemmer deltar i opplæringstilbud»*

Kvalitet i instruktøropplæring må styrkast, det er denne gruppa som er tettast på. Forskrift og regelverk bør definere kva som er kvalifisert instruktør.

### Lærekandidatordninga

Utvalet seier i NOU 2019: 23, kap. 29.4, side 321 følgende:

*«For å få bedrifter til å ta imot lærlinger med funksjonsnedsetting er det nødvendig med gode støtteordninger.»*

I framlegg til ny opplæringslov fell omgrepet lærekandidat vekk. Dei som i dag blir kalla lærekandidatar vil ikkje lenger ha lovfesta rett til spesialundervisning, ref. opplæringslova § 4-2. Om ikkje det kjem på plass ei tilsvarande ordning, så vil desse personane bli meir utfordrande å formidle til opplæring i bedrift.

Utan øyremerka midlar til lærekandidatane vil dei få ein endå vanskelegare overgang til arbeidslivet.

Vi les av framlegget at meir skule kan vere ei alternativ løysing for desse personane, men vår erfaring tilseier at dette er eit dårleg alternativ. Vi trur at sjansen for å lukkast er større om dei kjem tidleg ut i arbeidslivet, med ein god plan for opplæringa. Vi vil peike på at erfaring med lærekandidatordninga er svært god i dei fylka som har teke den i bruk fullt ut.

Vi trur at yrkesfagleg fordjuping er sær viktig for denne gruppa med elevar, slik at dei kan finne sine styrker og knyte kontakt med arbeidslivet.

Prosedyre for teikning av opplæringskontrakt:

Vi er ikkje sikre på om dette er relevant for denne høyringsuttalen, men vi ynskjer å peike på at det er vanskeleg for lærebedriftene å teikne opplæringskontrakt med lærekandidatar utan å på førehand kjenne premissane. Behovet for instruktørstøtte må avklarast, og størrelsen på tilskotet må vere klart før opplæringskontrakten blir signert. Det må samtidig klargjerast kva pliktar og rettar som blir stilt til partane.

## Opplæringskontor som lærebedrift

Utvalet foreslår i NOU 2019: 23, kap. 29.5, side 330 følgende:

– at opplæringskontor ikke reguleres i opplæringsloven, og dermed heller ikke kan godkjennes som lærebedrift

Som ein konsekvens av dette forslaget vil opplæringskontora ikkje lenger ha høve til å teikne lærekontraktar på vegne av sine medlemsbedrifter. Og bedrifta vil miste den formelle, faglege og administrative støtta som eit medlemskap gir.

Opplæringskontora må derfor framleis kunne teikne kontaktar og ivareta det juridiske ansvaret.

Medlemsbedriftene er hovudsakleg små og mellomstore verksemder med under 100 tilsette som ønsker assistanse til å vidareutvikle og kvalitetssikre si lærlingordning.

**Forslaget må derfor avvisast slik det no er formulert.**

Medlemsbedrifter registrert i OKSU sine opplæringskontor

Kjelde: [www.vilbli.no](http://www.vilbli.no) eller heimeside til opplæringskontor

2tal Elektro AS	Baarøy Gustav as	BilXtra Nordfjordeid
A til Å Grafisk Design og Media AS	Balsnes Jon (Balsnes Bygg)	Birkeland Entreprenørforetning A/S
Abo Maskin as	Barmen og Lund AS	Bjarne Espe Trevarefabrikk
Agnitio AS	Barstein Partrederiet Ans	Bjerck og Brendø Maskin as
AH-Bygg AS	Berdal Røyr & Sanitær	Bjørgrs Mat as
AKRAFT AS	Berge & Co AS (Florø)	Bjørkhaug Maskin AS
Alexandra Hotel	Berge & Co AS (Førde)	Blanderiet AS
Allbygg Florø AS 5	Berge & Co AS (Måløy)	Blikås Elektro AS
Allmuen as	Berge & Co AS (Sogndal)	Blix Hotell as
Andersen AS	Berge & Co AS (Stryn)	BM Sølvsberg A/S
Andersen og Hofslundsengen Bygg AS	Best Fishing Gear as	Bmo Elektro AS
Anleggsservice as	Best Vik AS	Borlaug og Brosvik Transport A/S
Anleggsgartner Baarøy as	Bil Body AS	Bravida Norge AS
Aquaship Feedtrans as	Bildeler Førde AS	Breivik as
Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering	89/20	04.06.2020
Fylkesutvalet	140/20	18.06.2020

### Kulturbygg - underfinansiert i spelemiddelordninga

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune ser at det er ei underfinansiering av kulturbygg og andre arenaer for kultur gjennom spelemidlane, og ber Kulturdepartementet om å prioritere meir av midlane til kulturbygg i åra framover.
2. Vestland fylkeskommune sender fråsegn *Underfinansiering av kulturbygg gjennom spelemidlar* til Kulturdepartementet ved kulturminister Abid Q. Raja og medlemene i familie- og kulturkomiteen på Stortinget.

### Saksprotokoll 04.06.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering June Indrevik (H) sette fram slikt forslag:

(a) «Alternative forslag

1. Vestland fylkeskommune ser at det er en underfinansiering av kulturbygg og andre arenaer for kultur. Vestland fylkeskommune ber Kulturdepartementet om å prioriterer mer av midlene innenfor kultur til kulturbygg i de neste årene.
2. Vestland fylkeskommune sender fråsegn underfinansiering av kulturbygg til Kulturdept ved.....»

### June Indrevik (H) sette fram slikt forslag:

(b) «Endring av fråsegn

Underfinansiering av kulturbygg (første avsnitt)

Vestland fylkeskommune ser med uro på underfinansieringa av kulturarenaer, og verknadene dette har for kulturlivet over heile landet. Vi ber Kulturdepartementet ved kultur- og likestillingsminister Abid Q. Raja om å prioritere meir friske midlar samt prioritere meir av spelemidlane til kulturbygg i åra framover.

Og så siste avsnitt

Vestland fylkeskommune ser det som ei viktig nasjonal kulturpolitisk oppgåve å vere med å finansiere arenaer for kultur. Vi ber kulturministeren om å endre på innrettinga og nøkkelen for fordeling av spelemidlar til kulturformål og til kulturbygg spesielt samt også se på muligheten for å få inn en pott med friske midler i statsbudsjettet til kulturbygg.»

**Bjarte Vatnøy (Frp)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg

Administrasjonen får fullmakt til å endre fråsegnet i trå med vedtaket og intensjonen til utvalget.»

### Avrøysting

Indrevik sitt forslag (b) vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Fylkesrådmannen sitt forslag fekk ingen røyster og fall mot Indrevik sitt forslag (a) som vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Vatnøy sitt forslag fekk 5 røyster (Frp, FNB, Pp, R) og fall.

### Innstilling

1. Vestland fylkeskommune ser at kulturbygg og andre arenaer for kultur er underfinansiert. Vestland fylkeskommune ber Kulturdepartementet om å prioriterer meir av midlane innanfor kultur til kulturbygg dei neste åra.
2. Vestland fylkeskommune sender fråsegna underfinansiering av kulturbygg til Kulturdepartementet ved kulturminister Abid Q. Raja og medlemene i familie- og kulturkomiteen på Stortinget med slike endringar:

Første avsnitt:

Vestland fylkeskommune ser med uro på underfinansieringa av kulturarenaer, og verknadene dette har for kulturlivet over heile landet. Vi ber Kulturdepartementet ved kultur- og likestillingsminister Abid Q. Raja om å prioritere meir friske midlar samt prioritere meir av spelemidlane til kulturbygg i åra framover.

Siste avsnitt:

Vestland fylkeskommune ser det som ei viktig nasjonal kulturpolitisk oppgåve å vere med å finansiere arenaer for kultur. Vi ber kulturministeren om å endre på innrettinga og nøkkelen for fordeling av spelemidlar til kulturformål og til kulturbygg spesielt samt sjå på moglegheita for å få inn ei pott med friske midlar i statsbudsjettet til kulturbygg.

### Samandrag

Tilskot til kulturbygg gjennom spelemidlar har blitt gradvis redusert over tid. Tilskota til kulturbygg blir fordelt av Kulturdepartementet og blir forvalta av fylkeskommunane gjennom *desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg*. Kulturdepartementet har fordelt totalt 55 millionar kroner gjennom ordninga i 2020, der i underkant av 6 millionar kroner har gått til Vestland fylkeskommune. I 2020 har Vestland fylkeskommune motteke 57 søknader om tilskot til kulturbygg, i tillegg til søknader frå større regionale kulturbygg som har søkt fylkeskommunen om tilskot utanom ordninga. Spelemidlane dekkjer på langt nær behova og fylkesrådmannen vil tilrå at Vestland fylkeskommune sender over vedlagte fråsegn til Kulturdepartementet og familie- og kulturkomiteen på Stortinget.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

### Vedlegg

- 1 Fråsegn - Underfinansiering av kulturbygg gjennom spelemidlane

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kulturdepartementet fordeler årleg spelemidlar av overskotet av statlege spel, gjennom tildelingar til idrett, friluftsliv, frivilligheit, kultur og andre samfunnsnyttige formål. *Desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg* er finansiert gjennom ordninga og blir lyst ut som ei tilskotsordning gjennom fylkeskommunane. I føremålet til ordninga står det:

Tilskota skal bidra til egna lokale, bygningar og utearenaer som gjev rom for ulik kulturell verksemd. Tilskot kan gjevast til kulturhus, fleirbrukslokale eller spesiallokale for kunst og kultur, som bibliotek, bygg for museum eller andre kulturverntiltak, scenekunstlokale, konsertsal eller formidlingslokale for biletkunst. Tilskot kan og gjevast til etablering av livssynsnøytrale seremonirom.

Midlane kan nyttast til nybygg, ombygging og modernisering av kulturbygning, men ikkje til vedlikehald eller drift.

Regjeringa gir brei omtale av kulturbygg og andre arenaer for kultur gjennom kulturmeldinga og frivilligmeldinga. Her tar regjeringa til orde for å vurdere endringar av spelemidlane til kulturbygg:

*Vurdere innretning og fordeling av spelemidlar til kulturbygg innanfor ramma av tippenøkkelen (Kulturmeldinga, Meld.St. 8, 2018-2019, side 63)*

*Vurdere innretning og fordeling av spelemidlar til kulturbygg og frivilligeigde bygg innanfor ramma av tippenøkkelen (Frivilligmeldinga, Meld.St. 10, 2018-2019, side 62)*

Regjeringa vil legge fram ei barne- og ungdomskulturmelding hausten 2020, der arenaer for kulturaktivitetar på ny vil bli aktualisert.

Kulturdepartementet fordelte i april 2020 overskotet frå statlege spel i 2019. Overskotet var på i alt 5,5 mrd. kr og vart fordelt slik (tala er i tusen):

Idrettsformål	2861,4
Kulturformål	804,8
Samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar	804,8
Helse- og rehabiliteringsformål	305,7
<b>Totalt over tippenøkkelen</b>	<b>4776,7</b>
Grasrotandelen	697,2
Bingoformålene	55,1
Tiltaksplan mot spilleavhengighet	15
<b>Totalt til fordeling</b>	<b>5544</b>

Midlane til desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg er del av potten til kulturføremål. Tildelinga til kulturbygg har blitt kraftig kutta dei siste åra frå mellom 125 og 135 millionar kroner i åra før 2014 til mellom 47 og 56 millionar dei fire siste åra, noko denne tabellen viser (tala er i millionar kroner):

	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Desentralisert ordning for kulturbygg	50	50	50	50	100	128	125	96	64	47	52	56	55
Regionale møteplasser og formidlingsarenaer for kultur	75	75	75	75	25	7	8						

Reduksjonen av tilskota til kulturbygg har kome av mellom anna utfasing av den tidlegare tilskotsordninga *Regionale møteplassar og formidlingsarenaer for kultur* i 2010. Midlar som vart løyvd til regionale kulturbygg etter 2010 var til prosjekt som hadde fått tilsegn om midlar før 2010. Parallelt med at andelen til kulturformål gjekk ned har Kulturdepartementet tatt inn nye tiltak innan mellom anna fartøyvern, museum, bibliotek og musikkfeltet under potten til kulturformål.

Endringa av tippemiddelnøkkelen i 2014 har også vore med å redusere den totale andelen av midlar til potten *kulturformål*.

	Før 2014	Etter 2014
Idrettsformål	56 %	64 %
Kulturformål	26 %	18 %
Samfunnsnyttige og humanitære formål	14,9 %	18 %

I 2020 har Kulturdepartementet løyvd 55 millionar kroner til den desentraliserte ordninga for tilskot til kulturbygg. 5 952 668 kroner av midlane er tildelt Vestland fylkeskommune. Det har i 2020 kome inn 57 søknader i om tilskot til kulturbygg i Vestland gjennom ordninga med ein total søknadssum på 40,6 millionar kroner. I tillegg kjem enkeltsøknader til fylkeskommunen frå større kulturarenaer med regionale funksjonar som Grieghallen, Sentralbadet scenekunsthuss, verne- og formidlingsbygg til Holvikejekta ved Musea i Sogn og Fjordane og Griegkvartalet i Bergen.

Både dei lokale og dei regionale kulturbygga er viktige møteplassar for innøving og utøving av kultur, som arenaer for amatørkulturen og det frivillige kulturlivet og som arenaer for det profesjonelle kunst- og kulturlivet. Kulturbygga er møteplassen i lokalsamfunnet og staden for dei store kulturopplevingane. Mangfaldet og aktiviteten i kulturbygga er stor. Samtidig krev både brukarar, kulturutøvarar og publikum hus med moderne, gode fasilitetar. Behovet for modernisering, ombygging og tidvis nybygg er stort, og dei offentlege midlane er små. Det blir lagt ned svært stor dugnadsinnsats i mange av kulturbygga og det er mange private som bidreg.

Fylkesrådmannen ser med uro på underfinansieringa av kulturbygg og rår til at Vestland fylkeskommune sender over fråsegn til Kulturdepartementet ved kulturministeren og til medlemene i familie- og kulturkomiteen på Stortinget.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf. vedteke reglement, punkt 7. Fylkesutvalet, jf. vedteke reglement, punkt 6.

Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Vedtaket har ikkje økonomiske konsekvensar.

**Klima:** Ikkje relevant

**Folkehelse:** Ikkje relevant

**Regional planstrategi:** Kulturbygg og andre arenaer for kultur er omtalt i regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, *Kultur for alle*, og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, *PREMISS: KULTUR*.

Konklusjon

Fylkesrådmannen ser med uro på underfinansieringa av kulturarenaer gjennom spelemidlane, og verknadene dette vil ha for kulturlivet både i Vestland og resten av landet. Fylkesrådmannen tilrår at Vestland fylkeskommune sender over fråsegn om underfinansering av kulturbygg til Kulturdepartementet ved kulturministeren og til familie- og kulturkomiteen på Stortinget.

**Sendast:**

Kulturdepartementet ved kultur- og likestillingsminister Abid Q. Raja  
Medlemene i familie- og kulturkomiteen på Stortinget

## Underfinansiering av kulturbygg gjennom spelemidlar

Vestland fylkeskommunen ser med uro på underfinansieringa av kulturarenaer gjennom spelemidlar, og verknadene dette har for kulturlivet over heile landet. Vi ber Kulturdepartementet ved kultur- og likestillingsminister Abid Q. Raja om å prioritere meir av spelemidlane til kulturbygg i åra framover.


Kulturdepartementet fordeler årleg spelemidlar av overskotet av statlege spel, gjennom tildelingar til idrett, friluftsliv, frivilligheit, kultur og andre samfunnsnyttige formål. Desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg er finansiert gjennom ordninga og blir lyst ut som ei tilskotsordning gjennom fylkeskommunane. Tilskotet skal gå til kulturhus, fleirbrukslokale, bibliotek, bygg for museum eller andre kulturverntiltak, scenekunstlokale, konsertsalar, formidlingslokale for biletkunst og livssynsøytrale seremonirom. I 2020 har Kulturdepartementet løyvd **55 millionar kroner** til den desentraliserte ordninga for tilskot til kulturbygg. Her er oversikt over fordelinga mellom fylka i 2020:

Viken	9 584 679
Oslo	6 017 472
Innlandet	4 479 914
Vestfold og Telemark	4 477 273
Agder	3 778 432
Rogaland	4 780 022
Vestland	5 952 668
Møre og Romsdal	3 508 937
Trøndelag	4 982 049
Nordland	3 559 900
Troms og Finnmark	3 878 654
<b>Totalt</b>	<b>55 000 000</b>

Vestland fylkeskommune åleine har i 2020 57 søknader om tilskot til kulturbygg gjennom ordninga med ein total søknadssum på 40,6 millionar kroner. I tillegg kjem enkeltsøknader til fylkeskommunen frå større kulturarenaer med regionale funksjonar som Grieghallen, Sentralbadet scenekunsthus, verne- og formidlingsbygg til Holvikejekta ved Musea i Sogn og Fjordane og Griegkvartalet i Bergen.

Overskotet frå dei statlege spela var i 2019 på **5,5 milliardar kroner**. Desse midlane blir fordelt av Kulturdepartementet til idrettsformål, kulturformål, helse- og rehabiliteringsformål og samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar etter ein politisk vedteken nøkkel. Tilskot til kulturbygg er del av potten til kulturformål som i 2020 er på **804,8 millionar kroner**. Midlane til kulturformål går til mellom anna tilskotsordninga Frifond, Den kulturelle skulesekken, tilskotsordninga Kulturrom (tidlegare Musikkutstysordningen), Den kulturelle spaserstokken og tiltak innan mellom anna museums-, bibliotek- og musikkfeltet, i tillegg til kulturbygg.

Tilskotet til kulturbygg har blitt gradvis redusert over tid, som følgje av at tippemiddelnøkkelen har blitt endra og fordi Kulturdepartementet har tatt inn nye ordningar og tiltak innanfor området kulturformål, noko grafen nedanfor viser.



Endringane som har gitt størst effekt for tilskot til kulturbygg kom i 2010 og 2014. I 2010 starta utfasinga av tilskotsordninga *Regionale møteplassar og formidlingsarenaer for kultur*. Etter 2010 var det berre regionale bygg som hadde fått løyving tidlegare år som fekk støtte. Nye søknader frå regionale kulturbygg har frå 2011 blitt handsama via den desentraliserte ordninga for tilskot til kulturbygg.

I 2014 vart tippemiddelnøkkelen endra, med det resultat at delen til kulturformål vart redusert:

	Før 2014	Etter 2014
Idrettsformål	56 %	64 %
Kulturformål	26 %	18 %
Samfunnsnyttige og humanitære formål	14,9 %	18 %

Parallelt med at andelen til kulturformål gjekk ned har Kulturdepartementet tatt inn nye tiltak innan mellom anna fartøyvern, museum, bibliotek og musikkfeltet under potten til kulturformål. Spelemidlane til kulturbygg låg i åra før 2014 på mellom **125 og 135 millionar kroner**, men har blitt gradvis redusert og har dei siste fire åra lagt på mellom **47 og 56 millionar kroner**.

Vestland fylkeskommune vil frå 2021 etablere ei tilskotsordning med fylkeskommunale midlar for kulturbygg med regionale funksjonar. Dette for å løyse det akutte behovet for midlar til kostnadskrevjande regionale kulturbygg, og for å kunne prioritere lokale kulturbygg innanfor dei få pengane som blir tildelt gjennom spelemidlane.

Regjeringa har både gjennom kulturmeldinga og frivilligmeldinga tatt til orde for å vurdere endringar av spelemidlane til kulturbygg:

*Vurdere innretning og fordeling av spelemidlar til kulturbygg innanfor ramma av tippnøkkelen (Kulturmeldinga, Meld.St. 8 2018-2019, side 63)*

*Vurdere innretning og fordeling av spelemidlar til kulturbygg og frivilligeigde bygg innanfor ramma av tippnøkkelen (Frivilligmeldinga, Meld.St. 10 2018-2019, side 62)*

Vestland fylkeskommune ser det som ei viktig nasjonal kulturpolitisk oppgåve å vere med å finansiere arenaer for kultur. Vi ber kulturministeren om å endre på innrettinga og nøkkelen for fordeling av spelemidlar til kulturformål og til kulturbygg spesielt.

---

Saksnr: 2020/46333-2  
Saksbehandlar: Kari Steinsland

---

### Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet	53/20	03.06.2020
Fylkesutvalet	141/20	18.06.2020

## Forenkling, modernisering og effektivisering av salskanalane og betalingsmåtene innanfor mobilitet og kollektiv

### Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet tar framlegget om ei heilskapleg tilnærming til ei felles digital plattform innan mobilitet i Vestland til orientering, og stiller seg bak at dette må gjerast trinnvis og på ein måte som både tek omsyn til kundeperspektivet og -opplevinga. Samstundes arbeider ein for kostnadseffektive løysingar som er i tråd med utviklinga nasjonalt og internasjonalt, og legg til rette for framtidens mobilitetssatsing.
2. Fylkesutvalet støtter forslaget om ei gradvis harmonisering av salskanalar og betalingsmåtar som byggjer opp under at kjøpsopplevinga vert den same i heile Vestland fylke. I fyrste omgang gjennom at ein fasar ut reisepengar/verdikort som betalingsmiddel i heile fylket, og fasar inn bankterminalar som betalingsmiddel i busskontraktane i Hordaland.

### Saksprotokoll 03.06.2020 - hovudutval for samferdsel og mobilitet

#### Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

#### Vedtak

3. Fylkesutvalet tar framlegget om ei heilskapleg tilnærming til ei felles digital plattform innan mobilitet i Vestland til orientering, og stiller seg bak at dette må gjerast trinnvis og på ein måte som både tek omsyn til kundeperspektivet og -opplevinga. Samstundes arbeider ein for kostnadseffektive løysingar som er i tråd med utviklinga nasjonalt og internasjonalt, og legg til rette for framtidens mobilitetssatsing.
4. Fylkesutvalet støtter forslaget om ei gradvis harmonisering av salskanalar og betalingsmåtar som byggjer opp under at kjøpsopplevinga vert den same i heile Vestland fylke. I fyrste omgang gjennom at ein fasar ut reisepengar/verdikort som betalingsmiddel i heile fylket, og fasar inn bankterminalar som betalingsmiddel i busskontraktane i Hordaland.

### Samandrag

Det vert arbeida på fleire plan med løysingar for å støtte opp under ein slik digital plattform. Endringane ein gjer i både salskanalane, betalingsmåtene og løysingane er med på gjera dette mogleg. Eit viktig perspektiv er korleis endringane påverkar kostnadane, og kva slags fleksibilitet dei gjev Skyss/Kringom.

I denne saka gjer ein greie for bakgrunnen og heilskapsperspektivet på ei felles digital plattform i Skyss/Kringom. I saka vert det lagt fram forslag til endringar her som støttar opp under både målet om forenkling, modernisering og effektivisering. Konkret vert det foreslått å fasa ut reisepengar/verdikort, og fasa inn bankterminalar. Forslaga tek òg omsyn til at ein så raskt som mogleg skal få ei felles merkevare og felles løysingar for mobilitet- og kollektivtransporten i heile Vestland.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*



## Saksutgreiing

### Bakgrunn og et heilskapleg perspektiv på ei felles digital plattform i Skyss/Kringom

Arbeidet med forenkling, modernisering og effektivisering av salskanalane og betalingsmåtane er godt i gang, og mellom anna i RS 37/2020 (Fylkesutvalet, 30.04.2020) vert det gjort greie for detaljar i arbeidet. Sentralt står målet om ei felles, heilskapleg digital plattform for mobilitet, i heile Vestland fylke. Ei slik løysing skal syta for at kundane får same gode oppleving i heile fylket, samstundes som ein legg til rette for moderne og kostnadseffektive løysingar. Utrulling av løysinga startar opp hausten 2020 i Hordaland i forbindelse med oppstart av dei to nye busskontraktane i Bergen. Vidare fortset ein med dei andre kontraktsområda i Hordaland vinteren 2020/2021, og ser føre seg å starta i Sogn og Fjordane på våraparten. Her vert det òg peikt på at ein jobbar med ein heilskapleg plan, både for salskanalane, men òg innan takst- og sonestrukturen for heile Vestland, samt ei felles digital plattform for Skyss/Kringom.

Endringane ein jobbar med er ei viktig føresetnad for å mellom anna:

- Kunne tilby etterspurde og relevante tenester, salskanalar og betalingsmåtar til dei reisande
- Forenkle og forbetre arbeidskvardagen til sjåførar, billettørar og tilsette i Skyss/Kringom
- Leggje til rette for framtidig satsing på mobilitet, digitalisering og raskare endringar i systema
- Modernisera utstyr og løysingar og redusera kostnadsstrukturen på desse

Takst- og sonestrukturen er ein eigen sak i PS 35/2020 (Hovudutval for Samferdsel og mobilitet, 13.05.2020). Felles takst- og sonestruktur for buss og bybane er ein forutsetning for felles billetteringsløysingar, både på kundesida (billettapp) og for sjåførar/billettørar (salsløysing om bord). Arbeidet er omfattande og kostnadskrevjande, og ein lyt difor ta det trinnvis, både av omsyn til kapasiteten i organisasjonen og av omsyn til tilgjengeleg budsjett.

### Mot ein heilskapleg og felles digital plattform for mobilitet i Vestland fylke

Arbeidet med integrasjon av kollektivområdet i Vestland fylkeskommune vart handsama i PS 3/2020 i Fylkesutvalet og eit samrøystes Fylkesutval gjorde slikt vedtak:

«Fylkesutvalet støttar framlegget om ein gradvis marknadsintegrasjon, der kollektivtilbodet framstår mest mogeleg likt som i dag for kundane, fram til merkevare er avklara og gode fellesløysingar er utarbeida innan mobilitets- og kollektivområdet.»

Ein felles digital plattform er krevjande, men med ei trinnvis tilnærming er det mogleg å utføre. Det er fleire element i dette arbeidet (harmoniseringa gjeld buss og båt):

- Harmonisera salskanalar og betalingsmåtar i heile fylket
- Harmonisera produkt og takstar/soner i heile fylket
- Innføra felles system og løysingar i heile fylket

Eit anna moment i eit heilskapleg perspektiv på fellesløysingar, er at ein lyt sjå på korleis ein kan modernisera og effektivisera løysingane ein har, og som vert utvikla. Med modernisering meiner ein mellom anna utskifting av gamle løysingar for infrastruktur i bussar, båtar og ander stader der det vert seld billettar. Det tyder òg at løysingar vert digitaliserte og rigga for framtidig satsing på mobilitet.

I omgrepet effektivisering legg ein at ein ser på dei ulike salskanalane og betalingsmåtane, og gjer ei vurdering av kva det kostar å selje billettar og krevje inn betaling på denne måten (kostnad per transaksjon). Førebels viser resultatata til dels store skilnadar mellom salskanalane og betalingsmåtane. Eit anna viktig moment er i kva grad kostnadene er faste eller følgjer volumet i salskanalen. Eit godt eksempel er kontantbetaling om bord på den eine sida, og betaling i mobilappen på den andre. Kostnadar knytt til handtering av kontantar på bussane er i stor grad faste og regulert i kontrakten med operatøren, medan transaksjonskostnadane i mobilappen er basert på volum. Dette ser ein effektane av i dagens koronasituasjon, der kostnadene ved kontanthandtering er dei same sjølv om det ikkje er betaling med kontantar akkurat no. I mobilappen er volumet òg kraftig redusert, men det same gjeld kostnadene knytt til salskanalen.

### Felles løysingar for alle kundane i fylket

I PS3/2020 (Fylkesutvalet) vart det lagt fram at ein mellom anna vil arbeida for å ha integrerte og felles løysingar for kundane. Eit ledd i dette arbeidet vert å harmonisera salskanalar og betalingsmåtar, slik at kjøpsopplevinga vert lik for kundane på same transportmiddel, uavhengig av kvar i fylket ein er. Ein har i det pågåande arbeidet difor sett på kva slags forskjellar det er i tilgjengelege kanalar og betalingsmåtar for kundane i Vestland. Mykje er allereie felles, men det er nokre hovudforskjellar. Til dømes gjeld dette den populære salskanalen SkyssBillett (mobilapp), og at det i liten grad er mogleg å nytta bankkort som betalingsmiddel på bussane i kontraktsonråda i Hordaland. Skyss/Kringom ønskjer difor å utvida betaling med bankkort (kontaktlaus bankkort) til å gjelde heile Vestland fylke, ikkje berre Sogn og Fjordane. Tilsvarende arbeidar ein for å tilby mobilappen i heile fylket, ikkje berre i Hordaland.

Vidare arbeider ein òg med modernisering og effektivisering. Ein del av dette er å ta del i nasjonale løysingar, som til dømes Entur si løysing for sjølvbetjening og ein felles nasjonal løysing som gjer det mogleg å kontrollera billettar andre har seld. Eit døme på behovet for dette, er samarbeidet med Vy og Jernbanedirektoratet om at Skyss/Kringom sine periodebillettar vil vere gyldig på toget heilt til Voss, det same gjeld mellom anna enkeltbillettar mellom Bergen og Arna. Den nasjonale løysinga gjer gode moglegheiter for vidareutvikling av både utsalsstader (til dømes hotell og andre reiselivsverksemdar), produkt og samarbeid med andre aktørar. Å ta del i utviklinga av nasjonale løysingar gjer òg at ein ikkje lyt bera heile kosten og risikoen sjølv. I Entur si løysing er det ikkje støtte for det som vert kalla reise pengar i Hordaland, og verdikort i Sogn og Fjordane. Dette er løysingar som gjer at kundane betalar inn ein sum pengar på førehand til ein konto som Skyss/Kringom har ansvar for. Når ein kjøper billettar vert betaling trekt frå denne kontoen. I praksis vert Skyss/Kringom ein bank, og det er ein betydeleg jobb med både sikkerheit knytt til korta og administrasjon av pengane og løysinga.

I eit moderniserings- og effektiviseringsperspektiv er det fleire argument som talar for at reise pengar/verdikort bør fasast ut. Nyten for kundane er overlappande mellom betalingskort og reise pengar/verdikort. Sidan bankkort er noko dei fleste kundane allereie har, slepp ein òg administrasjon knytt til produksjon og distribusjon av sjølve korta, og arbeid knytt til sikkerheit. Reise pengar og verdikort krev og større kontanttransaksjonar mellom sjåfør og den reisande, noko ein av fleire grunnar ønskjer å unngå. Mellom anna kan ein redusera tid på haldeplassen, det vert mindre risiko for ran, og ein unngår kontantar som mogleg smittekjelde. Effektivitetsperspektivet tilseier difor at sjølv om betalingsmåten framleis er nytta av nokre kundegrupper, så er kostnadane per transaksjon store, og i stor grad kan dei reisande som i dag nyttar reise pengar/verdikort nytta andre betalingsmåtar.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet har samordningsansvaret for planlegging og økonomiforvaltning.

Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Arbeidet med salskanalar påverkar ikkje inntektene direkte, men vil vere med på å kunne redusera driftsutgifter på sikt

**Klima:** Ikkje relevant

**Folkehelse:** Ikkje relevant

**Regional planstrategi:** Ikkje relevant

### **Trender og fakta; kvar går utviklinga nasjonalt og internasjonalt**

#### **Kva slags trendar ser ein**

Både i Handlingsprogram 2020-2023 og i Kollektivstrategi for Hordaland fram mot 2030 vert det framheva at det er viktig med enkle og framtidsretta måtar å betale for kollektivreisene. Som ein del av dette arbeidet ser Skyss/Kringom på kva andre kollektivselskap gjer, både nasjonalt og internasjonalt. Her er det ein tydeleg trend i retning av kontaktlaus bankkort. London var tidleg ute her, og ein har passert ein imponerende milepåle med 3 milliardar reiser som er betalt med kontaktlaus bankkort. Både her og hjå andre vert det trekt fram at nøkkelen til suksess ligg i at det er ei betalingsform som er rask, sikker og kundevennleg. Samstundes er adopsjonen av bankkort som betalingsmiddel nær universell, og dekkjer alle kundegrupper. Ein annan fordel som vert trekt fram er at tilreisande kan nytta kort dei allereie har.

Internasjonalt ser ein òg konturane av at reise- og kjøpsmønstra er i ferd med å endre seg. Etter kvart som tradisjonell pendling til og frå arbeidsplassen er i endring og bruk av heimekontor aukar, endrar òg produkttilbodet seg. Fleire og fleire store kollektivselskap ser ein nedgang i talet på

selde periodebilletter, og ei auke i etterspurnaden på meir fleksible løysingar. Eit populært konsept her er sin sokalla «Pay as you go» (PAYG) tilnærming. I praksis vert kundane her belasta ut frå ein dynamisk modell som gjer at skilnaden mellom einskildbilletter og periodebilletter vert meir fleksibel og kan tilpassast arbeids- og pendlingssituasjonen frå dag til dag. I Norge er ikkje dette komen like langt, men førebels veit ein lite om kva slags påverknad koronasituasjonen vil ha her, og om dette vil vere med på å akselerera utviklinga. I ei PAYG-tilnærming er bankkort klårt vanlegast, og mest utbreidd som betalingsmiddel. Dette tyder ikkje det same som at dette er ei tilnærming ein skal velja på kort sikt. Jamvel vert det viktig å velje løysingar som gjer at ein har fleksibilitet i framtida, og at endringar ikkje vert tid- og kostnadskrevjande dersom det vert aktuelt.

### **Fakta om utviklinga i sal om bord**

I takt med at ein stadig større del av omsetnaden kjem i mobilappen, fell salet om bord. På buss og bane har endringane vore store (båtbilletter vart først ein del av mobilappen i 2020). Målt i talet på selde billetter om bord er det ein nedgang på heile 20 %, eller om lag 800.000 billetter. Ser ein på omsetnad, er nedgangen enda større, heile 45 % av omsetnaden er flytt over i andre kanalar. I sum utgjer dette om lag 110 millionar kroner. I eit kostnadsperspektiv tyder dette at salskanalen sal om bord, er vorten monaleg dyrare per transaksjon, sidan kostnadane i stor grad ikkje vert skalert ned i same takt. Dette gjeld både kontant og reise pengar som betalingsform.

Ser ein på dei ulike kundegruppene, er utviklinga eintydig med unntak av i kategorien honnør. For vaksne, born og andre grupper er det ein sterk nedgang (30-50%). Blant honnørreisande er utviklinga svakt negativ (3 %). Bruken av reise pengar er størst på buss (82 %, etterfylgd av bybane (12 %) og båt (3 %). Når det gjeld billett kategoriar, står honnørreisande for om lag 61 % av billettsalet betalt med reise pengar (av totalen om bord utgjer selde honnørbilletter om lag 34 %).

### **Vegen mot ei felles digital løysing for heile Vestland fylke - løysingar og tidslinje**

#### **Overordna linjer - kvar er vi på veg?**

I RS 37/2020 (Fylkesutvalet) vert det peikt på at det har vore ei rivande utviklinga sidan billettsystemet som no skal bytast ut vart innført. Tydelegast har trenden mot meir sjølvbetente løysingar vore, og her var ein tidleg ute med å lansera mobilbillett som eit framtidsretta, fleksibelt og kostnadseffektivt alternativ til tradisjonell billettering. 80 % av omsetninga i Hordaland går no i slike kanalar, og ein jobbar mot ei implementering av kanalane i heile fylket. Kostnadseffekten av sjølvbetening får ein først når ein har nådd ei kritisk masse. Ein kan da henta ut gevinstar gjennom digitalisering og effektivisering. Ein er no nær ved å nå dette målet. I arbeidet med nye salskanalar og betalingsmåtar, er det difor viktig at ein arbeidar med å sjå og utvikla kanalar og betalingsformar som både er haldbare i ei viss tid frametter. Samstundes må dei støtta opp under konsept som Baas as a service, der operatørane eig infrastrukturen og driftar den), mobilitet og andre initiativ som er med på å digitalisera og effektivisera billettsalet. På den måten sikrar ein at ein no, og i tida frametter, kan henta ut gevinstar og effektar frå dei investeringane ein har gjort, og skal gjere, innanfor området.

Ser ein på utviklinga dei siste åra, samt trendane og kva som vert forespeila frametter, er det særleg to viktige overordna spor. Det eine er utviklinga i retning sjølvbetjening og salskanalar som støttar oppunder mobilitet. Her er ein godt posisjonert allereie, men lyt arbeida med både å lansera mobilappen i heile fylket, samt tilby kostnadseffektive og dynamiske løysingar. Utvikling av mobilappen, og lanseringa av ein nettbasert sjølvbeteningsløysing der ein kan kjøpa både einskildbilletter og periodebilletter, til hausten 2020 (i Hordaland, i 2021 i Sogn og Fjordane) vert viktige grep her. Eit anna viktig spor er framtidsretta betalingsformer som i mindre grad er avhengig av at kollektivselskapa og operatørane har eige infrastruktur og system for forvaltning og handtering av betaling. Ein er på veg i retning av at kontantar spelar ein mindre rolle, og ein ser at i situasjonar som den ein no er inne i, lyt ein finna andre ordningar. Samstundes ser ein at betalingsformer som er avhengig av kontantinnskot (reise pengar/verdikort) vert mindre populære blant mange kundar og ikkje støtter framtidas digitale løysingar.

Kostnadseffektive salskanalar og betalingsmåtar er ein god forvaltning av fellesskapets midlar, og gjer at ein kan bruka meir ressursar på andre område.

#### **Tiltak på veggen mot ei felles digital løysing**

Innføringa av ei felles digital løysing vert trinnvis. I arbeidet med nye digitale løysingar for billettering, vert løysingane først innført i Hordaland. Dette heng dels saman med oppstart av nye busskontraktar her. I tillegg er det ein avhengigheit mot ny takst- og sonestruktur for buss som enda ikkje er på plass i Sogn og Fjordane. Både ny takst- og sonestruktur for Sogn og Fjordane og

nærare detaljar om innføring av ny løysing (både for kundane og for sjåførane/billettørane) i Sogn og Fjordane kjem ein attende til i eigne saker.

Når det gjeld implementering av ny billetteringsløysing først i Hordaland, vert det foreslått nokre endringar i betalingsmåtene om bord. Som et ledd i harmoniseringa mellom Hordaland og Sogn og Fjordane er forslaget at ein innfører bankkort som betalingsmiddel på alle busslinjene i Hordaland (på båt er det allereie mogleg). Med innføringa av bankkort, er det administrasjonen si tilråding at ein som eit ledd i digitaliserings- og effektiviseringsarbeidet samstundes gradvis fasar ut reise pengar som betalingsmiddel i Hordaland (og på sikt verdikort i Sogn og Fjordane).

### **Tidslinje for endringane**

Med oppstarten av nye kontraktar, har ein og eit vindaug for meir effektiv installasjon av nytt utstyr. Skyss/Kringom ønskjer difor å starta utrulling av bankterminalar på bussane i samband med oppstart av dei nye busskontraktane i Bergen Nord (01. oktober 2020) og Bergen Sentrum (01. desember 2020). Vidare vil ein ha ei gradvis utrulling av bankterminalar i dei andre kontraktane i løpet av første kvartal 2021. Dette gjer at ein i løpet av første kvartal 2021 vil kunne nytta bankkort på bussane i heile Vestland, eit viktig steg i harmoniseringa og innføringa av ein felles merkevare og kundeoppleving.

Når ein byter system, vert det ofte ei overgangsperiode der ikkje all funksjonalitet er harmonisert mellom dei to systema. Dette gjer at ein får ein periode med både gamal og ny løysing. Her gjer ein nokre grep for å sørge for minst mogleg innverknad på kundane. Frå 01. oktober 2020 vert det berre mogleg å kjøpa einskildbillett og 24-timarsbillett om bord i Hordaland. Kundane vil difor ikkje oppleve skilnad på produkttilgjengelegheita om bord i Hordaland. Når det gjeld betalingsmåtar, er det her ikkje mogleg å tilby det same om bord i alle områder før ein har rulla ut systemet i alle kontraktsoner.

Forslaget frå Skyss/Kringom at ein vel ein tilnærming om at ein tilbyr noko nytt samstundes som ein fasar ut noko. Forslaget er difor at ein har ein gradvis utfasing av reise pengar etter kvart som ein ruller ut ny løysing. Samstundes fasar ein inn bankkortbetaling. Dette gjev ein viss overgangsperiode, førebels estimert frå oktober 2020 til mars 2021, men her jobbar ein for å komprimera denne. Når det gjeld Bybanen er forslaget å behalde reise pengar som betalingsmiddel fram til ny løysing for billettering på haldeplassane er klar. Konsept og val av løysing knytt til haldeplassane kjem ein attende med i ei eiga sak til hausten.

### **Kostnader ved endringane**

Kostnadane for 2021 for alle kontraktsoner kjem ein attende til som ein del av budsjetthandsaminga i haust. Når det gjeld kostnadane for 2020 vert desse dekkja gjennom årets budsjett.

### **Korleis påverkar endringane ulike grupper - ei vurdering**

Sjølv om ein har fleire billett kategoriar, har ein for praktiske føremål tre store kategoriar. Vaksne, born og honnørreisane. Her har Skyss/Kringom sett på i kva grad desse gruppene påverkast av endringane som no vert foreslått. Ei viktig presisering er at endringane knytt til reise pengar er estimert til å påverka om lag 6 % av kundane. For 88 % av kundane vert det ikkje nokon merkbar negativ endring i betalingsform eller tilbod, og for 6 % (dei som kjøper periodebillett kontant om bord) lyt ein byta salskanal.

### **Born**

Born utgjer ein relativt liten del av dei reisande som løyser billett med reise pengar. Som ein del av selde billett utgjer born om lag 7 %. Til samanlikning utgjer dei 14 % av selde billett i billettappen. Born er ei gruppe som er vanskeleg å sjå under eitt; det er stor skilnad på kva slags betalingsmåtar som er gode alternativ for ein 6-åring, og for ein 17-åring. Grappa er difor utfordrande når det gjeld vurderingar knytt til betalingsmåtar. Grappa er i liten grad ein aktiv brukar av reise pengar, og det vert seld om lag tolv gongar fleire billett til born i appen enn det vert løyst med reise pengar. Tal frå SSB viser at 92 % av born over 9 år har smarttelefon. For mange av desse har ein gode løysingar, både mobilapp knytt til foreldra sine betalingskort, men og sjølvbeteningsløysinga vil vere gode alternativ. Om bord på buss og båt kan ein løyse billett hjå sjåfør, og for reisande med Bybanen har ein moglegheit til å kjøpa billett på haldeplassen. I grappa 6-8 år har ein mindre del tilgang på bankkort og/eller smarttelefon, men delen av desse borna som reiser åleine på buss eller bane er ikkje veldig høg. For desse vil kontant betaling, eller

sjølvbeteningsløysinga vere alternativ. Skyss/Kringom si vurdering er difor at gruppa har gode alternativ, sjølv ved utfasing av reise pengar.

### **Vaksne**

Vaksne utgjer om lag 32 % selde billetter blant dei som brukar reise pengar. Til samanlikning utgjer dei 68 % av selde billetter i mobilappen. Som gruppe har vaksne i snitt opp mot 95-99% tilgang på smarttelefon, og kan nytta app dersom ein vil. For mange vil òg sjølvbeteningsløysinga vere eit alternativ, særleg dei som ønskjer å reise anonymt. Bankkort er og noko meir eller mindre alle i denne gruppa har tilgang på. Skyss/Kringom si vurdering er at vaksne (og i vidare betydning studentar og militær) har gode alternativ.

### **Honnørreisande**

Honnørreisande utgjer om lag 61 % av selde billetter blant dei som brukar reise pengar. Til samanlikning utgjer dei om lag 12 % av selde billetter i appen. Ser ein på talet på selde billetter, så sel ein fleire einskildbilletter på mobilappen (om lag 1,1 millionar billetter) til gruppa, enn via reise pengar (om lag 930.000 billetter). Som med born, er honnør ei samansett gruppe. Både i alder, men i tillegg omfattar honnørreisande ikkje berre menneske i visse aldersgrupper. Reisande som har uførepensjon etter lov om folketrygd og blinde, er òg ein del av gruppa. Skyss/Kringom fører ikkje statistikk over kor stor del av gruppa desse gruppene utgjer. For reisande i dei ulike aldersklassane, vil bankkort stort sett være eit godt alternativ for alle. Kontantbetaling vil òg vere ei løysing. For mange i gruppa tilseier både tal frå SSB kring bruk av smarttelefon (74 % i aldersgruppa 65-74 år, fallande til 47 % i gruppa 75-79), og salstala frå mobilappen at denne kan vere eit godt alternativ for mange. For blinde kan mobilappen vera eit godt alternativ, mellom anna med bakgrunn i støtte for tekst til tale i appen. For andre reisande vil sjølvbeteningsløysinga vere eit alternativ, og kundesenteret til Skyss/Kringom vil kunne hjelpe nokre her. Sett under eit er Skyss/Kringom si vurdering at honnørreisande òg har gode alternativ sjølv om ein fasar ut reise pengar.

### **Oppsummering og tilråding**

I RS 37/2020 (Fylkesutvalet), og i denne saka, har ein understreka at arbeidet er ein del av ei heilskapleg tilnærming til ei felles digital løysing for heile Vestland. Nokre stikkord har mellom anna vore forenkling, fleksibilitet, moglegheit til raskare endringar og fokus på å modernisera og effektivisera løysingane og prosessane.

### **Forenkling, modernisering og effektivisering**

Forenkling betyr mellom anna at dei løysingane ein har, skal vere så enkle og rimelege som mogleg i bruk og i drift. Samstundes kan forenkling og vera at ein tek vekk nokre salskanalar og betalingsmåtar. Dette ønskjer ein å gjera både fordi det gjer det enklare både for kundane og Skyss/Kringom, samstundes som ein tek ned kostnadene og får ein meir moderne infrastruktur.

### **Fleksibilitet og moglegheit til raskare endringar**

Arbeidet med salskanalane har mange forgreiningar og avhengighetar. Som ein har vore inne på, treff det sjølvstakt kundane, og ein viktig del av arbeidet har vore og kjem til å vere å jobba for å gjera det enklare å velja og reisa kollektivt. I så måte handlar noko av det arbeidet ein gjer med salskanalane å fortsetje arbeidet med å ha informasjons- og salskanalar som er relevante og enkle for kundane. Prinsippa her er mellom anna greidd ut i «Kollektivstrategi for Hordaland - Utvikling fram mot 2030».

### **Heilskapelege løysingar for heile fylket**

Arbeidet ein no gjer vert eit monaleg bidrag til felles løysingar i heile fylket. Mellom anna gjeld dette dei delane som treff kundane, til dømes dei same betalingsmåtene, salskanalane og ein felles takst- og sonestruktur. Samstundes jobbar ein òg med felles løysingar på baksida, slik at ein kan dra nytte av stordriftsfordelar og utvikla løysings- og tenesteproduksjon i Skyss/Kringom i tråd ved dei prinsippa ein jobbar etter. Eigarskapsmodellar og drift av løysingane vart omtala i RS 23/2020, og felles løysingar er eit viktig steg her. Både drift av løysingane og systema, men og den fysiske drifta av utstyret som er ute i eit stort fylke. Smidige og framtidretta løysingar for eigarskap og drift kan ha store innsparingsmoglegheiter her.

### **Fylkesrådmannen si tilråding**

Løysingane som skal implementerast i løpet av hausten og neste år er eit resultat av eit lengre arbeid. Arbeidet har vore både teknisk komplekst, samstundes som ein har svært mange

avhengigheiter både til takst- og soner, kontraktsoppstartar og ei fylkessamanslåing. I tillegg påverkar koronasituasjonen både arbeidsforma og kapasiteten både internt og eksternt hjå leverandørane. Leveransetida på både bussar og anna utstyr vert òg påverka.

Sjølv om ein både frå Skyss/Kringom og kundane sin ståstad skulle sett at innføringa var så rask som mogleg, og skjedde samstundes, er det fleire førehald som spelar inn. Det eine er logistikken; berre i Hordaland har ein over 850 bussar, der om lag 600 av dei får nytt utstyr medan dei er i drift. I tillegg kjem andre aspekt som opplæring av sjåførar, og kontraktsoppstartar inn.

Fylkesrådmannen tilrår difor at ein følgjer framlegget om ei gradvis, men heilskapleg tilnærming til ei felles digital plattform i Vestland. Av omsyn til ovannemnde, må dette gjerast trinnvis og på ein måte som både tek omsyn til kundane og deira oppleving, samstundes som ein arbeidar for kostnadseffektive løysingar og ut frå kapasiteten hjå Skyss/Kringom og operatørane. Det er òg fylkesrådmannen si tilråding at ein ved innføringa av ny løysing i Hordaland startar harmonisering av salskanalar og betalingsmåtar, og at ein fortset denne harmoniseringa etter kvart som løysinga vert rulla ut i både resten av Hordaland, og i 2021 i Sogn og Fjordane. I denne saka er forslaget å fasa ut reise pengar/verdikort, og fasa inn kontaktklause bankkort i heile fylket.

---

Saksnr: 2020/51982-1  
Saksbehandlar: Anne-Lene Normann, Else-  
Marie Brobakke Aarø

---

### Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet	142/20	18.06.2020

### Folkehelseforum Vestland - ny plattform for samarbeid om folkehelsearbeidet

Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune opprettar *Folkehelseforum Vestland* for å styrke strategisk og heilskapleg satsing på folkehelse.
2. *Folkehelseforum Vestland* skal styrke avtalebasert samarbeid og samordning - mellom fylkeskommunen, kommunane, FoU-miljøa og andre relevante samarbeidspartar.
3. Mandatet for arbeidet i *Folkehelseforum Vestland* ligg som arbeidsplattform.

### Samandrag

Etablering av Folkehelseforum Vestland skal bidra til å styrke den strategiske og heilskaplege folkehelsesatsinga i fylket. Folkehelseforumet skal styrke pådrivar- og utviklarrolla fylkeskommunen har etter folkehelselova, samt støtte krava til samordningsorgan i program for folkehelsearbeid i kommunane. Forumet skal vere ein møteplass for samarbeidspartane i folkehelsearbeidet i Vestland gjennom utvikling av forpliktande partnerskap. Etableringa skal styrke samhandling og samordning - mellom fylkeskommunen, kommunane og FoU-miljø og andre relevante aktørar - om kunnskapsutvikling og tiltaksutvikling. Det er tenkt 22-24 medlemar. Arbeidet skal leiast av Vestland fylkeskommune. Mandat for arbeidet ligg ved saka. Det skal utviklast system for evaluering.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Paal Fosdal  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg.  
Forslag til mandat Folkehelseforum Vestland

## Saksutgreiing

### *Bakgrunn for saka*

Samfunnsmandatet til Vestland fylkeskommune i folkehelsearbeidet skal bidra til å sikre best mogelege levekår og livskvalitet for innbyggjarane. Fylkeskommunen skal støtte opp under folkehelsearbeidet i kommunane og vere pådrivar for og samordne folkehelsearbeidet i fylket. Vestland fylkeskommune har forplikta seg til utvikling av program for folkehelsearbeid i kommunane (folkehelseprogrammet) til 2027. Etablerte samarbeidsorgan i tidlegare Sogn og Fjordane og Hordaland blei avvikla hausten 2019 med mål om reetablering i Vestland. Samarbeidet med kommunar, FoU-miljø og andre er pågåande. Føringsane frå Helsedirektoratet i folkehelseprogrammet set krav til organisering, ansvarsfordeling og roller. Pågåande samarbeid knytt til kunnskapsutvikling og utvikling av folkehelseiltak med evaluering er tenkt som langsiktig innsats. Helsedirektoratet stiller krav om brei deltaking frå ulike samfunnsaktørar. SINTEF som evaluerte samarbeidsorgana sin funksjon i folkehelseprogrammet i 2019 legg vekt på organa som gode verkemiddel, for å bygge relasjonar og nettverk mellom ulike aktørar i regionen/fylket. Vestland fylke har til no ikkje eit formalisert nettverksamarbeid med kommunar og samarbeidsaktørar, med føremål felles innsats i det breie folkehelsearbeidet.

### *Vedtakskompetanse*

Fylkesutvalet har vedtakskompetanse, sjå Reglement for fylkesutvalet pkt. 2.1.3.

### *Vurderingar og verknader*

**Økonomi:** Innanfor fylkeskommunen sitt budsjett.

**Klima:** Relevans for klima og miljøarbeidet vil avhenge av satsingar og prioriteringar.

**Folkehelse:** Styrke arbeid med samordning og innspel til prioriteringar i folkehelsearbeidet.

**Regional planstrategi:** Fleire relevante samarbeidsflater. Folkehelseforum Vestland vil vere ein samarbeidsressurs rundt relevante satsingar.

### *Namn*

*Folkehelseforum Vestland.* Vestland fylkeskommune rår til at *Folkehelseforum Vestland* vert nytta som namn. Dette i tråd med andre eksterne organ i vårt fylke. Helsedirektoratet har i sine dokument nytta samarbeidsorgan, men dette er ikkje bindande namn så lenge intensjonen er teke i vare.

### *Samfunnsoppdraget til Vestland fylkeskommune*

Fylkeskommunen sin rolle som samfunnsutviklar, i samarbeid med andre aktørar innanfor folkehelsefeltet, er under utvikling. Folkehelsearbeidet i Vestland skal bidra til å løyse komplekse samfunnsutfordringar. I følgje forskning er det heilskaplege og tversgåande folkehelsearbeidet, som eige kunnskapsbasert arbeids- og politikkområde, framleis i ein etablering- og utviklingsfase, både i kommunane og i fylkeskommunane. God forankring av folkehelsearbeidet er viktig for å sikre fundamentet som politikk og handling må bygge på. Det er signal frå Helsedepartementet om at folkehelselova skal reviderast og at ein vurderer større ansvar for utviklingsoppgåver til fylkeskommunen. Det er også formidla at det kan tenkast at regionale samarbeidsorgan, som Folkehelseforum Vestland, kan få nye oppgåver. Det er tilrådd frå nasjonale mynde å bygge langvarige samarbeidsformer for folkehelsearbeidet i fylka. Oppretting av Folkehelseforum Vestland inneber ein avtalebasert nettverksstyringsmodell for å sikre samarbeid og innovasjon på alle nivå. Vestland fylkeskommune legg føringsane frå Helsedirektoratet, oppfylling av intensjonane i folkehelselova, kunnskapsgrunnlag og føringsane i regionale planar med handlingsprogram, samt utviklingsplanen for Vestland til grunn for arbeidet. Vestland fylkeskommune er hovudansvarleg for å samordne folkehelsearbeidet i Vestland. Sekretariat og leing for Folkehelseforum Vestland er ved avdeling for Strategisk utvikling og digitalisering.

<sup>1</sup> Program for folkehelsearbeid i kommunane er ei nasjonal satsing for å styrke tiltaksutvikling i kommunane knytt til innsatsområda psykisk helse/livskvalitet og rusførebyggjande arbeid i Vestland fylke.

### *Samarbeidsprinsipp og arbeidsform*

Mandatet for Folkehelseforum Vestland viser kva prinsipp og arbeidsformer som er tenkt lagt til grunn. Viktige moment er; forpliktande samarbeid og forankring i leiinga i den organisasjonen som vert representert; med mål om å bygge partnerskap. Folkehelseforumet skal bygge innsatsen sin på eksisterande oversikt og planar. Dette, samstundes med at innspel frå medlemmane også skal takast i vare. Samarbeidet skal utviklast over tid.

Folkehelseforum Vestland vil få 22-24 medlemmer. Det er tenkt møter minimum to gonger årleg.

Oppbygginga av Folkehelseforum Vestland må vere fleksibel ved at det kan etablerast arbeidsutval/arbeidsgrupper og referansegrupper ved behov. Her kan det bli aktuelt å invitere inn andre ressurspersonar enn medlemmane i forumet.

### *Prinsipp for val av samarbeidspartar*



Vestland fylkeskommune etablerer Folkehelseforum Vestland for å sikre både samhandling med eksterne aktører og samstundes styrke koplinga til fagavdelingane i Vestland fylkeskommune. Oversikt over medlemmar som er tenkt invitert inn i Folkehelseforum

Vestland står i mandatet.

Vestland fylkeskommune vil:

- Sikre representasjon frå heile Vestland fylke (geografisk representasjon).
- Sikre at kommunane er godt representerte og kan påverke samarbeidsområde/satsingar.
- Sikre god deltaking frå sentrale FoU-miljø på folkehelseområdet for langsiktig samarbeid knytt til kompetanseutvikling som tener fylket.
- Auke samhandlinga med relevante statlege aktørar (t.d. NAV og FM).
- Auke samhandlinga med relevante frivillige organisasjonar på regionalt nivå eller andre samarbeidsnettverk for også å fremje involvering/inkludering.
- Styrke barn og unge sine stemmer i folkehelsearbeidet ved ungdomsrepresentasjon frå Vestland ungdomsutval.
- Etablere tett samhandling med fagavdelingar i Vestland gjennom deltaking frå folkehelseringen.

#### *Om utvikling av mandatet – medverknad*

Vestland fylkeskommune har gjennomført samtalar med ressursar i eigen organisasjon og fått tilbakemeldingar frå dei tidlegare samarbeidsorgana i dei to tidlegare fylka. Det er gjennomført møte med KS Vestland knytt til korleis sikre god representasjon frå kommunane. Mandatet har òg vore lagt fram for toppleiargruppa i fylkeskommunen. Innspel og tilrådingar ligg til grunn for utvikling av mandatet.

#### *Evaluering*

I tråd med anbefalingar frå SINTEF skal arbeidet i Folkehelseforum Vestland evaluerast. Dette for å revurdere og justere arbeidsform, samansetting og mandat. Det skal utviklast system for evaluering.

#### *Tidsplan*

Invitasjon er tenkt sendt til medlemmar siste del av juni 2020. Konstituerande møte er sett medio oktober 2020 i tråd med plan for vurdering av nye kommunar i folkehelseprogrammet.

#### *Konklusjon*

Fylkesrådmannen rår til at Folkehelseforum Vestland vert etablert. Dette for å styrke den strategiske og heilskaplege folkehelsesatsinga i Vestland fylke gjennom forankring, nettverk og forpliktande samarbeid. Dette, både med viktige eksterne samarbeidspartar og interne samarbeidspartar i fylkeskommunen. Etablering av Folkehelseforum Vestland svarar til krav frå Helsedirektoratet i høve Program for folkehelsearbeid i kommunane. Mandat, samansetting og leiing av Folkehelseforum Vestland stettar overordna intensjonar frå Helsedirektoratet og Vestland fylkeskommune. Leiing og sekretariat vert ved avdeling for Strategisk utvikling og digitalisering.

## **Forslag til MANDAT FOLKEHELSEFORUM VESTLAND**

Folkehelseforum Vestland er eit forum for samarbeidspartane i folkehelsearbeidet i Vestland fylke for å styrke det strategiske og heilskaplege folkehelsearbeidet.

Føremålet er:

- Styrke avtalebasert samarbeid i Vestland mellom ulike aktørar innanfor folkehelsefeltet.
- Styrke samhandling og samordning - mellom fylkeskommunen, kommunane og FoU-miljø og andre relevante aktørar - om kunnskapsutvikling og tiltaksutvikling med verdi for Vestland.

Samarbeidet gjeld:

### **1. Bidra til tydeligare vegval og retning i folkehelsearbeidet i Vestland fylke**

- Legge utviklingsplan for Vestland og berekraftsmåla til grunn for arbeidet og vere pådrivar for å styrke innsatsen for sosial berekraft, i dette redusere sosiale helseskilnader, som bidrag til folkehelsearbeidet i Vestland.
- Utvikle overordna strategiske føringar for arbeidet og bidra til retningsval for utvikling av tversgåande satsingar/prosjekt i fylket på grunnlag av oppdatert kunnskapsgrunnlag (folkehelseoversikta, fylkeshelseundersøkingar og anna).
- Folkehelseforum har gjeldande utfordringsbilete, handlingsprogram og andre relevante tiltaksområde innan levkår og livskvalitet, som grunnlaget for arbeidet.
- Folkehelseforumet skal bidra i utviklinga av utviklingsplanen i Vestland, handlingsprogram til Regional plan for folkehelse og ev framtidige regionale planar for folkehelse.
- Folkehelseforumet skal bidra til at oversiktsarbeidet (folkehelseoversikta) i Vestland har høg, fagleg kvalitet og at det tek opp relevante problemstillingar.

### **2. Program for folkehelsearbeid i kommunane (barn og unges psykiske helse og livskvalitet, 0-24 år)**

Programmet varer frå 2017 til 2027.

- Folkehelseforum Vestland skal gje fylkeskommunen råd om planlegging, gjennomføring og evaluering av tiltaka i kommunane. Folkehelseforum Vestland gir fylkeskommunen råd om kva prosjektsøknadar som kvalifiserer til å få støtte frå midlane i programmet, samt råd om ramme for tildeling av midlar.
- Folkehelseforum Vestland skal bidra til samordning av programarbeidet. Forumet skal halde seg orientert undervegs i tiltaksperioden om utviklingsarbeidet i dei kommunane som har fått økonomisk støtte.

### **Samarbeidsprinsipp**

- Deltaking i Folkehelseforum Vestland er forpliktande og forankra i leiinga i den respektive organisasjon deltakaren representerer. Folkehelseforum Vestland skal ivareta heilskapen i folkehelsearbeidet.
- Folkehelseforumet bygger sin innsats på eksisterande oversiktsarbeid, planar, innspel frå medlemne og nettverk.
- Folkehelseforumet er ein felles møteplass for erfaringsutveksling og drøfting av strategiar og samarbeidstiltak.
- Om aktørar i Folkehelseforumet, åleine eller i samarbeid med andre, utarbeider analysar eller rapportar og utviklarprosjekt med utgangspunkt i arbeidet til forumet er det naturleg å formidle dette tilbake.

### **Arbeidsform**

- Folkehelseforumet møter minimum to gongar årleg. Møteplanen vert laga årleg i desember.
- Det skal sikrast gode rutinar for kommunikasjon og informasjonsflyt mellom aktørane, både internt og eksternt.
- Vestland fylkeskommune har leiarvervet og sekretariatsfunksjonen i Folkehelseforum Vestland.
- Det kan etablerast arbeidsutval (t.d. i folkehelseprogrammet) og arbeidsgrupper/referansegrupper ved behov.

### **Evaluering**

- Arbeidet i Folkehelseforum Vestland skal evaluerast – for å revurdere og justere arbeidsform, samansetjing og mandat. Det skal utviklast system for evaluering med tidspunkt for dette.

### Medlemmar

Det er tenkt inntil 22-24 medlemmar for å sikre brei representasjon. Alle medlemmer skal ha vararepresentant.

Medlemmane med vara vert valde, som hovudregel for 3 år om gangen.

Vestland fylkeskommune inviterer inn organisasjonar som vel eigen representant med vara.

Organisasjonar som er tenkt inviterte til i Folkehelseforum Vestland:

Type organisasjon	Namn	Tal medlemmar
Kommunane	Invitasjon til regionråda <sup>2</sup>	4
	Bergen kommune	1
Statlege aktørar	Fylkesmannen	1
	NAV	1
	Andre etter vurdering	
Statlege kompetansesentra	Regionalt kunnskapssenter for barn og unge (RKBU Vest), Regionalt ressurscenter om vold, traumatisk stress og selvmordsforebygging RTVS Vest), Korus Vest	2
Helseføretak	Under vurdering	1
Høgskular, Universitet og forskingsmiljø	Høgskulen på Vestlandet	1
	Universitet i Bergen v/ Institutt for Helse, miljø og likeverd (Hemil)	1
	FHI	1
Frivillig sektor – store regionale aktører	Røde Kors	1
	Under vurdering	1
Andre organisasjonar	Under vurdering	1
	Sum eksterne	<u>16</u>
Vestland ungdomsutval	Vestland ungdomsutval	2
Vestland fylkeskommune	Folkehelseringen	2
	Fylkesdirektør Strategisk utvikling og digitalisering	1
	Seksjonsleiar Plan, klima og folkehelse	1
	Sum Totalt	<u>22</u>
	Sekretariat	

<sup>1</sup> kan bli justeringar.

<sup>2</sup> etter samråd med KS vil det bli sendt invitasjon til alle regionråda som vel enten medlem eller varamedlem

---

Saknr: 2020/37506-2  
Saksbehandlar: Kenth Rune Teigen Måren

---

## Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	13/20	26.05.2020
Hovudutval for opplæring og kompetanse	31/20	02.06.2020
Fylkesutvalet	143/20	18.06.2020

## Høyringsfråsegn - NOU 2019:25 «Med rett til å mestre»

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet for Vestland fylkeskommune vedtek høyringsfråsegna NOU 2019:25 «Med rett til å mestre», slik ho kjem fram av saksutgreiinga.

### Saksprotokoll 26.05.2020 - yrkesopplæringsnemnda

**Roger Pilskog, LO**, sette på vegner av LO, NHO, YS, UNIO, KS, Virke, medlem frå hovudutval for opplæring og kompetanse, medlem frå hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon, lærlingerepresentant og elevrepresentant fram slikt tilleggssforslag:

«Yrkesopplæringsnemnda stør fylkesrådmannens vurderingar og høyringssvar. Yrkesopplæringsnemnda syner til at elevenes psykiske og sosial helse er viktig for ei god gjennomføring, og at både miljøkoordinatorar og helsesjukepleiarar er viktig i den samanheng.»

### Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Pilskog sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Innstilling til hovudutval for opplæring og kompetanse

Fylkesutvalet for Vestland fylkeskommune vedtek høyringsfråsegna NOU 2019:25 «Med rett til å mestre», slik ho kjem fram av saksutgreiinga.

Yrkesopplæringsnemnda stør fylkesrådmannens vurderingar og høyringssvar.

Yrkesopplæringsnemnda syner til at elevenes psykiske og sosial helse er viktig for ei god gjennomføring, og at både miljøkoordinatorar og helsesjukepleiarar er viktig i den samanheng.

### Saksprotokoll 02.06.2020 - hovudutval for opplæring og kompetanse

**Alexander Fosse Andersen, Sp**, sette på vegner av Sp, A, Sv, KrF, MDG, H, FrP, R og FNB fram slikt tilleggssforslag:

«Fylkesutvalet stør høyringsfråsegna NOU 2019: 25 "Med rett til å mestre", slik ho kjem fram av saksutgreiinga og med desse tilleggga:

1.Fylkesutvalet syner til at elevenes psykiske og sosiale helse er viktig for god gjennomføring. I tillegg til læraren er miljøkoordinatorar og helsesjukepleiarar viktige i denne samanhengen.

2.Fylkesutvalet meiner tilbakeføringstiltak er viktig for god gjennomføring. Institusjonaliserte tilbakeføringstiltak, som til dømes produksjonsskule, treng ei sterk statleg forankring, både når det gjeld lovverk og finansiering.»

### **Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Andersen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

Fylkesutvalet for Vestland fylkeskommune vedtek høyringsfråsegna NOU 2019:25 «Med rett til å mestre», slik ho kjem fram av saksutgreiinga med desse tillegga:

1.Fylkesutvalet syner til at elevanes psykiske og sosiale helse er viktig for god gjennomføring. I tillegg til læraren er miljøkoordinatorar og helsesjukepleiarar viktige i denne samanhengen.

2.Fylkesutvalet meiner tilbakeføringstiltak er viktig for god gjennomføring. Institusjonaliserte tilbakeføringstiltak, som til dømes produksjonsskule, treng ei sterk statleg forankring, både når det gjeld lovverk og finansiering.

### **Samandrag**

I september 2017 sette regjeringa Solberg ned eit utval som skulle vurdere struktur og innhald i vidaregåande opplæring. Utvalet var leia av Ragnhild Lied. Mandatet var å foreslå tiltak som skal hjelpe elevane til å meistre opplæringa slik at dei blir kvalifisert for vidare utdanning, arbeidsliv og aktiv samfunnsdeltaking

Utgreiinga, NOU 2019:25 «Med rett til å mestre» - om struktur og innhald i vidaregåande opplæring vart levert til kunnskaps- og integreringsministeren 17. desember 2019. Kunnskapsdepartementet sende rapporten ut på høyring 21.01.2020 og høyringsfristen er 1 juli 2020.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bekka Skaasheim  
ass. Fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

### **Vedlegg**

1 Høyringssvar frå OKSU frå siste 6 mnd

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

I september 2017 sette regjeringa Solberg ned eit utval som skulle vurdere struktur og innhald i vidaregåande opplæring. Utvalet var leia av Ragnhild Lied. Mandatet var å foreslå tiltak som skal hjelpe elevane til å meistre opplæringa, slik at dei blir kvalifisert for vidare utdanning, arbeidsliv og aktiv samfunnsdeltaking.

Utvalet har tidlegare publisert delutgreiinga NOU 2018: 15. *Kvalifisert, forberedt og motivert – Et kunnskapsgrunnlag om struktur og innhald i vidaregåande opplæring*. Her skildrar utvalet utviklinga av dagens tilbod, organisering og ansvarstilhøve og gjer ei vurdering av styrkar og utfordringar ved dagens vidaregåande opplæring. Her presenterte utvalet kunnskapsgrunnlaget for hovudutgreiinga, og utgreiinga er tilgjengeleg på [regjeringa.no](http://regjeringa.no)

NOU 2019:25 «Med rett til å mestre» - om struktur og innhald i vidaregåande opplæring vart levert til kunnskaps og integreringsministeren 17. desember 2019. Kunnskapsdepartementet sende rapporten ut på høyring 21.01.2020 og høyringsfristen er 1 juli 2020. Komplett oversikt over høyringsnotatet med tilhøyrande underlag kan hentast på [regjeringa.no](http://regjeringa.no). Kunnskapsdepartementet oppmodar særleg kommunar og fylkeskommunar om å sende vidare og summere opp innspel frå eigen sektor.

Samtidig med NOU 2019:25 sende Kunnskapsdepartementet ut ei høyring på NOU 2019: 23 - «ny opplæringslov». I høyringsbrevane ber departementet kommunane og fylkeskommunane om å svare på høyringane kvar for seg. Departementet vil sjå innspela i samanheng i det vidare arbeidet med ei stortingsmelding om vidaregåande opplæring .

Om organisering av innspela skriv departementet i høyringsbrevet at utredninga er delt inn i kapittel etter tema. Kwart kapittel vert avslutta med ei punktvis oppsummering av utvalets framlegg. Framlegga har løypande nummerering. Av praktiske grunner ønsker Kunnskapsdepartementet at høyringsinstansane nyttar denne nummereringa i høyringsuttalen. Departementet understrekar at heile utgreiinga er på høyring, ikkje berre dei punktvis framlegga. Det kan også gjevast innspel av meir generell karakter både til innhaldet i det einskilde kapittel og til utgreiinga i sin heilskap. Fylkesrådmannen har lagt opp til at høyringsdokumentet skal politisk handsamast.

Opplæringssektoren har hatt rapporten på høyring med frist om å kome med innspel seinast 16. april 2020. Innspela frå sektoren er freista innarbeidd i felles høyringsfråsegn frå Vestland fylkeskommune. Innspela frå opplæringskontor er i tillegg lagt ved saka.

Det har ikkje vore gjort djuptgripande endringar i vidaregåande opplæring sidan Reform 94, og elevane møter i all hovudsak det same tilbodet og organiseringa i opplæringa som for 26 år sidan. Fylkeskommunen sitt ansvar for vidaregåande opplæring, og prinsippa for trepartssamarbeidet i fagopplæringa mellom nasjonale myndigheiter, skuleeigar og arbeidsliv har også stort sett vore dei same sidan Reform 94.

### Mandatet til utvalet

Vidaregåande opplæring skal gje elevane ei opplæring som fremjar lærelyst, motivasjon og trivsel. Dei yrkesfaglege utdanningsprogramma skal ruste elevane til å møte arbeidslivet med relevant fag- og yrkeskompetanse, og dei studieførebuande programma skal legge til rette for at elevane har eit godt grunnlag for å starte på høgare utdanning.

På bakgrunn av dette skulle utvalet utarbeide modellar for struktur og innhald for studiespesialiserande, studieførebuande og dei yrkesfaglege utdanningsprogramma. Modellane skal

- ta vare på mangfaldet i elevgruppa
- ta vare på elevane sine behov og interesser
- legge vekt på at opplæringa er relevant for aktiv deltaking i samfunnet, arbeidsliv og høgare utdanning
- vurdere innretninga på studieførebuande utdanningsprogram
- vurdere hovudmodell og ansvarstilhøva i dei yrkesfaglege utdanningsprogramma
- vurdere overgangar mellom yrkesfag og studieførebuande, inkludert påbygging

### Vedtakskompetanse

Jamfør reglement for folkevalde organ og delegering i Vestland fylkeskommune er det fylkesutvalet som kan vedta ei fråsegn på vegne av fylkeskommunen (pkt. 6. Reglement for folkevalde organ og delegering).

## Vurderingar og verknader

### Generelle vurdering

Fylkesrådmannen meiner at rapporten viser eit grundig arbeid der alle vurderingane er gjennomarbeidd med bakgrunn i mandatet, og i lys av at alle elevar og lærlingar skal oppleve meistring. Mandatet framhevar lærelyst og motivasjon, og speglar verdisynet i overordna del.

### Kapittel 2 Føringar for det vidare arbeidet

Kapitelet skildrar kva utviklingstrekk utvalet meiner er viktige for utforminga av framtidens vidaregåande opplæring, og kva forventningar utvalet ønskjer skal prege framtidens vidaregåande opplæring.

#### *Fylkesrådmannen sine vurderingar*

Eit hovudmål i rapporten er å kvalifisere elevane til å møte arbeidslivet og vidare studiar med relevant kompetanse. Vidare støttar fylkesrådmannen utvalet sitt framlegg om at vidaregåande opplæring må ta ansvar for å oppdatere kompetanse, og rekvalifisere vaksne med tanke på framtidens arbeidsliv. Det er naudsynt å utarbeide sentrale retningslinjer som avklarar kven som skal omfattast av retten til rekvalifisering, for å unngå ulik praksis.

### Kapittel 3 Sluttkompetanse, om å være kvalifisert og drøfting av endringar i tilbod og regelverk

Utvalet har lagt til grunn for sitt arbeid at fleire skal gjennomføre. Samtidig skal sluttkompetansen den einkilde oppnår, halde høgast mogleg kvalitet. Kapitelet skildrar kva strukturelle endringar som er naudsynte, kvaliteten på sluttkompetansen og kva det betyr å være kvalifisert. Kapitelet tar opp kva endringar som bør gjerast med retten til vidaregåande opplæring, og gjennomgår omgrepet grunnkompetanse og utfordringane med denne forma for sluttkompetanse.

#### *Fylkesrådmannen sine vurderingar*

Fylkesrådmannen støttar hovudframlegga om to klart definerte sluttkompetansar med høg kvalitet, og ei opplæring som kvalifiserer og er tilpassa eleven og lærlingen sin faglege ståstad. Det er eit viktig signal at dei som har oppnådd kompetanse på lågare nivå, skal behalde retten til å fullføre med studie- eller yrkeskompetanse. I denne samanhengen vil delkompetanse bli innarbeidd som ein del av kvalifiseringa, og grunnkompetanse bli sluttkompetanse. Omgrepa må ha eit innhald og ein verdi også i arbeids- og næringsliv.

Fylkesrådmannen støttar framlegget om rett til å fullføre vidaregåande opplæring med studiekompetanse eller full yrkeskompetanse. Likevel kan det vere nødvendig å ha tydelege føringar på eleven sin rett til å fullføre og eleven si plikt til å delta og yte sitt beste.

Fylkesrådmannen støttar framlegget om innføringsfag sidan opplæringslovutvalet ikkje stiller krav om bestått grunnskule for å starte på vidaregåande opplæring. Det er likevel grunn til å peike på at det trengs avklaringar på kva kriterium som skal gjelde for om ein elev skal ta innføringsfag eller ikkje. Fylkesrådmannen ser også utfordringar med organisering av tilbodet, særleg på mindre skular der ein truleg ikkje har elevgrunnlag til å etablere eigne innføringsklassar i kvart fag.

### Kapittel 4 Faga og organiseringa av opplæringa

Kapitelet tek utgangspunkt i at det er sluttkompetansen som skal være utgangspunktet for dei to hovudløpa i opplæringa. Vidare at opplæringa skal ta utgangspunkt i at elevane skal ha eit tilbod som gjer dei kvalifiserte til å kunne fullføre med ein sluttkompetanse. Kapitelet foreslår kva endringar som bør gjerast i innretninga på faga, og organiseringa av opplæringa. Kapitelet går gjennom gjeldande vurderings- og dokumentasjonsordningar, og gjer framlegg om endringar i desse.

#### *Fylkesrådmannen sine vurderingar*

Fylkesrådmannen støttar utvalet sine framlegg. Det er særst positivt at fellesfaga får sterkare relevans og programretting mot sluttkompetansen. Vidare er det gjort gode vurderingar omkring modulindeling, og rett til sluttvurdering for kvar termin for fag som går over fleire år. Likeins er det å tenkje skuleåret i terminar og opne opp for større fleksibilitet rundt gjennomføring av opplæringa, noko fylkesrådmannen meiner vil fremje motivasjon.

### Kapittel 5 Det studieførebuande utdanningsløpet

Kapitelet går gjennom krava til å være studieførebudd og gjer framlegg om endringar i både struktur og innhald for at kvaliteten på studiekompetanse skal bli best mogleg.

### *Fylkesrådmannen sine vurderingar*

Fylkesrådmannen støttar framlegga og er særst positiv til at trekkordninga vert teken vekk, og at ein vil vurdere nye kompetansebaserte eksamensformer. Å vurdere nye utdanningsprogram i tråd med framtidens kompetansebehov ser fylkesrådmannen som naudsynt.

### Kapittel 6 Dei yrkesfaglege utdanningsløpa

Kapitelet skildrar utvalet si vurdering av behovet for endringar i yrkesfaga med mål om at fleire skal gjennomføre opplæringa med ein yrkeskompetanse av høg kvalitet. I dette kapitelet ser utvalet på kva konsekvensar utvalet sine framlegg i kapittel 2, 3 og 4 har for yrkesfaga.

### *Fylkesrådmannen sine vurderingar*

Fylkesrådmannen meiner at den yrkesfaglege opplæringa framleis skal ha ei tett kopling til arbeids- og næringslivet, for å gje elevane relevant fag- og yrkeskompetanse. Fylkesrådmannen støttar framlegget om større variasjon i opplæringsmodellane, og at modellane må bygge på arbeidslivet sitt behov, og faget sin eigenart. Det er rett å sjå yrkesfagopplæringa i eit heilskapleg perspektiv, særleg med tanke på overgangen frå vg2 til lære. Fylkesrådmannen er derfor særst positiv til at det må settast av personalressursar som skal følgje eleven over i læretida. Eit tettare samarbeid med næringslivet, t.d gjennom opsjonsavtaler, kan vere gunstig for å balansere tilbod og etterspørsel av lærlingar. Praksisbrevordninga bør fjernast fordi andre læreløp dekkjer behovet til denne gruppa av ungdommar.

### Kapittel 7 Omval og moglegheiter for vidare utdanning

Kapitelet går gjennom kva konsekvensar framlegga har for elevane sine moglegheiter når det gjeld å krysse mellom dei to hovudløpa, og kva moglegheiter som finns for vidare yrkesfagleg karriere etter vidaregåande opplæring.

### *Fylkesrådmannen sine vurderingar*

Fylkesrådmannen støttar å auke kravet til generell studiekompetanse, men har merknad knytt til krav om to framandspråk. For elevar på påbygg har det gått lang tid sidan dei har hatt eit framandspråk i ungdomsskulen og mange har ikkje anna framandspråk enn engelsk. Å lære eit nytt språk er tidkrevjande, og sjølv om tidsramma på påbygg vert auka til 1 ½ - 2 år, vil det ikkje vere tilstrekkeleg for mange elevar.

Fylkesrådmannen støtter at retten til påbygg etter vg2 vert fjerna, dersom tilbudsstrukturen på studieførebuande også vil dekke t.d helse- og oppvekstfag, som eit treårig studieførebuande løp. Det er viktig å understreke, slik utvalet gjer, at det også må vere eit parallelt yrkesfagleg løp mot ei fagutdanning.

### Kapittel 8 Vaksne i vidaregåande opplæring

Kapitelet tek føre seg vaksne sitt behov for opplæring på vidaregåande nivå, og kva som kan gjerast for at fleire vaksne skal ta vidaregåande opplæring. Kapitelet ser også på om politikkområdet i større grad kan samordnast.

### *Fylkesrådmannen sine vurderingar*

Fylkesrådmannen meiner det er riktig at unge og vaksne skal følgje same utdanningsløp og støttar framlegga om å styrke vaksne sin rett til vidaregåande opplæring, men det er behov for sentrale føringar for kva denne retten skal innebere.

Fylkesrådmannen støttar framlegget om rekvalifisering, men vil presisera at retten til rekvalifisering må sjåast i samheng med behova i arbeids- og næringsliv. I dette arbeidet er NAV ein viktig samhandlingspart. Vidare støttar fylkesrådmannen at fylkeskommunen får eit større ansvar for vaksne med behov for å kombinerer grunnskule og vidaregåande opplæring.

Fylkesrådmannen meiner realkompetansevurdering ikkje bør vere obligatorisk sidan slik vurdering ikkje alltid er føremålstenleg for kandidaten.

### Kapittel 9: Styring, roller og ansvar i vidaregåande opplæring

Kapitelet tek føre seg styring, ansvar og roller mellom sentrale utdanningsmyndigheiter, fylkeskommunen og andre sentrale aktørar.

### *Fylkesrådmannen sine vurderingar*

Fylkesrådmannen er einig i at fylkeskommunen si rolle og ansvar med å sikre kvalitet på opplæringa må forsterkast, men i i samsvar med utvalet sine vurderingar, ser fylkesrådmannen behovet for formalisert kompetanse i ulike funksjonar i vidaregåande opplæring.



Fylkesrådmannen støttar framlegget om å endre oppfølgingstenesta sitt ansvar og ansvarsområde om å jobbe førebyggjande, men ser at dette krev auka ressursar. Skal oppfølgingstenesta arbeide mot grunnskule og kommune, må fylkeskommunen få eit tydelegare mandat i lov og regelverk. Behova for oppfølging hos vaksne og ungdom som kjem ut frå ungdomsskulen, er ulikt. Det kan derfor vere føremålstenleg å ha ei todelt oppfølgingsteneste, ei for vaksne og ei for ungdom. Oppfølgingstenesta for vaksne bør ikkje gå utover tilbodet til aldersgruppa 16 - 21 år. Oppfølgingstenesta for vaksne bør utgreiast nærare, både når det gjeld omfang og ansvarsdeling mot NAV.

Opplæringskontora si rolle er heilt sentral i den norske lærlingordninga med omsyn til å sikre lærlingane ei god opplæring, rekruttere nye lærlingar, synleggjere faga og støtte bedriftene. Fylkesrådmannen støttar ein gjennomgang og ei tydeleggjering av opplæringskontora si rolle for å ivareta og vidareutvikle samarbeidsformer med arbeid- og næringsliv.

Fylkesrådmannen støttar framlegget med å forsterke Y-nemnda sitt arbeid med dimensjonering og at nemnda skal ha innstillingsrett om dimensjonering. Y-nemndene må vere eit organ og ein pådrivar for å sikre kvalitet og ivareta næringslivet sine behov for arbeidskraft.

Fylkesrådmannen støttar at kompetansekrava vert utvida, og meiner at ein i større grad vektlegg styrking av den pedagogiske, spesialpedagogiske og didaktiske kompetansen i tillegg til kompetanse innan fag.

Fylkesrådmannen støttar framlegga om at det utviklast nettverk og faste strukturar for evidensbasert kunnskapsoverføring og -utvikling

#### **Økonomi:**

Endringane som utvalet foreslår, vil få økonomiske konsekvensar. For å drive vidaregåande opplæring i tråd med framlegga i NOU 2019:25 153 - «Med rett til å mestre», må statlege overføringer til fylkeskommunane aukast.

**Folkehelse/klima og regional planstrategi:** Kunnskap og kompetanse er reiskapar for å kjempe mot og handtere dei utfordringane FN sine bærekraftsmål peikar på. I oppdraget til den vidaregåande opplæringa og ny overordna del av læreplanverket står det at ungdommen skal: forstå grunnleggjande dilemma og utviklingstrekk i samfunnet, og korleis verne om livet på jorda og å ta vare på behova til menneske som lever i dag, utan å øydelegge framtidige generasjonar sine høve til å dekke sine behov.

Fylkesrådmannen ser at oppdraget og målsettinga til vidaregåande opplæring har ei avgjerande rolle for å imøtekomme utfordringane som ligg i behovet for arbeidskraft, og å utrydde fattigdom, kjempe mot ulikskap og stoppe klimaendringane.

Høg yrkesdeltaking er naudsynt for å oppretthalde og finansiere velferdsordningane i Norge. For det einskilde menneske er arbeid viktig for å vere økonomisk sjølvstendig, ha personleg utvikling og ein sosial arena.

#### **Konklusjon**

Videregående opplæring skal danne og utdanne, den skal inkludere, inspirere, motivere og kvalifisere. Vurderingane og framlegga i NOU 2019:25 153 - «Med rett til å mestre» peikar alle i retning av at eleven og lærlingen skal gjennomføre og lukkast i opplæringa.

Fylkesrådmannen føreset at dei økonomiske konsekvensane av framlegga, blir kompensert ved auka overføringar til fylkeskommunen.

# Opplæringskontoras samarbeidsutval OKSU

Høyringsinnspel til Vestland fylkeskommune

Dato 21.04.2020


Frå: OKSU – Opplæringskontora sitt samarbeidsutval i Vestland

**Sendinga inneheld desse høyringsvara:**

1. Høyringsnotat OKSU NOU 2019: 23 "Ny opplæringslov"
2. Høyringsnotat OKSU NOU 2019: 25 " Med rett til å meistre "

OKSU

Bjarte Heggheim

  
styreleiar

### Instruktøropplæring

Utvalet seier i NOU 2019: 23, kap. 29, side 319 følgende:

*«Lærlingene må ha rett til å få opplæring av kvalifiserte instruktører, og regelverket bør stille tydeligere krav til at faglige ledere, instruktører og prøvenemndsmedlemmer deltar i opplæringstilbud»*

Kvalitet i instruktøropplæring må styrkast, det er denne gruppa som er tettast på. Forskrift og regelverk bør definere kva som er kvalifisert instruktør.

### Lærekandidatordninga

Utvalet seier i NOU 2019: 23, kap. 29.4, side 321 følgende:

*«For å få bedrifter til å ta imot lærlinger med funksjonsnedsetting er det nødvendig med gode støtteordninger.»*

I framlegg til ny opplæringslov fell omgrepet lærekandidat vekk. Dei som i dag blir kalla lærekandidatar vil ikkje lenger ha lovfesta rett til spesialundervisning, ref. opplæringslova § 4-2. Om ikkje det kjem på plass ei tilsvarande ordning, så vil desse personane bli meir utfordrande å formidle til opplæring i bedrift.

Utan øyremarka midlar til lærekandidatane vil dei få ein endå vanskelegare overgang til arbeidslivet.

Vi les av framlegget at meir skule kan vere ei alternativ løysing for desse personane, men vår erfaring tilseier at dette er eit dårleg alternativ. Vi trur at sjansen for å lukkast er større om dei kjem tidleg ut i arbeidslivet, med ein god plan for opplæringa. Vi vil peike på at erfaring med lærekandidatordninga er svært god i dei fylka som har teke den i bruk fullt ut.

Vi trur at yrkesfagleg fordjuping er særst viktig for denne gruppa med elevar, slik at dei kan finne sine styrker og knyte kontakt med arbeidslivet.

Prosedyre for teikning av opplæringskontrakt:

Vi er ikkje sikre på om dette er relevant for denne høyringsuttalen, men vi ynskjer å peike på at det er vanskeleg for lærebedriftene å teikne opplæringskontrakt med lærekandidatar utan å på førehand kjenne premissane. Behovet for instruktørstøtte må avklarast, og størrelsen på tilskotet må vere klart før opplæringskontrakten blir signert. Det må samtidig klargjerast kva pliktar og rettar som blir stilt til partane.

## Opplæringskontor som lærebedrift

Utvalet foreslår i NOU 2019: 23, kap. 29.5, side 330 følgende:

– at opplæringskontor ikke reguleres i opplæringsloven, og dermed heller ikke kan godkjennes som lærebedrift

Som ein konsekvens av dette forslaget vil opplæringskontora ikkje lenger ha høve til å teikne lærekontraktar på vegne av sine medlemsbedrifter. Og bedrifta vil miste den formelle, faglege og administrative støtta som eit medlemskap gir.

Opplæringskontora må derfor framleis kunne teikne kontaktar og ivareta det juridiske ansvaret.

Medlemsbedriftene er hovudsakleg små og mellomstore verksemder med under 100 tilsette som ønsker assistanse til å vidareutvikle og kvalitetssikre si lærlingordning.

**Forslaget må derfor avvisast slik det no er formulert.**

Medlemsbedrifter registrert i OKSU sine opplæringskontor

Kjelde: [www.vilbli.no](http://www.vilbli.no) eller heimeside til opplæringskontor

2tal Elektro AS	Baarøy Gustav as	BilXtra Nordfjordeid
A til Å Grafisk Design og Media AS	Balsnes Jon (Balsnes Bygg)	Birkeland Entreprenørforetning A/S
Abo Maskin as	Barmen og Lund AS	Bjarne Espe Trevarefabrikk
Agnitio AS	Barstein Partrederiet Ans	Bjerck og Brendø Maskin as
AH-Bygg AS	Berdal Røyr & Sanitær	Bjørgrs Mat as
AKRAFT AS	Berge & Co AS (Florø)	Bjørkhaug Maskin AS
Alexandra Hotel	Berge & Co AS (Førde)	Blanderiet AS
Allbygg Florø AS 5	Berge & Co AS (Måløy)	Blikås Elektro AS
Allmuen as	Berge & Co AS (Sogndal)	Blix Hotell as
Andersen AS	Berge & Co AS (Stryn)	BM Sølvsberg A/S
Andersen og Hofslundsengen Bygg AS	Best Fishing Gear as	Bmo Elektro AS
Anleggsservice as	Best Vik AS	Borlaug og Brosvik Transport A/S
Anleggsgartner Baarøy as	Bil Body AS	Bravida Norge AS
Aquaship Feedtrans as	Bildeler Førde AS	Breivik as
Arild Arntsen AS	Bilfinger Industrial Services avd	Brekke Maskinstasjon
Arne Aarbergsbotten AS	Årdal	Bremanger kommune
Arve Aasen AS	Bilfinger Industrial Services avd.	Brendsdal Bygg AS
Aske - Gatemat & Bryggeri	Høyanger	Brugrand Oskar as
Askvoll kommune	Bilfinger Industrial Services avd.	Bruheim A/S
Atløy Fisk as	Svelgen	Bruland Bygg
Aurland Elektriske AS	Bilhuset Førde AS	Brødrene Aa as
Aurland Energiverk AS	Bilpartner Vest AS	Brødrene Larsen
Aurland kommune	Bilpleiehallen AS	Brødrene Lutentun Ans
Auto 8-8 Forum AS (Florø)	Bilskadesenteret AS	Brødrene Sønnerheim A/S
AutoMarin AS	Biltema avd. Førde	BSL BYGG AS
Avery Dennison NTP	Biltema avd. Sogndal	Byggmeister Tore Hovland AS
B. Stensaker Transport AS	Biltreff AS	Byggmester Aase & Hegrenes AS

Byggmester Folkestad AS  
 Byggmester Gjerland AS  
 Byggmester Hagen Bjørn AS  
 Byggmester Rune Vikøren AS  
 Byggmester Stølsvik AS  
 Byggsenteret Audun Hundere AS  
 Byrkjelo Maskin AS  
 Bødal & Næss Bygg AS  
 Bødal og Næss Bygg as  
 Bøe Arne  
 Båtbygg AS  
 Carfix Vik AS  
 Cargill Florø - EWOS  
 Caverion Norge AS, avd. Eid  
 Caverion Norge AS, avd. Førde  
 Caverion Norge AS, avd. Høyanger  
 Caverion Norge AS, avd. Sogndal  
 Consto SFJ AS  
 Coop Nordvest SA  
 Coop Prix avd Gaupne  
 Coop Vest BA  
 COOP Vest SA avd 406 COOP  
 EXTRA Øvre Årdal  
 COOP Vest SA avd 408 COOP  
 EXTRA Sogndal  
 Daco Mekaniske  
 Dalaker Einar  
 Dale Rør AS  
 Dale Servicesenter AS  
 Digital Etikett AS  
 Domus Manufaktur, Førde  
 Drage O. Entreprenør AS  
 Drage Transport  
 DrageBygg AS  
 Drageset W As, Joker Loen  
 Dvergsdal og Sunde Bygg AS  
 Dvergsdal Ottar as  
 DVI Service AS  
 Døskeland Marine  
 Easy Form as  
 E-CO Energi AS  
 Egge Transport AS  
 Eid Elektro AS  
 Eid Motor AS  
 Eid Servicesenter AS  
 Eid ungdomsskule  
 Eid vidaregåande skule  
 Eikefjord Bygg AS 2  
 Eikefjord Elektro  
 Einemo as  
 Ekornes J E as  
 Elektromontasje AS avd Årdal  
 Elkem avd. Bremanger  
 Elkjøp Fjordane AS (avd. Førde )  
 Ellingsen Elektroservice AS  
 Eltel Networks AS (avd. Førde)  
 Engdal Tommy  
 Entreprenørservice as  
 Erko Seafood as  
 Ervik Havfiske as  
 Espeseth Bygg AS  
 Etne Containerservice as  
 Europris Førde  
 Europris Sogndal  
 Europris Årdal  
 Ewebø Blikkenslagerverksted ANS  
 Tømrrar Trond Falkenstein  
 Fanevik Bygg AS  
 Fanøyvåg as  
 Farsund & Naustheller A/S  
 Farsund Bygg AS  
 Felleskjøpet Agri avd. Florø  
 Ferske Smakar as  
 Ferstad Installasjon AS  
 Firda Billag Buss A/S  
 Firda Bygg AS  
 Firda Elektro AS  
 Firda Sjøfarmer as  
 Fiskebas as  
 Fiskeveg AS  
 Fjaler kommune  
 Fjordane Bioenergi AS  
 Fjordpipe AS  
 Flatabø Transport AS  
 Flataker transport  
 Flatraket Bygg as  
 Flokenes Fiskefarm as  
 Flora Kjøkkenservice Kf  
 Flora vidaregåande skule  
 Florø Bil og Havneservice AS  
 Florø Bilskade AS  
 Florø Bygg AS  
 Florø Entreprenør AS  
 Florø Mur og Betong AS  
 Florø Restaurantdrift as  
 Florø Rør AS  
 Flåm AS  
 Flåm Byggservice as  
 Flåten Maskin AS  
 Flåten Termotransport A/S  
 FMC Technologies avd. Florø  
 Fokus Elektro AS  
 Fokus Infranett AS  
 Fortun Bensinstasjon AS  
 Fosse Maskin og Transport A/S  
 Fotefar Temareiser AS  
 Fredheim Maskin og Betong AS  
 Fredrik Vinsrygg (Vinsrygg VVS AS)  
 Fresvik Produkt AS  
 Fretland Bygg AS  
 Fristad Elektro AS  
 Frydenbø Bilsenter AS (Førde)  
 Frydenbø Bilsenter AS (Sandane)  
 Frydenbø Bilsenter AS (Sogndal)  
 Frydenbø Bilsenter Sogn og Fj.  
 Frøybas as  
 Fs Anlegg as  
 Fuhr Bygg AS  
 Fure Mekaniske AS  
 Fureli L A Maskin as  
 Furevik AS  
 Førde Bilberging AS  
 Førde Bilsalg AS  
 Førde Bilservice AS  
 Førde Blikk og Ventilasjon AS  
 Førde Egil  
 Førde Kranutleige A/S  
 Førde Mekaniske Industri AS  
 Førde Metallprodukt AS  
 Førde Sementvare AS  
 Gardit Lås og Sikkerheit as  
 Gardit Lås og Sikkerhet AS  
 Gas Tech AS  
 Gasta Design og kommunikasjon  
 Gaular Bil AS  
 Gaular Rør  
 Gaupne Bilsenter AS  
 Geir Ove Holen AS  
 Geir Sandal as  
 Gjerløw Maskin og Transport as  
 Global Florø AS  
 Gloppen Hotell as  
 Gloppen Kommunale Kjøkken  
 Gloppen kommune  
 Gravdal Bygg AS  
 Grunnfjell as  
 Grønsberg Bygg AS  
 Grønsberg og Sønner AS  
 GT Bil AS  
 Gulen kommune  
 HAFS Elektro & Rør AS  
 Hafslø Bilsenter AS  
 Hafstad Magne as  
 Hafstad Svein Erik  
 Hagen AS  
 Halliburton avd. Florø  
 Halset entreprenørservice AS  
 Halsør Maskin as  
 Hansen`s Transportservice  
 Harald Kapstad AS  
 Hareid Elektriske Teknisk AS  
 Hatleberg Bil & Maskin AS  
 Hatledal Arvid as  
 Havlandet Forskningslaborator as  
 Havlandet Marin Yngel as  
 Havnen Anlegg as  
 Havstjerna as  
 Havyard Ship Technology AS  
 HBV Betong AS  
 Hellenes AS  
 Hellvik hus Fjordane AS  
 Helse Førde Hf  
 Henden Elektro AS  
 Hermansverk Servicesenter AS  
 Hillestad Jon  
 Hillestad, Leidulf  
 Hjelmset Olav as

HMR Hydeg  
 Hoff & Knutson Transport ANS  
 Holen Installasjon AS  
 Holmedal Elektriske AS  
 Horne Maskin as  
 Hotel Loenfjord as  
 Hovden Senior as  
 HS Bygg AS  
 Htrade AS  
 Husevåg Rør AS  
 H-Vinduet Bauge  
 Hydro Aluminium AS  
 Hydro Aluminium Årdal  
 Hydro Energi Sogn  
 Hydro PM Technology  
 Hyen Fisk as  
 Hyllestad Bygg A/S  
 Hyllestad kommune  
 Høyanger Bil AS  
 Høyanger kommune  
 Høyanger Rørleggerforretning  
 Håvard Orheim AS  
 I O S Tubular Management  
 Impec AS  
 In Via as  
 Indre Sogn Asvo  
 Indre Sogn Bil AS  
 Indresognbil AS  
 Innvik as  
 Instefjord Anlegg AS  
 Intin AS  
 Isovent AS  
 iStand a/s 1  
 IT-Kom  
 Ivar A. Sunde AS  
 Jacel AS  
 Jan`s Bilberging as  
 Janco Bilrep AS  
 Jarstad Rør A/S  
 Jatak Kaupanger  
 Johnny Hafstad Transport AS  
 Jordalen Maskin AS  
 Josvanger Elektro AS  
 Jølster Betongbygg AS  
 Jølster Bil AS  
 Jølster Bygg AS  
 Jørgensen Asle  
 K Strømmen Lakseoppdrett as  
 K.Jansen AS  
 Karstensen E Fiskeoppdrett as  
 Kaupanger bil AS  
 KenVent AS  
 Kiwi Øvre Årdal  
 Kjeilen Hus AS  
 Klausen Industrier Svelgen  
 Kleiven Sogn AS  
 Klima Eksperten AS  
 KMI Kleive Mekaniske &  
 Industriservice  
 Knut Sollid  
 Knutholmen Restaurant og Pub as  
 Kollsete og Liheim Byggteam AS  
 Kollsete Thermotransport AS  
 Kolo Veidekke as  
 Komplet Bygg Vest AS 1  
 Kontorgiganten AS - Kontorspar  
 Kontorpunkt as  
 Kontorsenteret AS  
 Kraftstasjonen Restaurant &  
 Kolonial  
 Kvartalet Møbler AS  
 Kveen AS  
 Kvernevik A/S  
 Kversøy Maskin as  
 Kåre Bøe  
 Kåre Magnar Naustdal  
 Kårstad A/S  
 Lammetun Ferie og Fritid  
 Landøy Fiskeoppdrett as  
 Langedal Bygg  
 Langeteig & Vollidal Byggm.AS  
 Lavik Kro as  
 Leif Lote AS  
 Leikanger Auto as  
 Leirdal Harald  
 Leiv Austrheim AS  
 Lending Båtbyggeri  
 Lending Rederi as  
 Lerum AS  
 Lerum frakt A/S  
 Lidal vedlikehold og service AS  
 Lindvik Malermester AS  
 Liseth Elektro AS  
 Liva Transport as  
 Ljotebø Transport A/S  
 Lokreim Bygg og Betong AS  
 Lokreim Bygg og Betong AS  
 Lund Bjarte  
 Luster Byggservice AS  
 Luster Energiverk AS  
 Luster kommune  
 Luster Mekaniske Industri AS  
 Luster Sparebank  
 Luster Trelastlager AS  
 Luster Trelastlager AS  
 Lux House AS  
 Lærdal Energi AS  
 Lærdal kommune  
 M K Myklebust Entreprenør as  
 Magne Hafstad A/S  
 Magnus Haugsdal Transport AS  
 Magnus Nistad A/S  
 Malargruppa AS  
 Maler Rune Skilbrei  
 Malermester Arne Kalstad AS  
 Mardal Rør AS  
 Maritime Montering AS  
 Marø Havbruk as  
 Maskin En3prenør1 as  
 Mathias Øen Transport AS  
 MECA Norway AS  
 Melcon as  
 Mentro Jobb og Kurscenter as  
 Mesta AS  
 Mesta AS Elektro Sogndal (avd.  
 Elektro )  
 Mesta Drift as - Region Vest  
 Metre AS  
 Midtun og Tveit Byggservice AS  
 Mjømen og Berge Byggeverksemde  
 AS  
 Mo og Øyrane vidaregåande skule  
 Moderne Varme as  
 Mowi Norway as  
 Multivolt AS  
 Myklebust En Tømrar AS  
 Måløy Auto as  
 Måløy Byggservice AS  
 Måløy Container Transport A/S  
 Naustdal Elektro AS  
 Naustdal Transport A/S  
 NBN Elektro AS  
 NBN Naustdal AS  
 NCC Norge AS  
 Nedreberg Maskin og Transport  
 Nedre-Flo Sunde AS  
 Neisa Norway AS  
 Nesbakk Helge Rørlegger  
 Nesbakk S. H. AS  
 Nesseplast A/S  
 New Havyard Ship Technologies AS  
 Nomek as  
 Nor Tekstil avd. Jobbpartner Førde  
 Norblikk AS  
 Nord Solund Fiskeriselskap as  
 Nordbohus Sogn AS 2  
 Norddal Auto AS  
 Nordfjord Elcom AS  
 Nordfjord Elektro AS  
 Nordfjord Entreprenør AS  
 Nordfjord Folkehøgskule Sa  
 Nordfjord Hotell  
 Nordfjord Installasjon AS  
 Nordfjord Kjøtt as  
 Nordfjord Laks as  
 Nordfjord Skifer as  
 Nor-Drikk A/S  
 Nordvestvinduet as  
 Norgeshus Naustdal Bygg AS  
 Nornes Eirik og Odd AS  
 Norsand A/S  
 Norsk Bergsikring AS  
 Norsk Gjenvinning as  
 Norsk Kystkultur Akademi AS  
 Norsk motor import AS  
 Norsk Scania AS (Førde)  
 Norsk Scania AS (Stryn)

NorSun AS	Riko Førde AS	Sogndal kommune
Nortronik	RIKSBYGG AS	Sogndal Mc-senter as
Nortura AS	Rinde Anlegg AS	Sogndal studentbarnehage
Nortura avd. Førde	Roald Øen AS	Sogndal vidaregåande skule
Nortura avd. Sogndal	Rocketfarm	Sognefjord Bygg AS
Norva24 Birkeland AS	Rones Barnehage	Sogneprodukt as
Norva24 Vest AS	R-Profile	Solberg EI-service AS
Nundal Consult AS	Rygg Borgar as	Solbris Senior as
Nygårds Transport AS	Ryland Bygg AS	Solheim Diesel AS
Nyland Maskin AS	Rørlegger R. Nigardsøy AS	Solund kommune
Nyrstar	Rørleggerservice Florø AS	Solund Verft AS
Obs Bygg Førde	Rørleggjar Ingmar Fimreite AS	Spar Hafslø / J H Sterri Eftf AS
OD Bygg AS	Rørleggjarservice AS	Sparebanken Sogn og Fjordane
Olav Hjelmeset A/S	Røyrvik Bygg og Betong AS	Sportshuset AS
Olav O. Hæreid & Sønn as	Røyseth Maskin as	Stad kommune
Olav O. Hæreid AS	Råheim Transport A/S	Stad Kystbygg as
Olav Skoge	S. Kristofersson AS 1	Stadlandet VVS AS
Olden Rør	Safari engros AS	Stadpipe AS
Ole-Helge Solstad A/S	Safeclean	Stadt Servicesenter AS
Olsen Transport AS	Safeport	Starheimsvik AS
OneCo Networks AS (distrikt sørvest Førde)	Saga Fjordbase AS	Staro Tech AS
Opal Entreprenør AS	Sande barnehage	Statkraft Energi AS Gaupne
Opus AS	Sande Geir as	Stein Torald Vonen AS
Origod as	Sande Settefisk as	Steinvik Fiskefarm as
Ornes Båtbyggeri	SAR AS avd Florø	Stjernekjøp Snorre – Cubus avd. Florø
Ortra A/S	Scandic Sunnfjord	Stokkebø Maskin as
Osland Havbruk as	Seime Byggmester AS	Storm På Stad as
Osland Onar Ståle ENK	Seljeset Ola Inge	Strand Bernhard
Ottar Dvergsdal AS	Sentrum Autoservice as	Straume Torleiv as
Ottobas as	SFE Nett AS	Straumsnes Bygg AS 2
Paneda Dab as	Sigurd Solberg AS	Stryn Bedriftsbarnehage as
Parata AS	Simas IKS	Stryn Betong A/S
Pelagia avd. Kalvåg	SITEP	Stryn Betongelement AS
Per A Øren AS	Sjur Gjerløw Byggeneste	Stryn Eiendom Entreprenør AS
Per A Øren Transport A/S	Sjøprodukt as	Stryn Elektro AS
Per Bortheim Transport A/S	Sjøvær Havfiske as	Stryn kommune
Petal	Skadesenteret Riko AS	Stryn Mek. Verksted AS
PGP AS	Skadesenteret Sogn AS	Stryn Pukk AS
Posten Norge AS avd Førde	Skahjem Bygg AS	Stryvo as
Postnord AS avd Skei	Skei Hotel as	Strømsnes Jon AS
Presis Vegdrift as	Skei Servicenter	Stølsvik Byggmester AS
Pretre as	Skipervika Offshore Services	Stårheim Bilverksted as
Printfarm (Skrivargarden AS)	Skogstad Sport as	Stårheim Bygg AS
PS Bil AS	Skår VVS AS	Sumtrans AS
R. Vedvik Maskin as	Skårhaug Taktekk AS	Sunde & Myhren Transport AS
Ramsdal Audun as	Slinde Transport AS	Sunde Auto AS
Ramsdal Maskin AS	Sogn Aqua as	Sunde Jostein Maskinentreprenør as
Rebygg as	Sogn Bil & Båt AS	Sunde Resirk A/S
Reco Bygg og Skadeteknikk AS	Sogn Bilskade AS	Sunde Stein Arne
Recover Nordic AS	Sogn Bygg og Montasje as	Sunnfjord Betong AS
Refvik Bygg	Sogn EI Service AS	Sunnfjord Bil as, Førde
Refvik Bygg	Sogn Elektro AS	Sunnfjord Elektro AS
Reiakvam Antirust AS	Sogn Entreprenør AS	Sunnfjord Industri AS
Reiakvam Rørservice AS	Sogn Jord- og Hagebruksskule	Sunnfjord kommune
Rema 1000 Evja	Sogn og Fjordane Bygg AS	Sunnfjord Miljøverk Iks
Rema 1000 Nordfjordeid	Sogn Røyr AS	Sunnfjord Rør AS
Repco ANS	Sogn Sparebank	Svanøy Havbruk as
Retura Nomil Sandane	Sogn Transportentral SA	
	Sogndal Hotell AS	

Swire Oilfield Services AS	Tømrrarfirma Røys AS	Årdal Blikkenslagerservice AS
Sy og strikkebui Oddveig Alpen	Tømrrarfirma Lågeide & Nesbakk AS	Årdal Byggservice
Sygna Transport A/S	Ullaland Trygve as	Årdal Energi KF
Sæthre Walther & Co AS	Ulvesund Elektro AS	Årdal kommune
Sætren Installasjon AS	UNU AS	Årdal Møte AS
Sætren Sagbruk	Utvik Bygg AS	Årdal Møbel AS
Sætren Sagbruk	Utvik Maskin AS	Årdal Rør og Sanitær AS
Sødermann as	V.Sunde Transport AS	Årdal vidaregåande skule
Sølvberg Bygg AS	Vaardal AS Blikk og Ventilasjon	Årdalsnett AS
Sønnico AS (avd Florø)	Vee Bensin og Bilrekvisita AS	Åsen og Øvrelid AS
Sørsida Sag AS	Veekiosken AS	
T&R Haugen Maskin AS	Veidekke Entreprenør AS - Sogn og	
T. Frivik Taubanedrift AS	Fjordane	
Team Verksted Vest AS (Lærdal)	Veidekke Industri AS, Avd Hyllestad	
Teekay Petrojarl Production	Vemax A/S	
Telekiosken Førde AS	Vendanor as	
Tennebø Sverre Rør AS	Vest Auto AS	
Terdal Bilservice AS	Vest Elektro IKT AS	
Tess Møre avd. Florø	Vest Service AS	
Th. Flåten sand-singel AS	Vestbris Fiskeriselskap as	
Th. Holene A/S	Vesterhav as	
Tharaso AS 1	Vesterland Feriepark DA	
Thor Tenden Transport A/S	Vestland Elektro og Rør AS	
TIDE Sogn	Vestland fylkeskommune	
Timbla AS	Vestlandshus Sogn AS 1	
Tine avd. Byrkjelo	Veststeinen as	
Tine avd. Vik	Victoria Hotell Florø as	
Tistels Auto	Videonor AS	
Tomafisk as	Vik kommune	
Tools AS avd Førde	Vik Kr. A. AS	
Torbas as	Vik Ørsta AS	
Torgrim Larsen Transport AS	Vike Bjørn Ståle AS	
Toyota Nordfjord og Førde AS	Vikøren Bent AS	
(Førde)	Vinsrygg Maskin AS	
Toyota Nordfjord og Førde AS	VM BYGG AS	
(Måløy)	Volda Maskin as Avd. Naustdal	
Toyota Nordfjord og Førde AS	Voll Lunde Maskin as	
(Stryn)	VVS Service Rune Berge AS	
Toyota Sogn AS	VY Buss AS avd Stryn	
TPD Bygg AS	Kinn kommune	
Trademark Auto	Walcon Maritime	
Transferd A/S avd Førde	Wergeland Holding AS	
Transferd A/S avd Sogn	West Industri Service AS	
Transferd A/S avd Stryn	West Maskin AS	
Trappeprodusenten AS	Westmek AS avd. Stadlandet	
Trond M Sogndes as	WIS VVS AS	
Trucknor Firda AS	Yndestad Mekaniske AS	
Trucknor Førde AS	Yri Sand AS	
Trucknor SF AS (Sandane)	Ytre Eide Sport as	
Trucknor SF AS (Stryn)	Ødegård Bygg og Maskin AS	
Trucknor SF AS (Kaupanger)	Økonomiservice AS	
Trucknor SF AS (Årdalstangen)	Øren Hotel as	
Trygve Ullaland AS	Øren Per A. as	
TS Idehus, Terje Sunde AS	Østerbø Maskin AS	
Tussa Nett AS	Østfold Energi AS	
Tysnes Arne As, Rema 1000 Stryn	Øvreberg Installasjonsforretning	
Tømrrar Eikelid	AS	
Tømrrar Kjell Olav Bjørkum AS	Øvrebø Fargehandel AS	
Tømrrar Lars Erik Kjos AS	Åm Sogndes Bygdeservice	



*Kap. 1, «Om utvalgets forslag, mandat, sammensetning og arbeid»*

Med det mandatet som utvalet har fått er det så breitt at ansvarsforholdet vil smuldre vekk. Det burde være ein styrke for opplæringskontora dersom ein får tildelt fleire oppgåver og får betalt for desse.

Det er foreslått at det skal utvidast frå rett til 3 år i vidaregåande opplæring til rett å fullføre mot studie eller yrkeskompetanse dette vil styrke eleven/lærlingens rettigheter. Større moglegheit for omval og fordjuping er ein styrke for eleven/lærlingen, dette gir større valfridom og større moglegheit til å auke gjennomføringsprosenten.

*Kap 2, «Føringer for det vidare arbeidet»*

Vaksne sin rette til vidaregåande opplæring er nødvendig å utvide, det må kunne nyttast moglegheit til realkompetansevurdering som undervegs- og sluttevaluering. Det er viktig med eit offentleg samarbeid for å få til eit godt tilbod her.

*Kap 6, «De yrkesfaglige utdanningsløpene»*

Det må føreligge sentrale retningslinjer for val av opplærings modellar. Dersom dette skal avgjerast lokalt vil det føre til at næringslivet får vanskar med å forholde seg til dette ved tilsetjingar.

Det å yrkesrette fellesfaga har utvalet peika på, og dette er ein viktig del av den yrkesretta opplæringsmodellen. Det vil og vere ein styrke for eleven/lærlingens gjennomføringsgrad.

Yrkesfagleg fordjuping må bli ein tydlegare del av yrkesfag og at det ikkje skal kunne brukast til påbygg til studiekompetanse. Dette er eit viktig punkt i dei framtidige læreplanane.

Dimensjonering av utdanningstilbodet må i framtida styrast av Y-nemnda i samarbeid med det lokale næringsliv. Fylkeskommunen og opplæringskontora/næringslivet må tildelast eit større ansvar for oppfylging av lærlingar/lærekandidatar. Skulane må ikkje tildelast oppgåver der dei skal fylgje lærlingane etter at dei starta i bedriftsopplæring.

*Kap 7, «Omvalg og muligheter for vidare utdanning»*

Påbygging til generell studiekompetanse etter Vg2 fjernast, men retten til påbygg etter Vg3 skal fortsett bestå er bra for fullføringsgraden. Det å styrke moglegheita til yrkesfagleg påbygging frå studieforbereidande til yrkesfag er og ein styrke for rekruttering til næringslivet.

### Kap 8, «Voksne i videregående opplæring»

OKSU meiner at «Fagbrev på jobb» må bli vidareført som obligatorisk for alle fylkeskommunar.

Lærekandidatar må ha øyremerkta ekstratilskot som er kjent ved signering av kontrakt.

Elevar som manglar læreplass må kvalifiserast til læreplass gjennom målretta opplæring i skule eller fylkeskommunale kompetansesenter og i eit samarbeid mellom fylkeskommunen og næringslivet.

### Kap 9, «Styring, roller og ansvar i videregående opplæring»

Krav til fagleg kompetanse i alle ledd og å styrke denne er viktig å forsterke i framtida. Dette må og gjelde kompetanse til dei som har ansvar for karriererettleiing.

«Fylkeskommunene har begrenset innsikt og mulighet til å sikre at opplæringskontorenes arbeid er av god kvalitet». Vi meiner at fylkeskommunen har full innsynsrett i opplæringskontora sin aktivitet slik det er i dag. Men vi er samde med utvalet i at ein må «sikre at deres bidrag går inn i fylkeskommunenenes helhetlige strategi for å utdanne fagarbeidere»

Fagopplæring dekker ikkje elevane og arbeidslivets behov, dette inneberer at det er mykje feil rådgiving i skulesystemet det er og for liten tilgang på elevar noko som vil gje konkurranse mellom ulike utdanningsprogram.